# Klasse og ulikskapen sin legitimitet

## Ein kvantitativ analyse av klassar og haldningar til sosial ulikskap i Noreg.

Thomas Noven Eide

Masteroppgåve

Våren 2013

Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen

# Samandrag

**Problemstillinga** for denne studien er hovudsakleg om det er klasseskilnader i haldningar til sosial ulikskap i Noreg. Studien utforskar først og fremst om haldningane kan forklarast med klassespesifikke interesser og normer, og deretter om haldningane varierer mellom land og er knytt til Noreg sine institusjonar og utviklingstrekk. Dette er ein analytisk tilnærmingsmåte basert på Stefan Svallfors sin politiske sosiologi, der han samanliknar haldningsmønster mellom klassar, og mellom land. Denne studien forsøker å gjenskape nokre av dei same indeksane og modellane til Svallfors (2006, kap. 4), både for å gjennomføre ein norsk studie, og for å samanlikne analysemåtar, argumentasjonsmåtar og resultat. Det blir gjort med utgangspunkt i ein versjon av EGP-skjemaet og surveydata. Studien er spesielt retta mot haldningar til marknadsdistribusjon og synet på sjanselikskap (mobilitet) i arbeidsmarknaden, og i kva grad ein meiner det er konfliktar i samfunnet.

**Analysane** omfattar klasseskilnader i kva som vert oppfatta som rettferdig fordeling av økonomiske godar, og byggjer på spørsmåla sin responsskala og på haldningsindeksar. I arbeidslivet handlar det om kva ein meiner ulike yrker bør tene, kva kriterium (eigenskapar) som skal leggjast vekt på ved lønnsfastsetjing, og i kva grad ein meinar at staten bør omfordele godane mellom fattig og rik. I spørsmålet om sjanselikskap handlar det om kva ein vurderer som viktig for å ”kome seg fram”, og konflikt kan vere mellom ”topp og bunn i samfunnet”. Spørsmålet om private velferdskjøp handlar om kva prinsipp ein meinar bør liggje til grunn for tilgangen til helse- og utdanningstilbod.

**Hovedfunnet** er at klasse har betyding for haldningar til ulikskap i Noreg, der støtte og motstand på haldningsindeksane ofte er klassehierarkiske. Når ein samanliknar resultata, viser derimot *betydinga* av klasse å variere i stor grad mellom *ulike haldningstypar*. Dette funnet støttar validiteten til Svallfors' analytiske utgangspunkt: definisjon av *social attitudes*, som er knytt til konkrete objekt og spørsmål om korleis samfunnet *bør* vere. Normative haldningar, til dømes haldningar til fordelingspolitikk, er sterkare korrelert med yrkesklassar samanlikna med spørsmål om korleis ein opplever og/eller meiner samfunnet *er*, til dømes indeksen for sjanselikskap.

Betydinga av klasse varierer etter kva metodiske kriterium ein legg til grunn. Når eg legg vekt på mellom anna alphatestar, forklart varians og regresjonskoeffisientar, så vert funna mindre klåre på det nasjonale planet, samanlikna med analysar basert på *medianverdiane* til EGP-klassar, med hovudfokus på dei komparative variasjonane i klassemønster.

Klasseskilja i haldningar til sosial ulikskap kom hovudsakleg fram i differansen mellom ufaglærde i manuelle yrke nedst i klassehierarkiet, og tilsette i høgare- og lågare kontrollyrke øvst. At ein aldri oppnådde seks signifikante klasseskilje i modellane, kan tyde på at det er små klasseskilnader i haldningar. På den andre sida kan det skuldast veikskapar i EGP-skjemaet, og spørsmål om både reliabilitet og validitet.

Klasseeffekten på opplevd sjanselikskap og konflikt er svært låg, og ikkje signifikant når ein kontrollerer for andre bakgrunnsvariablar basert på Blau & Duncan sin OED-modell (sjå Hjellbrekke & Korsnes 2006:35-37). Det same gjeld for indeksen privat velferdskjøp. Spesielt utdanning, i hovudsak *lågt* utdanningsnivå, har ein negativ effekt på opplevd sjanselikskap, og er også assosiert med aukande oppleving av konflikt i samfunnet. Betydinga av utdanningsskilje for haldningar og klasse bør avklarast i vidare forsking.

I siste analysedel blir det gjort ei korrelasjonsanalyse av alle haldningsindeksane, der ein til liks med Svallfors (2006:73) sine funn for både USA og Sverige, finn at ufaglærde arbeidarar har ein svak haldningsintegrasjon samanlikna med befolkninga elles, medan klassen øvst i hierarkiet (høgare kontrollyrke, ofte kalla service I, eller serviceklassen) har ein sterkare haldningsintegrasjon. Forstår ein dette som skilnader i ideologisk integrasjon, vil tilsette i høgare kontrollyrke kunne ha ein fordel når det kjem til politisk innflytelse i samfunnet. I lys av dei stegvise hypotesetestingane basert på OED-modellen i kapittel fem og seks gjort med *multivariat* blokkregresjon, kan det vere rimeleg å spør om utdanningsskilja kan ha ein betyding for ideologisk integrasjon. På tvers av klassane er likevel haldningane til fordelingspolitikk og privat velferd av størst betyding, og er i tillegg ganske likt korrelert. På mange måtar er dette dei indeksane som er klårast politisk formulert, og dei utgjer ein kjernedimensjon med betyding for spørsmålet om sosial omfordeling og likskap.

Ein sentral tese i Svallfors sine studiar er at større klasseskilnader i haldningar er knytt til at korporative institusjonar artikulerar lønns- og fordelingspolitiske konfliktlinjer regelmessig. Slike institusjonar har ein sterkare posisjon i sosialdemokratiske velferdsstatar, samanlikna med dei liberale. Artikulerte klassehaldningar kan difor knytast til *vidareutviklinga* av sosialdemokratiske institusjonar og deira normative prinsipp. Vidare forsking kan nytte større komparative tidsseriestudiar av norske data for å utforske denne tesen.

*Tal på ord: 34550 (inkluderer ikkje innhaldslister, forord, litteraturliste, tabellar, vedlegg eller fotnotar).*

# Forord

Takk til farmor Anna Sofie Gjerde sine språkvaskar, og til Håvard Brede Aven sine kommentarar til omskrivingar: ”kvalpefeittet skal vekk”. Dei resterande språkfeila tar eg på mi eiga kappe. Takk til Johs Hjellbrekke sine inspirerande rettleiingar, og raske tilbakemeldingar. Takkar òg for innspel frå Hans-Tore Hansen tidleg i prosjektet.

Datamaterialet som er nytta i denne studien er henta frå Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS' (NSD) "Undersøkelse om sosial ulikhet, 2009, norsk del av ISSP". Undersøkinga er finansiert av Norges forskningsråd (NFR). Data blei samla inn av Statistisk Sentralbyrå og er lagt til rette og stilt til disposisjon i anonymisert form av NSD. Korkje NSD, NFR eller Statistisk Sentralbyrå er ansvarlige for analysane av datamaterialet eller tolkingane som er gjort i studien.

Thomas Noven Eide

*Bergen, 15.5.2013*

# Innhaldsliste

**Samandrag** .......... 2

**Forord** .......... 4

**Innhaldsliste** .......... 5

**Tabellar** .......... 7

**Figurar** .......... 9

**1 Innleiing** .......... 10

1.1 Problemstillingar .......... 11

1.2 Klasse og haldningar til sosial ulikskap .......... 12

1.3 Kapitteloversyn .......... 15

**2 Teori, aktuell forsking og analytisk rammeverk** .......... 16

2.1 Klassesamfunn, klasseomgrep og klasseperspektiv .......... 17

Olin Wright – Om klasse er svaret, kva er då spørsmålet? .......... 18

2.1.1 Goldthorpe med kollegar sitt klasseskjema .......... 19

EGP-skjemaet sin relevans for sosiale haldningar .......... 20

2.2 Forsking og debattar: Er klasse eit spørsmål om meir teori eller empiri? .......... 21

2.3 Klasse og haldningar i Noreg – de-alignment eller re-alignment? .......... 24

Er det klassepolitikken eller klassane som har døydd i Noreg? .......... 26

2.4 Skijlelinjemodellen og tilhøvet mellom klasse og sosiale haldningar i Noreg .......... 27

2.5 Svallfors: The moral economy of class – ein politisk sosiologi for klassehaldningar .......... 28

Scott – Ei konseptualisering av Weber sin stratifikasjonsteori .......... 31

Oppsummering .......... 33

**3 Metode og data** .......... 34

3.1 Datamaterialet .......... 34

3.2 Avhengige variablar .......... 35

Haldningsindeksar: .......... 37

3.3 Uavhengige variablar .......... 39

Klasse. Eigen EGP. .......... 39

OED-modellen: Bakgrunn, utdanning og posisjon .......... 42

3.4 Metode: Regresjons- og korrelasjonsanalysar .......... 43

Oppsummering .......... 45

**4 Analyse I: Klasse og haldningar til lønn og omfordeling** .......... 46

4.1 Klasse og haldningar til lønnsskilnadar ... 47
4.2 Klasse og haldningar til ulikskapskriterium ved lønnsfastsetjing ... 54
4.3 Klasse og haldningar til fordelingspolitikk ... 59
Oppsummering ... 62
**5 Analyse II: Klasse, konflikt og sjanselikskap ... 64**
5.1 Klasse og opplevd sjanselikskap ... 64
5.2 Klasse og sjanselikskap, krympe eller utvide perspektivet? OED-modellen ... 72
5.3 Klasse og oppleving av konflikt i Noreg ... 82
5.4 Kva slags konflikt? Komparative utfordringar og betydinga av samfunnseffektar ... 87
Oppsummering ... 99
**6 Analyse III: Klasse, privat velferd og ulikskapen sin legitimitet ... 101**
6.1 Klasse og haldningar til privat kjøp av velferd ... 102
6.2 Haldningar til privat velferd: bakgrunn, utdanning eller posisjon? ... 108
6.3 Klasse og haldningsintegrasjon: mellom klassar og land ... 117
Oppsummering ... 120
**7 Avslutning: Klasseskilnader i haldningar til sosial ulikskap ... 122**
7.1 Hovudfunn ... 122
7.2 Klasseskilje i haldningar til sosial ulikskap – ein klassedelt moraløkonomi ... 125
7.3 Teoretiske og samfunnsmessige implikasjonar ... 126
7.4 Vidare forsking ... 128
**Litteraturliste ... 130**
**Vedlegg 1 Uavhengige variablar ... 143**
**Vedlegg 2 Gjennomgang av lønnsindeksane ... 149**

# Tabellar

**Tabell 3.1** Deskriptiv statistikk for indeksar. Gjennomsnitt, standardavvik og chronbachs alpha. ........ 37

**Tabell 3.2** EGP-skjemaet: Oversyn, omgrep og eksempel. Uavhengige variablar. ........ 40

**Tabell 4.1** Legitime lønnsskilnader ........ 48

**Tabell 4.2** Indeks for legitime lønnsskilnader. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes. ........ 50

**Tabell 4.3** Klasseskilnader i haldningar til insentiv- og kriteriestyrt lønnsfastsetjing ........ 55

**Tabell 4.4** Indeks for haldningar til ulikskapskriterium. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes. ........ 57

**Tabell 4.5** Klasseskilnader i haldningar til fordelingspolitikk ........ 60

**Tabell 4.6** Indeks for haldningar til fordelingspolitikk. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes ........ 61

**Tabell 5.1** Klasseskilnader i opplevd sjanselikskap eller mobilitet i Noreg ........ 66

**Tabell 5.2** Indeks for opplevd sjanselikskap. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes ........ 70

**Tabell 5.3a** Indeks for opplevd sjanselikskap. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes. Blokk 1-3. Uavhengige variablar: Bakgrunn og utdanning: Fars klasse, kjønn og utdanningsnivå. ........ 79

**Tabell 5.3b** Indeks for opplevd sjanselikskap. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parantes. Blokk 4-6. Uavhengige variablar for posisjon: Utanfor yrkeslivet, Goldthorpe-klassar og inntekt. ........ 80

**Tabell 5.4** Klasseskilnader i opplevd konflikt samfunnet ........ 83

**Tabell 5.5** Indeks for opplevd konflikt i samfunnet. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes ........ 84

**Tabell 5.6a** Indeks for opplevd konflikt. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes. Blokk 1-3. Uavhengige variablar: Bakgrunn og utdanning: Fars klasse, kjønn og utdanningsnivå. ........ 91

**Tabell 5.6b** Indeks for opplevd konflikt. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes. Blokk 4-6. Uavhengige variablar for posisjon: Utanfor yrkeslivet, Goldthorpe-klassar og inntekt. .............................. 92

**Tabell 6.1** Klasseskilnader i haldningar til privat velferd .................................................. 103

**Tabell 6.2** Indeks for haldningar til privat velferdskjøp. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes. ........................... 105

**Tabell 6.3a** Indeks for haldning til privat velferdskjøp. Regresjonsanalyse (ordninary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes. Blokk 1-3. Uavhengige variablar: Bakgrunn og utdanning: Fars klasse, kjønn og utdanningsnivå. ....... 112

**Tabell 6.3b** Indeks for haldning til privat velferdskjøp. Regresjonsanalyse (ordninary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes. Blokk 4-6. Uavhengige variablar for posisjon: Utanfor yrkeslivet, Goldthorpe-klassar og inntekt. ....... 113

**Tabell 6.4** Haldningar til sosial ulikskap i Noreg. Korrelasjonstabell av indeksar. Goldthorpe-klassar: Ufaglærde arbeidarar og høgare kontrollyrke. Pearsons R X 100. .......................... 118

**Tabell vedlegg 1** Første steg. Frekvensfordeling av EGP-klassar før omkodingar............... 144

**Tabell vedlegg 1** Andre steg. EGP-klasser etter at Ganzeboom & Treiman (1996) sine demarkasjonskriterier er operasjonalisert. ............................................................................. 144

**Tabell vedlegg 1** Tredje steg. EGP-klassar. 4,5 og 7 er slått saman. Den endelege versjonen med seks EGP-klassar, til liks med Svallfors (2006). .......................................................... 145

**Tabell vedlegg 1** EGP-klassar. Dummy-variablar. Gjennomsnitt og standardavvik. ........... 145

**Tabell vedlegg 1** Uavhengige variablar operasjonalisert frå OED-modellen. ...................... 146

**Tabell vedlegg 1**. Uavhengige variablar i OED-modellen. Dummy-variablar. Gjennomsnitt og standardavvik. ............................................................................................................ 147

**Tabell vedlegg 1** Fars EGP. Frekvenstabell. ........................................................................ 148

**Tabell vedlegg 1** Fars EGP. Dummy-variablar. Deskriptiv statistikk.................................. 148

**Tabell vedlegg 2** Indeksane for legitim lønnsskilnad (lønnsspredning), og topplønn, høglønn, låglønn. ................................................................................................................................ 149

**Tabell vedlegg 2** Deskriptiv statistikk, og diagnostiske måleverdiar for indeksen lønnsfordeling (lønnspredning i modellen over). ................................................................ 150

# Figurar

**Figur 2.1** Interesser og normer som mekanismar (Henta frå Svallfors 2006:21). .................. 30

**Figur 4.1** Klasse og haldningar til legitime lønnsskilnader i Noreg 2009 .............................. 51

**Figur 4.2** Klasse og haldningar til ulikskapskriterium ved lønnsfastsetjing .......................... 58

**Figur 4.3** Klasse og haldningar til fordelingspolitikk ............................................................ 61

**Figur 5.1** Klasse og opplevd sjanselikskap ........................................................................... 71

**Figur 5.2** OED-modellen: Direkte og indirekte samanheng mellom sosial bakgrunn og eigen klasse og inntekt. (Henta frå Christophersen 2011). ............................................................... 75

**Figur 5.3** Klasse og opplevd konflikt i samfunnet ................................................................. 86

**Figur 6.1** Klasse og haldningar til privat velferdskjøp. ....................................................... 106

**Figur vedlegg 2** Histogram av indeks for lønnsforskjellar .................................................. 151

**Figur vedlegg 2** Scatterplott av indeks for lønnsforskjellar ................................................ 151

# 1 Innleiing

Velstandsauken og framveksten av velferdsstaten etter andre verdskrig har sett klasseomgrepet under press. Somme har til og med proklamert at klassesamfunnet er dødt (Pakulski & Waters 1993, 1996; Clark & Lipset 1991, 2001). Svallfors (1997, 1999, 2006, 2010, 2011) hevdar derimot at klassedimensjonen framleis dominerer i Skandinavia, og viser i fleire studiar korleis sosiale haldningar heng saman med klassebakgrunn. Stikk i strid med Offe (1987)[1] som meiner velferdsstaten har redusert betydinga av klasse, kan Svallfors vise til at koplinga mellom klasse og haldningar er *sterkare* i skandinaviske velferdsstatar enn tildømes i USA og Storbritannia, noko som kan tyde på at institusjonar bidreg til å forme sosiale haldningar, og måten dei er forankra på i ei befolkning.[2]

Ein slik tilnærmingsmåte inneber at *institusjonar* har ei spesiell betyding fordi dei definerar kva som vert oppfatta som rettferdig, moralsk og mogeleg i eit samfunn (Rothstein 1996, 1998). I den grad Noreg har ein eksportretta marknadsøkonomi i den globaliserte kapitalismen er det grunn til å spørje om haldningane til marknadsgenerert ulikskap er endra. Har Lane (1986) rett i at marknadsfordelinga sin logikk framtvingar naturalisering og sikrar seg legitimitet, framfor *politikken*, som er kjenneteikna av å dyrke haldningsmotsetningar?[3] I tilfelle kan det bety at medan klassepolitikken er døyande, så kan klasseskilja i politiske orientering halde seg konstant (Vanneman & Cannon 1987; Evans 1993c i Evans 1999:330). Det overordna spørsmålet for denne studien er om tilhøvet mellom klasse og haldningar til sosial ulikskap har betyding i Noreg, uavhengig om den (parti)politiske betydinga av klasse vert hevda å vere liten (Aardal red. 2007, 2011). Spørsmåla vil rette seg mot ulike klassar sine haldningar til løn, likskap og konflikt, velferdsstaten si omfordelande rolle, og i kva grad institusjonar bør fremje egalitære normer og interesser.

I Noreg har statsvitarar tradisjon for å forske på tilhøve mellom sosial bakgrunn og haldningar, ofte for å forklare politisk stemmegiving. Listhaug (i Jenssen 1999) hevdar at

---

[1] Offe (1987) hevdar at klassehomogene velferdsstatar i stor grad har vorte oppløyste av urbanisering og auka mobilitet – som i grunn er ein effekt av velferdspolitikk. Dette paradokset meiner han fører til ei ideologisk og normativ fragmentering, som vidare svekker sambandet mellom klasseposisjon og normativ orientering.

[2] Til dømes eit gitt land sine velferdssinstitusjonar, formelle og uformelle institusjonar i arbeidslivet, og dei moralske og juridiske verdiane og formål dei er meint å fremje.

[3] Dette kallar han *marknadsfatalisme.*

*partiidentifikasjon* har ein sterk og konsistent effekt på norske veljarar sine haldningar og val. Når det gjelder betydinga av klasse spør Jenssen (1999) om klassetilhøyret heller kan ha endra si form etter kvart som den tradisjonelle arbeidarklassen har krympa. Aardal (red. 2007:59) konkluderer med at veljarane sin bakgrunn og sosiale plasseringar spelar ei mindre rolle.[4] Med tanke på Rokkan si kjende formulering: ”stemmer teller, men ressursar avgjer”, uttrykker Aardal et al. (2007:171) sine funn med: ”sektor teller, men ideologi avgjør”. Dette impliserer såleis eit skifte av gamle måtar å forstå klasse- og haldningar på: frå Rokkan (2010[1966]) sin politiske sosiologi forankra i norsk historie, og regionar, mot statsvitskaplege perspektiv som vektar betydinga av kommunikasjon og offentleg opinion. Det kan indikere ein trend på feltet med fleire korttidsperspektiv (Sjå Aalberg, Heggem & Jackobsen 2012). Ein politisk sosiologi med ein ”institutionalist agenda”, er opptatt av langtidsutviklingar, og byggjer på historiske argument, element frå ”rational choice”, og normative perspektiv (Liebfreid & Mau 2008: xviii). Østerberg (1971:7) meinte ein trong ein ny forståing av politisk handling som vedkjenner at *pengane i sin materialitet* også deltek i politikken, noko også Lane (1986) antyder i sin tese om marknadsfatalisme. Det er altså ulike måtar å forstå politisk handling og sosial endring på som ligg til grunn for spørsmålet om Noreg, med ein relativt open marknadsøkonomi, har egalitære verdiar forankra i konkrete yrkesklassar sine interesser og normer.

## 1.1 Problemstillingar

Med inspirasjon frå Svallfors vil eg primært studere korleis ein kan forstå haldningar til sosial ulikskap med utganspunkt i eit klasseperspektiv i Noreg, og sekundært samanlikne resultat i andre land i Svallfors’ (2006) komparative studie. Hovudproblemstillingane vil dreie seg kring tre spørsmål: (1) I kva grad går det fram ein samanheng mellom klasse og haldningar til sosial ulikskap i Noreg, og kva seier det om ulikskapen sin legitimitet i Noreg når ein ser på løn, omfordeling og privat velferd? (2) Korleis fordeler klasseforskjellane seg når det kjem til oppfatningar av konflikt og sjanselikskap i Noreg? Korleis kan desse funna bli forstått, og gjenspeglar funna polarisering i og mellom klassane? Og (3) kva kan ein forstå med det samanlagte høve mellom klassar og haldningar til ulikskap i Noreg; forstått som det totale haldningsmønstret og haldningsintegrasjonen i og mellom klassane? Til slutt kan ein spørje

[4] Basert på ein studie av stortingsvalet 2005. Han meiner i tillegg at dette er eit hovudtrekk i den politiske utviklinga i etterkrigstida.

kva alle haldningane seier om ulikskapen sin legitimitet i Noreg, og tilslutninga til den universelle velferdsstaten.

I lys av Aardal et al. sine konklusjonar om at sosial plassering er mindre viktig, og spørsmålet om klasseomgrepet sin relevans, går første problemstilling til kjernen av problem (1): i kva grad det er ein samanheng mellom klasse og haldningar til sosial ulikskap i Noreg? Det reiser for det første spørsmål om kva haldningar er, og korleis dei kan tenkjast å kome til utrykk. For det andre kan ein spørje kva ein kan forstå med klasse og klasseposisjon i Noreg anno 2009, kva haldningar *klasse* kan tenkjast å påverke, og korleis dei i så fall artar seg sett i høve til andre forklaringsvariablar bak sosial ulikskap.

Etter dette (2) vert spørsmålet om konflikt og sjanselikskap reist; korleis kan ein karakterisere forholdet mellom klasseposisjon og grad av opplevd konflikt? Kan ein snakke om at det er ein samanheng mellom klasseposisjon og eit avgrensa sett med verdiar, normer og haldningar, som vidare fell saman med og støttar opp om bestemte former for haldningar?

Siste del tar opp (3) kva samanhengen mellom klasse og haldningar i Noreg kan forklare? Kva kan ein forstå med dei formene eller fråveret av former dei kan tenkjast å ta? Ser ein til dømes ein svekka samanheng mellom klasse og haldningar til fordelingspolitikk i Noreg? Kan ein heller snakke om ei rekommodifisering og deartikulering av klasse i Noreg jamfør Svallfors? Sett at det synest å vere ein påfallande og betydelig klassekomponent knytt til nordmenns haldningar til sosial ulikskap, korleis kan ein forstå og forklare dette høvet frå ein sosiologisk ståstad? Kva kan ei slik forklaring bidra til, og korleis skilje den seg frå andre måtar å forklare desse høva på? Kva konsekvensar følgjer av ei slik sosiologisk analyse, og kva implikasjonar kan den få for debattar om ulikskap og velferdsstaten sin framtid?

### 1.2 Klasse og haldningar til sosial ulikskap

Med utganspunkt i datasettet Social Inequality IV (2009) frå The International Social Survey Program (heretter ISSP), kan ein studere høve mellom klasse og haldningar til sosial ulikskap i Noreg.[5] Ved å nytte Svallfors' framgangsmåte vil eg presisere *haldningsdomenet* for denne studien, som rettar seg mot aktiviteten *omfordeling* på arenaen *marknaden*.[6] Perspektivet

[5] Datasettet er fritt tilgjengeleg til nedlasting via NSD sine internettsider. (Sjå forord).

[6] Sjå Svallfors tabell 2.1 "Attitudinal domains" (2006:20). Tilnærmingsmåten vil bli diskutert i neste kapittel.

søkjer å opne for sosiologisk analyse av høvet mellom velferdsstaten sin politiske og moralske forankring. Min framgangsmåte er å studere klasseskilnader og -likskapar i legitimiteten til lønnsskilnader og differensieringskriterium i lønnsfastsetjing, statleg omfordeling, opplevinga av konflikt og sjanselikskap/mobilitet i samfunnet, og haldningar til å kjøpe private velferdstenestar. Datasettet inneheld spørsmål knytt til ulikskap, velferd og økonomi, og inkluderer mål på det ein kan kalle haldningar, verdiar og normer, samtidig som det inneheld deskriptiv informasjon i form av spørsmål om klassetilhøyrsle, yrkes- og utdanningssituasjon m.m..[7] Med utganspunkt i styrkegraden på spørsmåla sin responsskala, kan ein analysere kva nordmenn i gjennomsnitt meiner om desse tilhøva, og kor store klasseskilnader det er til haldningane. Der det er mogeleg vil funna bli samanlikna med Svallfors (2006) sin komparative studie av klasse og haldningar i Sverige, Tyskland, Storbritannia og USA, basert på ISSP:1999 Social Inequality III – som er forgjengaren til datasettet som nyttast her. Der analyserar han kva som formar haldningar til ulikskapar med ein modell for tilhøvet klasse, interesser og normer og sosiale haldningar. Tilnærminga er nytta på arbeidsliv, marknaden, velferdsstaten, familie og kjønn der dei gjennomgåande kriteria er *distribusjon* og *risiko*. Medan Svallfors (2006) baserer seg på eit stort datagrunnlag,[8] vel eg å avgrense studien til marknadsgenerert ulikskap. Det føreligg ei nylig publisert utgåve av ISSP:2009 Social Inequality IV, med norske data, som gjer det mogeleg å gjenskape brorparten analysane gjort på haldningar i marknadsdomenet.[9] Analysane som ikkje kan gjenskapast i det nye datasettet vil bli erstatta av andre indeksar som er relatert til distribusjon av godar og risiko på marknaden.

Sjølv om det er fleire haldningskategoriar som vil vere interessante å analysere i eit klasseperspektiv, synest i tillegg haldningar til sosial ulikskap å vere spesielt relevant då spørsmålet tradisjonelt sett har stått sentralt i struktureringa av høgre-venstre-aksen i norsk politikk og rommar spenninga mellom arbeid og kapital; det som Marx & Engels (2008 [1848]) forstår som kapitalismens indre motsetning og opphav til klasseformasjonar. Ved at

[7] Sjå *Social Inequality Norwegian Part of ISSP* (2011), presentert av Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD).

[8] ISSP surveys: 1992 Social Inequality II, 1994 Family & Gender II, 1996 Role of government III, 1997 Work orientations II, 1999 Social Inequality III, 2002 Family & Gender III (Svallfors 2006:180). The Swedish Welfare State Surveys 1986, 1992, 1997 & 2002. ULF Statistics Sweden's annual survey of the living conditions of Sweds 1998. (Svallfors 2006:181-182).

[9] Sjå Svallfors (2006:52-76) kapittel fire: "The Market: Whosoever Hath Shall to Him Be Given?".

staten gjennomfører fordelingspolitikk formar den innretningar mellom klassar, ressursar og risiko i samfunnet og kan slik sett definerast som ein velferdsstat i brei forstand (Esping-Andersen 1990). Den sosialdemokratiske velferdsstaten er universalistisk og baserer seg på høg sysselsetting og skattar, og i Noreg til ein viss grad også oljeinntekter (Hatland, Kuhnle & Romøren eds. 2011).[10] Den norske samfunnsmodellen vert saman med dei skandinaviske landa etter 70-talet omtala som sosialdemokrati, karakterisert med klassekompromiss mellom arbeid og kapital der staten har ein aktiv og meklande rolle (Olstad 2010:167). Land med slike innrettingar, også tysk korporativisme, kan ifølgje Svallfors (2006:75) knytast til *større* klasseskilje i haldningar, der institusjoane fungerer som brennpunkt der konfliktlinjene blir tydeleg artikulert. Han hevdar samtidig at det er mange fellestrekk ved klasseskilnader i haldningar: ”Rather than different welfare states creating different social cleavages, it would seem that general mechanisms linked to class and gender are creating fairly similar attitudinal cleavages across welfare regimes” (Svallfors 1997:296). Sjølv om ein høyrer mindre om verdien av klasse og struktur i nyare valstudiar, er likevel ”offentlig vs. privat-sektor” hevda å vere den mest meiningsfulle skiljelinja i norsk politikk (Aardal et al. 2007, 2011). Ein kan difor spørje kvifor og korleis delar av denne skiljelinja er forankra i institusjonar og ulike klassar sine haldningar.

På ein slik måte kan ein opne for å reise problemstillingar som i hovudsak har blitt handsama av den statsvitskaplege kretsen kring Det norske valforskingsprogrammet, og regimeteoretikarar. Ein sosiologisk klasseanalyse kan bidra til ei komplimenterande forståing og engasjement innanfor område som rommar særs samansette fenomen, og som kan vere relatert til systematiske mekanismar av sosial ulikskap. Desse mekanismane vil vere interessante om ein skal forstå og forklare den norske velferdsstaten sin moralske og politiske forankring. Stratifikasjonsmønster kan tenkjast å stadig endre form med samfunnsutviklinga, heller enn å forsvinne.

Spørsmål om samanhengar mellom ulikskap og klasse, haldningar, stemmegiving og politikk, kan teoretisk sett implisere ei logisk ordna rekke av analytiske komponentar, medan dei empirisk sett flyt saman på uoversiktlege måtar. Klassetematikken reiser mange generelle problemstillingar knytt til strukturelle endringar i arbeidslivet, korleis ein skal forstå organisasjon og leiing, endringar i samfunnsmarkørar og politisk artikulasjon og mobilisering.

[10] Sjå Esping-Andersen (1990) for ei komparativ drøfting av velferdsstatar og regimeteori.

Det er eit sosiologisk spørsmål om endring og stabilitet både på det materielle og det ideelle plan. Ved å studere kva dei kvantitative skifta betyr for det kvalitative innhaldet i samfunnet, spør ein i kva grad materielt forankra haldningsformasjonar mellom ulike yrkesklassar heng saman med dei preferansane til dei overordna institusjonelle innretningane i Noreg. Klassestudiar har på mange måtar vore ei defensiv utøving der ein gjerne vert tvinga til først å grunngje grunnleggjande teoretiske og metodologiske høve knytt til klasseomgrepet sin relevans, når ein vil studere det mange insisterar på er *post*moderne velferdsstatar. Studien går inn i eit historisk felt prega av politisk, økonomisk og akademisk spenning, som Wright (2005) peika på rommar eit mangfald av perspektiv og retningar der det heller ikkje er uvanleg at forskarar kan kome fram til ulike konklusjonar basert på det same empiriske materialet. Det i seg sjølv bør vere eit argument for relevansen til fleire studiar av klassar.

### 1.3 Kapitteloversyn

I kapittel 2 vert det teoretiske og analytiske råmeverket for analysen presentert. I kapittel 3 vert ulike metodar, operasjonaliseringar, og sentrale problem handsama. Her vert dei avhengige variablane gjennomgått, samt metodiske problemstillingar og fundamentet for fruktbare statistiske analyser, nærmare bestemt korrelasjons- og regresjonsanalysar. Vidare vil ein følgje opp med å teste dei konstruerte skalaene for haldningar til sosial ulikskap mot det klassiske EGP-skjemaet utvikla av Erikson & Goldthorpe og andre medarbeidarar.[11] I kapittel 4, 5 og 6 blir funna gjennomgått og drøfta opp mot sine respektive problemstillingar skissert i gjennomgangen av problemstillingane. I kapittel 7 vert det avslutningsvis søkt å samanfatte funna, og drøfte dei opp mot problemstillingane reist i innleiingskapittelet. Her kan dei empiriske funna vurderast opp mot det overordna akademiske og politiske ordskiftet. Til slutt vert svake punkt og lause trådar drøfta, samt forslag til vidare forsking.

[11] EGP er forkorting av **E**rikson–**G**oldthorpe–**P**ortocarero, men vert ofte berre omtala som Goldthorpe-klassar. Som diskutert i dei to komande kapitla vil eg forsøke å ta omsyn til Ganzeboom & Treiman sine revideringar i lys av det såkalla CASMIN-prosjektet (sjå kap. 3.3). I teksten vekslar eg mellom omgrepa *EGP-klassar* eller *Goldthorpe-klassar*.

# 2 Teori, aktuell forsking og analytisk rammeverk

> "(…)people's position in the social distribution of labour, or more specifically the employment relations that their jobs entail, has an immense impact on other aspects of their lives. This is why classes and their political expression are an important feature of the processes of change in modern society" (Svallfors 2006:3).

Klasseteorien sin popularitet kan hevdast å variere med dei generelle ideologiske svingingane i samfunnet, og utviklar seg dynamisk gjennom teoretiske dialogar og vekselverknader knytt til samfunnsendringar.[12] Økonomiske modellar og institusjonar såg til dømes ut å miste noko legitimitet i kjølvatnet av dei seinaste økonomiske krisene, symbolisert ved at den profilerte nyliberale økonomen Alan Greenspan, tidligare sjef for den amerikanske sentralbanken, vedgjekk å ha overvurdert marknadskreftene sine evner til sjølvregulering (New York Times 2008). Eit søk på bruken av ordet *klasseskiller i* norske medier gir eitt treff i 1980, 20 treff i 1990, 95 treff i 2000 og ein topp på 768 treff i kjølevatnet av første delen av finanskrisa i 2009 (Retriever 2012).[13] I kva grad dette tyder på at nordmenn er meir opptatt av klasseskilje er vanskelig å seie, men innanfor den norske sosiologien har klasseskilnader og sosial ulikskap fått noko aukande plass. Studiar av klasse og ulikskap i Noreg vert slik å forstå eit spørsmål om velferdsstaten og sosialpolitikk, og utviklinga i den økonomiske marknaden. Som Scott (1996) påpeikar utgjer òg dei største og mest eksessive velferdsstatar, til og med Sovjetunionen i si tid, eit unikt sosialt stratifikasjonssystem. I så måte har Svallfors (1999) eit poeng når han hevdar at mesteparten av dei store kampane om sosial rettferd no skjer i utforminga av sosialpolitikk gjennom velferdsstatens råmeverk. Ulike klassar og grupper sine haldningar til ulikskap kan difor hevdast å ha stor betyding. Ein slik innfallsvinkel tek utganspunkt i relevansen til *nasjon, klasse* og *stat,* i staden for å gje til kjenne ei fullstendig oppløysing av den organiserte moderniteten.[14]

I følgjande kapittel vil eg diskutere nokre av desse grunnleggjande teoretiske og metodologiske motsetjingane. Mykje er sagt om verdiar og menneskesyn i samfunnsvitskapane, og Hellevik (1999:434) peikar på noko essensielt for denne studien:

[12] Sjå Joas og Knöbl *Social theory* (2009) for ein diskusjon om grunnprinsippa i sosial teori.

[13] Med atterhald om at tendensen på 80-90-talet er uttrykk for overordna endringar i massemedium. Ser ein på 2000-talet isolert er det likevel ein topp kring 2009.

[14] Til dømes forstått med det Wagner omtalar som *modernitetens andre krise,* og ein reorganisering mot ein global verdsorden (Wagner 1994:132).

Ulikskap kan verte forstått som eit vonde, og egalitære ideal som gode, avhengig av forskaren sine referanserämer. Grunnleggjande sett handlar det om ontologiske og epistemologiske- og ut av desse - semantiske motsetjingar. For å etablere eit teoretisk råmeverk for dei vidare analysane lyt eg difor spørje kva menneske og ulikskap er; lever vi i eit klassesamfunn? Kva er klasse og korleis måler ein det? Og kva utfall kan det få for resultata og slutningane som vert trekt?

## 2.1 Klassesamfunn, klasseomgrep og klasseperspektiv

*"(...)Arthur Stinchcombe even opined that sociologists have just one consept: class. If this were even half true, it would imply a paradigmatic revolution to suggest that social classes may be dying – what then would sociologists do?" (Clark and Lipset 2001:9).*

Klasseperspektiv rommar i dag mange retningar og vert av mange sett på, og av nokre kritisert for, å vere sjølve kjernen av sosiologifaget. Andre igjen hevdar klasseforskinga har blitt nedprioritert sidan den såkalla jappetida på 80-talet, spesielt har ein sett dette i norsk samfunnsforsking (Birkelund 1996). Tradisjonen bak klasseteoriane kan sporast tilbake til klassiske politiske økonomar, og framveksten av sosiologi som eigen disiplin. Trigilia (2002:13) viser dette, og insisterer framleis på at økonomisk handling er sosial handling, og understrekar korleis ein *økonomisk sosiologi* kan klargjere alternativ for politisk handling i all den grad økonomiske former påverkar både arbeid, sosialt liv og politisk makt.[15] Medan Comte og Tönnies var bekymra for tap av tradisjonar, var Marx opptatt av kva dei økonomiske og tekniske skifta hadde å seie for nettopp arbeid, sosialt liv og politisk makt. Marx bygde opp eit analytisk perspektiv på korleis den nye industrielle teknologien sine økonomiske gode, meirverdi, vart konsentrert i hendene på ein liten elite samtidig som mange leid av svolt og ulukke (Macionis & Plummer 2006:15). Weber (2008) meinte derimot at Marx sine idear var for teoretiske og deterministiske. Ved å analysere økonomisk handling som *sosial* handling, søkte han å leggje vidare premiss for empiriske studiar som tok omsyn til det han hevda var ei større differensiering både på marknaden og i samfunnet; altså kva situasjon og livssjansar individ har i det sosioøkonomiske systemet (Weber 2008).

[15] Medan samfunnsutviklinga tidligare var tatt for gitt som ein "Gudgjeven orden" – representert av kyrkja, kongen og ulike former for adel, så kom eit gradvis idèskifte basert på at samfunnsutviklinga kunne styrast (Macionis & Plummer 2006).

Enkelte hevdar at økonomiske klassar er, eller i konsekvens må vere *sosiale* klassar; med sine respektive interesser, levesett og verdsbilete, forstått via prosessar, fenomen, situasjonar og posisjonar. Bourdieu (1987, 1991) la vekt på dei *relasjonelle* aspekta som konstituerte og reproduserte klasseskilnader i Frankrike, og forsøkte i sin praksisteori å forklare korleis individ er plassert i det sosiale rommet. Til liks med Weber meinte også han at klasseomgrepet var for teoretisk og deterministisk, og søkte å etablere ein analyse av sosial ulikskap med utganspunkt i ein annan ontologisk erkjenning; metodologisk relasjonisme (Bourdieu 1991). Klasseomgrepet står slik sett i den ontologiske spenninga mellom det økonomisk materielle og det kulturelt idealistiske. Epistemologisk spenner klasseomgrepet mellom teoretisk nominalisme og det empirisk-ideografiske, og mellom metodologisk kollektivisme og metodologisk individualisme. Ei klasseanalyse basert på Goldthorpe-klassar som er lagt opp til kan hevda å liggje nær Weber sitt perspektiv. Samtidig kan spørsmåla som vert reist i dei ulike analysedelane likevel vil trekkje på tenkjemåtar og vinklingar assosiert med perspektivet til Bourdieu eller Marx.

Olin Wright – Om klasse er svaret, kva er då spørsmålet?

Wright (2005:192) hevdar at debattane rundt klasse kan synast framstå som fiendtlege leirar som søkjer å nedkjempe kvarandre for å vinne tilhengjarar. Årsaka meinar han ligg i at feltet er spesielt ideologisk lada. Wright hevdar at klasseperspektiva er forankra i ulike typar spørsmål, som avhengig av den empiriske agendaen byr på ulike verkty og moglegheiter. Slik sett kan ein vere weberianar i studiar av mobilitet, bourdieuanar for studiar av klasseavhengige levemåtar, og marxist for kapitalismekritikk (Wright 2005). Han peikar på seks spørsmål: 1. *Distributional location*: Korleis er menneske objektivt lokalisert i distribusjonen av materiell ulikskap? 2. *Subjectively salient groups*: Korleis plasserer menneske seg subjektivt innanfor den individuelle eller kollektive strukturen av ulikskap? 3. Life chances: Kva forklarar ulikskapar i levevilkåra og materiell levestandard? 4. Antagonisms and conflicts: Kva skillelinjer i samfunnet står for ei systematisk generering av tydlege motsetningsforhold og konflikter? 5 *Historical variaton*: Korleis kan vi karakterisere og forklare dei historiske variasjonane når det kjem til den sosiale organiseringa av ulikskap? Og 6. Emancipation: Kva endringar må til for å få slutt på undertrykking og utnytting i kapitalistiske samfunn? (Wright 2005:180, eiga oversetting). Sjølv om ei analyse kan omfatte fleire av desse spørsmåla, eller finne seg mellom dei, kan ein likevel hevde at dei representerer nokre kjernedimensjonar i dei ulike klasseperspektiva. Å klårgjere desse, kan

bidra til ein betre forståing av feltet.[16] Vidare vil eg søkje å drøfte i korleis ulike posisjonar og perspektiv kan generere, strukturer og presenterer ganske ulike kunnskapar om ulikskap. Kva betyr det å for eksempel at Svallfors nyttar Goldthorpe-klassar i ein studie av ulike klassar sine haldningar?

### 2.1.1 Goldthorpe med kollegar sitt klasseskjema

I motsetning til Marx oppretta Weber eit eksplisitt analytisk skilje mellom klasse, stender og parti (Weber 2008). Skilje understrekar at det førekjem *andre* stratifikasjonsprosessar i samfunnet som kan vere assosierte til klasse, men likevel må forståast som separate fenomen. Erikson & Goldthorpe (1992) sitt yrkesklasseskjema (EGP-skjemaet) viser ei klar linje til Weber ved at den søkjer å fokusere på yrkesrelasjonar, og *arbeidet* får slik sett ei sentral sosiologisk betyding.[17] Logikken bak skjemaet er å differensiere klassar med bakgrunn i arbeids- og marknadssituasjonar dei ulike yrka representerar (Erikson & Goldthorpe (1992:28-47). Skjemaet er konstruert med det formål å analysere systematiske skilnader i sosial mobilitet, basert på Weber sin forståing av ”class & command”, for å inkorporere dei underliggjande makttilhøva, og derav livssjansane knytt til ulike yrke. Med andre ord til det Wright kallar spørsmål om kvifor det er ulikskapar i levevilkår og materiell levestandard.

Svallfors omkodar Goldthorpe-skjemaet til seks yrkesklassar, og eg vil følgje same strategi for å kunne gjere samanlikningar til funna hans; i hovudsak kapittel 4. *The Market* og det generelle forskingsdesignet i *The moral Economy of Class* (2006:52-76). Framgangsmåten har vist seg å ha høg intern validitet ved å faktisk skilje mellom yrke med ulike arbeids- og marknadssituasjonar (Evans 1992). Det har også vore nyttig som empirisk predikator for stemmegiving og andre haldningar (Heath et al. 1991; Marshall et al. 1988; Baxter et al. i Evans 1999). Skjemaet er etter kvart endra seg for å betre skilje mellom ulike arbeidskontrakter, fordi det seier noko om jobbautonomi, ansvar og leiing som kan relaterast til nettopp klasse og autoritetsstrukturar. Enkelte meinar EGP-skjemaet i dag er blitt ei syntese av Wright sitt meir marxistisk orienterte klasseskjema (Crompton 2008).

[16] Gitt at dei ikkje legg opp til ein formalistisk tilnærming til spenningane på feltet, og dei kvalitative skilja mellom perspektiv.

[17] Sjå metodekapittelet, kap. 3.3. ”Klasse: Eigen EGP” for oversiktstabell og metodisk drøfting. Sjå òg vedlegg 1, for frekvenstabellar og deskriptiv statistikk.

Goldthorpe og kolleger har møtt ulik kritikk frå fleire hald (Crompton 2008:145). I denne samanheng kan ein avgrense seg til å spør kva veikskapar som kan vere problematiske for ein studie av haldningar. Når det gjeld ideologisk integrasjon har fleire studiar vist at den norske overklassen består av ulike grupper med ulike haldningar:

> ”De empiriske analysane som presenteres indikerer at eliten i det norske private næringsliv i stor grad er ideologisk integrert. Medlemmene er motstandarar av kjerneelementer i den norske velferdsstatsmodellen og stemmer på de borgerlige partiene. Tidligere forskning har diskutert hvorvidt toppledernes ideologiske orienteringer og politiske preferanser påvirkes av rollene eller posisjonene næringslivsledere innehar. En posisjon fremsto som betydningsfull for næringslivslederes meninger: eiere av store private bedrifter som samtidig er direktører eller styreformenn er både mer ideologisk og politisk konservative enn sine øvrige lederkolleger.” (Guldbransen 2005).

EGP-skjemaet skil ikkje mellom øvre-middelklasse og overklasse som er grupper med ulike former for ideologisk integrasjon. Dette kan skjule posisjonen til grupper med stor politisk makt, og føre til heterogenitet i datamaterialet, og gi yrkesklassen av øvre-middelklassen ein sterkare konservativ profil. Medan ein *overklasse* kanskje utgjer ei lita gruppe i ein kvantitativ survey-undersøkjing, kan dei likevel tenkjast å ha langt større makt og innflytelse, det vil seie evne til både artikulere og realisere haldningane sine til politisk handling. Denne kritikken lyt samtidig rettast mot denne kvantitative metoden, då den impliserer at kvar eining er like betydingsfull. Som konsekvens kan EGP-skjemaet få ei konservativ slagside, om ein føreset at haldningar har lik betyding i eit ideelt demokrati.

<u>EGP-skjemaet sin relevans for sosiale haldningar</u>

I kva grad EGP-skjemaet er godt eigna for analysar av sosiale haldningar er slik sett ikkje gitt. Hansen og Steinsland (2010) hevdar samtidig at det er grunn til å anta at betydinga og skilnadane mellom ulike klasseskjema vil variere med omsyn til temaet for analysen, og kva type ulikskap ein studerer (Hansen & Steinsland 2010:364). I denne studien er haldningar til ulikskap assosiert til tema som tradisjonelt sett har vore sentral i struktureringa av høgre-venstre-aksen i norsk politikk: Rettferdig løn, fordelingspolitikk, mobilitet, konflikt og privat velferd. Tematisk inneber det spenninga mellom marknad og stat, mellom arbeid og kapital; det som Marx kan forstå som kapitalismen si indre motsetning og opphav til klasseformasjonar. Eit klasseskjema basert på yrke kan difor hevdast å vere analytisk relevant.

Vidare kan ein spør kva implikasjonar som kan følgje av at EGP-skjemaet vert ein hjørnestein i analysane. Som Hansen & Steinsland (2010:375) peikar på ”legger (klasseskjema) opp til en type universalisme hvor klasse fremstår som en generell og samtidig lite spesifisert forklaring”. Dei viser i tillegg til ein ofte reist kritikk mot EGP-skjemaet mellom anna reist av Grusky & Weeden, som hevdar at mange klasseperspektiv ofte opererer med for grove kategoriar, og dempar forskingsarbeidet sin *utforskande* dimensjon, med meir aktiv revidering av metodar og modellar. At EGP-skjemaet er opplagt reiskap for å studere den norske yrkes- og haldningsstrukturen er ikkje gitt, samanlikningar opp mot Svallfors (2006) sine komparative resultat kan opne for å drøfte dette i analysane. EGP-skjemaet er del av såkalla *minimalistisk* klasseomgrep, og ein kan spør om denne konkrete og avgrensa tilknytinga til yrke vil leggje føringar, og avgrensingar: Haldningar kan tenkjast å vere eit meir utflytande studieobjekt som er lausare knytt til yrke, samanlikna med til dømes mobilitet. Svallfors (2006) hevdar at Goldthorpe-klassar er klårast konseptualiserte og difor best også for ein studie av sosiale haldningar. Også Evans (1999) meiner at tilpassingar av meir komplekse klasseskjema må grunngjevast i ein konseptuell distinksjon, og vil vere skeptisk til eit klasseskjema som berre søkjer å auke sin prediksjonsevne for å redde ein inadekvat teori. Skjemaet kan då kritiserast for å mangle logisk og empirisk forankring. Vidare hevdar han at: ”Class divisions should be defined in terms of - and be shown to measure - a defensible concept of class position” (Evans 1998 i Evans 1999:9). Han meiner at Goldthorpe sitt klasseskjema har denne eigenskapen.

### 2.2 Forsking og debattar: Er klasse eit spørsmål om meir teori eller empiri?

I den breiare debatten om klasse og stratifikasjon dei siste tiåra hevdar Goldthorpe stadig at klasseomgrepet held vitskapleg stand, medan Grusky & Weeden (2001) hevda at klasseomgrepet måtte krympast til å kunne gripe effektar på mikro eller meso-nivå. Therborn (2002) hevdar derimot at klasseomgrepet bør utvidast til å forklare den internasjonale kapitalismen som bidreg til aukande globalisering av sosiale ulikskapar. Ser ein på dette med Wright (2005) si analyse av feltet dreier det seg altså ikkje berre som semantiske eller metodiske ulikskapar, men om kva klasse er meint å forklare, anten det er mobilitet og livssjansar, korleis subjekt vert lokalisert i ulikskapsfremjande strukturar, eller dei breiare historiske formene for undertrykking og ulikskap i verden. Når Svallfors finn at klasse framleis har ein konsistent betyding for sosiale haldningar i Sverige, kan der vere grunn til å snu spørsmålet i klassedebatten: Er det ikkje heller klassepolitikken som er avvikla, eller

nedtona i vestlege velferdsstatar som Noreg, heller enn at dei faktiske klasseskilnadene er forsvunne? Og kan usemja på feltet reduserast til eit spørsmål om meir teori eller empiri?

Samla sett har klassedebatten hovudsakeleg dreia seg kring tesar som på eit overordna nivå peikar på ein overgang frå industrisamfunnet til eit postindustrielt samfunn. Det inneber gjerne tesar som på ulike måtar forklarar klassene si svekking eller død, utifrå årsaker som a) ein vekst i service-næringane, og b) nedgang i primær og sekundær-næringane, (c) urbanisering, (d) arbeidarklassens fall, (e) ein middelklasse i vekst, (f) ei borgarleggjering av middelklassen, (g) ei høgredreiing av sosialdemokratiske parti, ofte mot sentrum, for å fange inn fleirtalet av middelklassestemmene, (h) eit skifte frå moderne produksjonssamfunn til eit postmoderne konsumsamfunn (Bauman 1992), (i) individualisering, (j) nye og pluralistiske kulturformer der sosial distinksjon er basert på konsumentprega livsstil; differensierte, fragmenterte, kaleidoskopiske identitetar (Baudrillard 1981). Som konsekvens hevdar difor mange at politisk haldningar ikkje lenger kan forklarast med utganspunkt i sosial klasse, men at unge veljarar er individualistar som stemmer utifrå saker eller ideologiar som passar deira identitet og livsstil (Offe 1987, Inglehart 1990, 1997).

I Evans (red. 1999) ”The End of Class Politics?” hevdar artikkelforfattarane at mange av desse tesane er spekulasjonar som ganske lett kan modererast og avkreftast ved hjelp av meir empiri. Medan ein kan stadfeste systematiske og relativt stabile klasseskilje både i levekår og politiske haldningar, understrekar Evans korleis koplinga mellom klasse og parti er sentral for ei forståing av den framhaldande betydinga klassestemmegiving:

> ”Class divisions in political orientations can be constant while their impact on partisanship can vary as a result of political rather than sociological factors. The potential for class politics thus remains even while parties fail to seize upon it.” (Evans 1999:330).

Dette inneber at ein opererer med eit skilje mellom *klassehaldningar* og *klassepolitikk* der ei lineær kopling ikkje er gitt, men er avhengig av fleire medierande faktorar og ulike aktørar sine evner og vilje til å mobilisere og ta i bruk organisatoriske strukturar. I komparative studiar ser ein korleis klassehaldningar kan vere sterke og stabile, utan at dette treng å slå ut i klassepolitikk (Svallfors 1999, Evans 1999). Den gamle føresetnaden der klasse vert kontrollert mot ein dikotom høgre-venstre-variabel for politisk tilslutning synest ikkje lenger (om den nokon gong har gjort det) å kunne gi adekvate forklaringar på spørsmålet om

klassestemmegiving. Ein ser derimot at spørsmålet er avhengig av ulike forklaringsdimensjonar som til dels kombinerer sosial struktur med nyare institusjonelle forklaringsmåtar. Ved å bringe ”politikken” - eller rettare sagt politiske aktørar - inn i klasseanalysen, kan perspektiva utfylle einannan og bidra til ein meir balansert og brei forståing av korleis klassekomponenten står i forhold til organisatoriske og historiske prosessar.

Scott hevdar derimot at ein ikkje kan svare påstanden om klassenes død berre med fleire empiriske undersøkingar. Han hevdar ein på ny treng å spørje seg kva som er meint med klasse for å bidra til vidare teoriutvikling og konstruksjon av konseptuelle verkty. Vidare understrekar han at samanhengen mellom klasse og *struktur* og klasse og *medvit* varierer empirisk, og at alt for mange har ignorert dette skiljet (Scott 1996:2). Scott meiner ein må sjå tilbake til Webers analytiske distinksjon mellom *klasse* og *stand*. Samtidig framhevar han korleis makt- og kommandostrukturar bidreg til stratifikasjon, som til dømes kommuniststaten i Sovjetunionen der den politiske eliten la grunnlaget for eit særeige stratifikasjonssystem. I Webers analysar av overgangen mellom statussamfunn til moderne klassesamfunn ser ein korleis begge samfunnstypane baserte seg på eit distinkt autoritetsmønster. Difor hevdar Scott at det er samspelet mellom *klasse*, *status* og *makt* i *sosiale stratifikasjonssystem* som bør vere fokus for analyse av ulikskap (Scott 1996:17). Ser en Scott si konseptuelle klårgjering saman med Evans sine måte å skilje mellom ulike empiriske fenomen på, kan ein hevde at denne utviklinga i både empiriske og teoretiske arbeid igjen opnar for relevansen for ei *sosiologisk* fundert analyse av betydinga av klassar og haldningar. På den andre sida kan det vere grunn til å tru at usemja går utover epistemologiske spørsmål.[18]

Også Crompton (2008) tek til orde for ei meir pragmatisk tilnærming til feltet. Ho argumenterer for at det vil vere meir fruktbart om forskarar i større grad forsøker å overkome tendensen til å klamre seg til einside analytiske dikotomiar som økonomi versus kultur og aktør vs. struktur, fordi det fører til at ein deler seg inn i konkurrerande leirar. Sett i forhold til

---

[18] Birkelund (1996) meinar at klassedebatten består av to separate debattar: klasseanalysen sin relevans i post- eller høgmoderne samfunn, og diskusjonar om kva klasseperspektiv som er best eigna til å analysere dagens samfunn. Sistnemnde inneber forskarar som tilkjenner at klasseanalysar framleis er viktig, men som er ueinige om korleis klasseomgrepet teoretisk og empirisk skal konseptualiserast. Medan denne todelinga kan tenkjast å karakterisere forskarfrontane, lyt ein likevel sjå det første i samanheng saman med det andre; klasseanalysen sin relevans er også eit spørsmål om fagfeltet si evne til å bidra med overtydande teoriutvikling og konseptuelle verkty som kan nyttast i empirisk fundert forsking.

Wright understrekar Crompton meir eksplisitt at medan ein ofte må nytte seg av desse dikotomiane for å kunne gjennomføre teoretiske analysar i forskarkvardagen, så er dikotomiane empirisk forstått vove saman.[19] Å forsøke å kople saman motstridande perspektiv når eg vidare skal analysere klasseskilnader i sosiale haldningar kan likevel verte ein svak forskingsstrategi. Som Weber [1922](2008) understreka bør ein kanskje vere særskild kritisk mot ein syntese av fleire partiske synsmåtar som ved å trekkje diagonalen mellom dei, gjer hevd på praktiske normer med vitskaplig gyldigheit:

> ”Middelveien er ikke et hår mer vitenskaplig sannhet enn de mest ekstreme partiidealer på høyre eller venstre fløy. Ingensteds er vitenskapens interesser i lengden dårligere ivaretatt enn der hvor man ikke vil se i øynene ubehaglige kjensgjerninger og livets harde realiteter” (Weber 2008: 148).

Sjølv om mange av motsetningane på forskingsfeltet er uttrykk for grunnleggjande vitskapsteoretiske problem og skiljelinjer, ser ein at fleire meinar ein bør nytte pluralismen på feltet til sin fordel. I innleiingskapittelet vart det påpeika at ulike forskarar kan finne støtte for motstridande hypotesar i det same datamaterialet. Medan klasseomgrepet og enkelte analysar har vore prega av semantisk uklårleik, og omgrepstøying på den eine sida, eller teoristyrt determinisme på den andre sida, så kjem ein framleis ikkje unna val som vil og må vere av verdiladd karakter.[20] Ein lyt difor spørje seg kva avgrensingar og føringar det weberinspirerte perspektivet legg for analysane i denne studien.

## 2.3 Klasse og haldningar i Noreg – de-alignment eller re-alignment?

Også norsk klasse- og haldningsforsking har vore prega av dei internasjonale debattane og trendane som følgje av dei samfunnsmessige endringane i etterkrigstida. Og mange av desse er gjort med statsvitskaplege perspektiv og tankemåtar. Knutsen (1995a) har i fleire studiar sett på politiske haldningar i lys av dimensjonar, trendar og sosiostrukturell bakgrunn.[21] Til liks med Clark & Lipset (2001) hevdar han det er klåre bevis for de-alignment-tesen, det vil seie at det skjer ei *avkopling* mellom klasse og haldningar, når det kjem til såkalla

[19] Med dette meiner ho at klasseforskinga er tent med å tenke meir ”både og», i motsetning til ”anten eller», sett at klasse og lagdeling i røyndommen alltid har sine årsaker og konsekvensar både i økonomiske og kulturelle høve (Crompton 2008).

[20] Sjå Weber [1922] (2008:141-192) om *samfunnsvitenskapenes ”objektivitet”*.

[21] Knutsen og andre statsvitarar nyttar omgrep som ”values” og ”orientation”, medan Svallfors (2006, figure 2.1) nyttar omgrep som ”norms” og ”interests”.

materialistiske høgre-venstre-verdiar i Vest-Europa. På den andre sida understrekar han at den totale tilslutninga til desse verdiane ikkje er minska i opinionen. Skilnaden er at verdiane si forankring i spesifikke sosiale grupper ikkje er like distinkte som i det typiske industrisamfunnet (Knutsen 1995a:42). Han meiner at høgredreiinga i verdiar på 80-talet er mindre interessant samanlikna med ulikskapane mellom land i Europa; der mindre utvikla land er meir venstreorienterte enn meir avanserte industrielle demokrati. Dette funnet forklarar han med å relatere distribusjon til nivået av statleg intervensjon i økonomien, nivået på velferd, og skatt i det gitte landet: "Only by taking into account these differences in political and economic structures can we understand the comparative differences in value priorities" (Knutsen 1995a:42). Til liks med Rothstein (1998) og Svallfors (2006, 2010a) legg han vekt på betydinga av institusjonar for å forstå bakgrunnen for haldningar og verdiskifte. Det sosiologiske spørsmålet vert i større grad *korleis* desse høva er knytt saman, og kvifor.

Knutsen peikar vidare på korleis verdiorientering først og fremst er forankra i hierarkiske variablar som klasse, utdanning og inntekt, men at betydinga av desse er senka over tid når han ser på etterkrigsgenerasjonane.[22] På eit overordna nivå konkluderer han samtidig med at materialistiske høgre-venstre-verdiorienteringar har ei sentral tyding når det kjem til politiske tankar i vesteuropeiske samfunn. Dei markerer motsetningar både i avanserte industrisamfunn og i dei mindre avanserte samfunna. Grunnleggjande sett indikerer verdiane stabilitet og kontinuitet i det politiske livet i Vest-Europa, noko som ofte vert oversett i studiar av verdiar og verdiendringar (Knutsen 1995a:43). Det same finn Svallfors, men han meinar derimot at de-alignment-tesa er feil; sjølve koplinga mellom klassebakgrunn og haldningar er relativt stabil over tid, stikk i strid med Knutsen sitt argument, faktisk sterkare i skandinaviske velferdsstatar. Når ein samanlikna er desse studiane, språkbruk, og måtar og trekkje konklusjonar på, lyt ein merke seg at medan den statsvitskaplege tradisjonen ofte forsøker å analysere tradisjonell *klassestemmegiving* (Ringdal & Hines 1999), så er dei nemnde sosiologane opptatt av koplinga mellom desse, som ein meinar har relevant betyding også utover handlinga på sjølve valdagen.[23] Det er også viktige metodiske og analytiske skilnader

[22] Til liks Berglund (2004) sin gjennomgong, samt nyare valstudiar av norske stortingsval (Aardal et al. 2007, 2011) har kjønn ein moderat innflytelse i enkelte land, der kvinner er gjennomgåande meir venstreorienterte enn menn (Knutsen 1995a).

[23] Studiar av klassestemmegiving har òg vore metodisk kritisert for å nytte den utdaterte Alford-indeksen: "Changes in the composition of party choice categories such as "left» or "non-left» may lead to spurios changes in estimates of class voting» (Evans 1999:12).

knytt til korleis ein brukar variablar. For det første er dei primært sett haldningsstudiar; multivariate analysar som forsøker å forklare ein haldningsdimensjon i størst grad. For det andre kan både Knutsen, Aardal et al. nytte desse haldningsdimensjonane som uavhengige forklaringsvariablar, for å forklare ein avhengig variablar som stemmegiving, politisk representasjon, eller andre haldningsdimensjonar.[24] Framgangsmåten til Svallfors (2006, kap. 4) er derimot grunngjeve i ein teori om sosiale haldningar, meir enn politisk handling. Indeksane er meir differensierte, og opnar for nærmare analysar av variasjonen av korleis klasse kan vere knytt til haldningar, og effektane i og mellom klassar på dei avhengige haldningsvariablane. Ein bivariat regresjonsanalyse vert i denne tradisjonen hevda å leggje opp til meir spesifiserte analysar, samanlikna med multivariate.

Er det klassepolitikken eller klassane som har døydd i Noreg?

Også Ringdal & Hines (1999:17) finn at klassestemmegiving er nedadgåande: Ironisk nok ser årsaka til denne endringa ut å vere at den politiske suksessen av klassepolitikk der universalistisk velferdsrettar – som til dels er ein respons på arbeidarrørsla si styrke - førte til ein oppløysing av middelklassen sin motstand mot sosialdemokratiet. Som sagt innleiingsvis i førre delkapittel om klassedebatten: Sjølv om klassepolitikken er død betyr det ikkje at klasse er uviktig for desse sentrale haldningane til likskap, rettferd og fordeling.

Den norske maktutgreiinga (NOU 2003) diskuterer derimot *det nye klassesamfunnet*, og finn tendensar som kan støtte ei slik hypotese:

> ”Klasseskillene er blitt mindre, men de er ikke visket ut i de norske samfunnet. Materielle levekår er gjennomgående jevnere enn for noen tiår siden, men det norske samfunnet er i ferd med å bli sterkere klassedelt på etnisk grunnlag. Store deler av innvandrerbefolkningen deltar ikke i det norske politiske systemet og utgjør en ny underklasse innen lavtlønnsyrker eller utenfor arbeidsmarkedet. Den økonomiske ulikheten er økende, særlig ved at næringslivsledere legger seg på lønnsnivå og bonusordninger som er tilpasset et mer internasjonalisert næringsliv.” (NOU 2003: 19)

Ein kan slik sett spør om den auka kompleksiteten i det norske samfunnet samtidig fører til eit meir komplisert stratifikasjonssystem. At næringslivsleiarar nærmar seg lønns- og bonusordningane til det internasjonale næringslivet reiser også spørsmålet om globalisering

[24] Til dømes autoritær-liberal-verdiar eller vekst-vern.

fremjar konvergens gjennom haldnings-isomorfi også i vestlege velferdsstatar som Noreg.[25] Maktutgreiinga peikar til dømes på at: ”Mens folkeflertallet vil ha økonomisk utjevning, sosial stabilitet og nasjonal kontroll, vil beslutningselitene ha effektivitet, omstilling og internasjonalisering.” (NOU 2003:19). Desse funna reiser kritiske spørsmål om det norske demokratiet, og tilhøve mellom makt, ulikskap og haldningar i det norske stratifikasjonssystemet. Før ein avsluttingsvis vil presentere Svallfors sitt perspektiv og framgangsmåte, følgjer ein diskusjon av skiljelinjemodellen – som i fleire tiår har hatt ein sentral posisjon når det kjem til å forklare politiske haldningar i Noreg.

### 2.4 Skijlelinjemodellen og tilhøvet mellom klasse og sosiale haldningar i Noreg

I den siste analysen av stortingsvalet 2009, blir skiljelinjemodellen sin relevans igjen hevda å vere stadfesta fordi den viser og forklarer korleis norsk politikk framleis er fleirdimensjonal, og at det er ein grunnleggjande ideologisk kontinuitet og stabilitet blant norske veljarar (Aardal etal.2011).

> ”Selv om systemet er flerdimensjonalt, spiller venstre-høyre-motsetningen (offentlig vs. privat) en spesielt viktig rolle. Analysene viser at betydningen av denne motsetning sank frem mot valget i 1997, men at den økte frem mot valget i 2005. I 2009 har den flatet ut på et relativt høyt nivå” (Aardal 2011:367).[26]

Skiljelinjemodellen er god til å forklare politisk sosialisering, og tek ikkje koplinga mellom folk og parti for gitt: ”Eksistensen av sosiale grupper innebærer i seg selv ingen institusjonalisering av sosiale konflikter – den oppstår først når partier, fagforeninger eller andre organisasjoner etableres” (Berglund 2007: 139). Perspektivet reiser spørsmål assosiert til det Wright (2005) kallar subjektiv plassering, og er god til å gripe kortidseffektar og den *politiske komponenten*.[27] På den andre sida kan den vere svak på å gripe bakanforliggjande årsakshøve som til dømes sosial ulikskap, systematisk diskriminering eller mekanismar som

---

[25] Sjå Svallfors (2010b) for eit eksempel på haldnings-isomorfi.

[26] Eit anna hovudfunn er at 2009 representerer eit *stabiliseringvalg* etter 20 år med aukande veljarvandring mellom partia. Når det kjem til betydinga av klasse finn dei at: ”Selv om sosial bakgrunn ikke spiller en like stor rolle for stemmegivingen som før, lever deler av disse motsetningene videre i form av politiske grunnholdninger (Aardal 2011:366)». Dei hevdar slik sett å ha avdekkja eit *ideologisk rom*, som teiknar det politiske landskapet (Aardal 2007: 107). Denne Venstre-høgre-skiljelinja er assosiert med tradisjonelle økonomiske mekanismar og sosial struktur - av politologar ofte kategorisert som ”old politics»

[27] Til dømes effektar relatert til massemedium, organisasjonar, artikulasjon og strategi.

bidreg til sementering av dei rådande skiljelinjene, altså sosio-strukturelle langtidseffektar. Ein kan spør om det har skjedd ei endring vekk frå Lipset & Rokkan (2010[1967]) sitt meir historisk-sosiologiske utganspunkt, der modellen har mista noko av sin styrke; i kraft av ei tydeligare strukturell og institusjonell forankring. Kanskje har Manza & Brooks (2012) eit poeng med sin artikkel *How Sociology Lost Public Opinion*, kommunikasjonsperspektiva stiller ikkje dei spørsmåla ein ynskjer svar på her, og satt på spissen: legg opp til meir deskriptive analysar av haldningar.

Idet Aardal (et al. 2011) finn at norske veljarar sine haldningar eller ideologiar ser ut til å strukturere seg ikring ein klassekomponent, så presenterer dei ingen overtydande forklaring på *korleis* og *kvifor* det både er og blir slik. Når klassekomponenten vert forklart som ”idérestar frå det gamle klassesamfunnet” vert det vagt og lite etterprøvbart. Idéhistorisk forsking syner derimot korleis ideologiane har vakse fram med utgangspunkt i historiske endringsprosessar, og i lys av ulike grupper sine materielle interesser og ressursar, så vel som kulturelle behov og praksisar (Thompson 1963, Therborn 1980). Når det også blir hevda at ideologi er ein avgjerande komponent ved norske val, kan ein spør kva som er meint med ideologi. Ideologiomgrepet framstår som ein semantisk middelposisjon, der argumentasjonen byggjer opp om de-alignment-tesa, eller omvendt.

Til slutt kan ein igjen spørje kva, kvifor og korleis ein eigentleg kan forklare denne påfallande stabiliteten i materialistiske verdihaldningar i skandinaviske land? Ved å ta på alvor betydinga av kommunikasjon, artikulasjon og den politiske komponenten, kan ein argumentere for at eit analytisk skilje mellom klasse*haldningar* og klasse*politikk* difor er hensiktsmessig. Samtidig som ein skil mellom klasse*struktur* og klasse*bevissthet*, som relaterer seg til ulike klasseperspektiv. Den auka fagdifferensieringa innan feltet kalla ”public opinion” kan slik sett opne for sosiologiske klasseperspektiv, for eksempel Svallfors sine studiar.

### 2.5 Svallfors: The moral economy of class – ein politisk sosiologi for klassehaldningar

Til liks med Aardal og Knutsen finn òg Svallfors (1997, 1999, 2006, 2011, Brooks & Svallfors 2010) ein påfallande stabilitet i sine studiar av haldningar til velferdsstaten og omfordeling. Han har utvikla ein framgansmåte som baserer seg på institusjonelle teoriar, samt forsking på partiidentifikasjon, politisk artikulasjon og retorikk.[28] Velferdsstatsforskinga

[28] Sjå spesielt Svallfors (2006:23).

er blitt stadig meir differensiert (Sjå Liebfried & Mau 2008:xviii) og dette perspektivet er knytt til spørsmålet om kva rolle klasse har i den overordna utviklinga av velferdsstatar, institusjonar, og deira moralske logikk.[29]

Perspektivet representerer i tillegg ein annan måte å tilnærmingsmåte til variablar og årsakssamanhengar samanlikna med til dømes skiljelinjemodellen, noko ein ser i Svallfors (2010:246) sin kritikk mot delar av opinion- og regimeforskinga:

> "(…)this particular 'dependent variable problem' has made comparisons between analysis difficult and the accumulation of findings painstakingly slow. There also seem to be an 'independent variable problem' Some analysts use dubious measures of social cleavages-class, in particular- and some tend to "explain" welfare state attitudes with other attitudes or party choice. All in all, this often creates considerable confusion about the structuring of welfare attitudes in different policy regimes."

Svallfors sin politiske sosiologi baserer seg på kvantitative analysar av svenske data, og fleire komparative studiar av internasjonale datasett. Likevel kan ein hevde at metoden representerer ein sosiologisk innfallsvinkel som nyttast på nasjonalt nivå. Han meiner å kunne påvise ein rekommodifisering og ei paradoksal deartikulering av klassekonseptet i vestlege velferdsstatar. Sidan befolkninga si velferd i større grad er avhengig av marknaden, fører det til ei gradvis ideologisk tilpassing, noko som kan forklare aukande vanskar med å gjennomføre redistributiv politikk som til dømes i Sverige. Samtidig har tilpassinga til den globale økonomien ført til ulike "tredje veg-røyrsler", og Svallfors spør i kva grad dette paradokset vil påverke haldningsmønstra (Svallfors 2006:5). Teorien eller tesen går kort sagt ut på at det skjer ei tilpassing eller moralsk konvergens mellom marknad, politikk og haldningar. Gjennom ein normativ feedback-mekanisme ser ein teikn på at kollektivistisk politikk og institusjonar ikkje berre gir folk eit inntrykk av kva deira materielle interesser er, men òg kva dei bør vere, og kva som er rettferdig (Svallfors 2006:2).

[29] Liebfried & Mau (2008: xviii) hevdar at "Some of the institutionalist agenda rests on historical and/or rational choice arguments. But it also contains normative perspectives: Welfare states and institutions are seen as differing not only in programs but in moral logic. The normative principles embodied in the institutions of the welfare state are crucial to the forming of public support for the different systems and for feeding their long-term development (Rothstein **1998**; Mau 2003)."

Svallfors (2006) legg fram ei teoretisk vinkling som skal forsøke å stadfeste og forklare mekanismane mellom klasse og politiske haldningar. Ved å nytte den komparative metoden søkjer han å frigjere påverknaden frå politiske institusjonar og politisk artikulasjon mellom det han kallar eit ”klasse-haldning-nexus” (Svallfors 2006:28). Svallfors hevdar klasse er eit viktig og dynamisk konsept, og nemner tre grunnar til å studere høvet mellom klasse og haldningar. Hovudgrunnen er at ein har fått meir marknad i dei vestlege velferdsstatane, og han spør om det medfører ein de-artikulering av klasse. Endringar i arbeidsliv og den sosiale strukturen kan også ha gitt større variasjonar innanfor klassane, og ført til meir heterogene haldningsmønstre (Svallfors 2006:2-8). Vidare er han opptatt av betydinga institusjonar har i ulike land, på moral, haldningar og sanfunnsutvikling. Svallfors nyttar den minimalistiske klasseoperasjonaliseringa som baserer seg på arbeidslivsrelasjonar målt med Goldthorpe sitt EGP-skjema, då han hevdar den er meir konkret og difor kan opne for meir presis forståing.

> ”Even if the exact boundaries between classes can be blurred, a class definition (as opposed to a status scale) must be able to reveal qualitive differences between the ”cores” of different classes” (Svallfors 2006:13).

*Haldningar* forstår han som normative førestillingar og meiningar om einskilde sosiale objekt, medan verdiar ikkje er knytt til spesielle objekt, og er ”positive” førestellingar som dreier seg om korleis ting faktisk er. Haldningar er interessant her fordi dei omhandlar meiningar om ideelle former for menneskeleg interaksjon og sosial orden (Svallfors 2006:18, eiga omsetjing). Etter først å studere klassemønstra søkjer han å utforske mekanismane som koplar klasse til sosiale haldningar. Her framhevar han klasseavhengige *interesser*, og klassespesifikke *normer*. *Interesser* definerar han som høve mellom ressursar og risiko, og *normer* som interesser modifisert av sosial interaksjon, og som kan framstå som eit mål i seg sjølv. På eit meir aggregert nivå kan normer reflektere gårsdagen sine maktkampar likeeins som dagen sine (Svallfors 2006:21).




***Figur 2.1:*** *Interesser og normer som mekanismar (Henta frå Svallfors 2006:21).*

I Figur 2.1 verkar høve mellom klasse til venstre, via interesser og normer/verdiar, og haldningar heilt til høgre. Dette illustrerast kort sagt korleis haldningar ligg nærast opp mot politisk handling, medan interesser, normer/verdiar ligg mellom gitt klasseposisjon og haldningar. Svallfors hevdar likevel at såkalla klasse-haldning-nexus vil ta ulike former avhengig av kva som er *grunnen* bak ulikskapane, anten det er mekanismar frå ulike dimensjonar som arbeid, marknad, velferdsstat eller familie. Sidan denne oppgåva fokuserer spesielt på sosial ulikskap vert dei sentrale funna frå hans studie av marknaden og velferdsstaten presenterte nedanfor.

I studiane av haldningar til marknaden finn han for det første ut at arbeidarar i større grad enn funksjonærar aksepterer ulikskap for å skape insentiv i marknaden. For det andre er det meir synlege klasseforskjellar i haldningar i dei koordinerte økonomiane i Sverige og Tyskland enn i dei liberale marknadsøkonomiane, noko som tyder på at di meir politisert marknadsdistribusjonen er, di skarpare deler klasseforskjellane seg (Svallfors 2006:74). For det tredje var klasseforskjellane meir integrerte og stabile i land med kollektive forhandlingsinstitusjonar, medan ein i USA såg ein arbeidarklasse med fragmenterte haldningsmønster (Svallfors 2006:75). Svallfors foreslår at når distribusjonspolitikk er politisk artikulert, så er det større sjanse for at folk vil kunne tenke på seg sjølve som medlem av eit kollektiv med bestemte interesser og standardar, i motsetning til atomiserte marknadsaktørar:

> ”the integration of opinions into coherent ideologies, or even programs of action, is just as important as the standpoints adopted within specific attitudinal dimensions. A tought that remains fragmented and incoherent is hardly a solid platform for sucsessful action (Svallfors 2006:76).

Med dette står institusjonar og politisk artikulasjon fram som viktige forklaringsvariablar for at haldningane til slutt kan verte omsett i handling: til dømes gjennom klassestemmegiving, men også gjennom andre kanalar.[30]

### Scott – Ei konseptualisering av Weber sin stratifikasjonsteori

I dei vidare haldningsanalysane er det derimot kontrollert for det Scott (1996:17-18) kallar ”objektivt” definerte klasseposisjonar og søkjer å inkorporere det weberianske skilje mellom

[30] Svallfors (1997:295) er og open for at ein bør studere dei organiserte interessene sine strategiar og artikulasjonsmåtar, for å få ein heilskapleg forståing av sosiale haldningar.

klasse, status- og kommandosituasjonar. Klasse-haldning-nexuset kan slik sett bli analysert i form av det ein med Weber forstår som den gitte klassen sin økonomisk situasjon generelt, eller marknadssituasjon spesielt (Scott 1996:25). Denne situasjonen vil jamfør Weber bestå i klassane sine ulike tilgangar på distribusjonen av makt, noko som medfører at klassestrataa tek former som ulike dominansstrukturar (Scott 1996). Desse høva påverkar individa i klassane sine moglegheiter for å kjempe om distribusjonen av godar og privilegium, i hovudsak deira individuelle livsjansar (Weber 2008). Slik sett kan ein hevda at klasseskilnader i haldningar til ulikskap også er eit spørsmål om nasjonale og historiske variasjonar i det sosiale stratifikasjonssystemet. *Parti* kan ein vidare forstå som ein organisasjon som kjempar om makt. Som diskutert i samband med Knutsen og Aardal et al. sine perspektiv er ei kopling mellom klasse og parti ikkje gitt, like lite som at aktuelle klasseskilnader automatisk fører til klassemedvit og koordinerte uttrykk i form av organisering og interesser, som Marx spådde i sine studiar av det kapitalistiske systemet.

Fordelen med ein sosiologisk analyse inspirert av Svallfors og EGP-skjemaet er auka innsikt i klassestrukturen, der ein stiller spørsmål om korleis maktforhold vert regulert, og korleis menneske internaliserer normer som anten kan forsterke, avdempe eller vidareføre desse strukturelle eigenskapane i samfunnet. Det inneber spørsmål om både historisk variasjon og livssjansar. Vidare kan klassestrukturen seie noko om kva former andre strukturar i samfunnet kan ta, om ein forstår kvart samfunn som ein unik formasjon.[31] Aktuelle studiar hevdar på den andre sida at klasse inneber nokre *generelle* mekanismar på tvers av land (Svallfors 2008, Wilkinson 2009, Wilkinson & Pickett 2011).[32] I ein diskusjon om metode og variablar i analyser av klassestemmegiving peikar Evans (1999:14) på eit argument som også kan grunngje følgjande haldningsanalyse: “The *explanation* of such changes (klassestemmegiving, anm.) might benefit from a multivariate analysis, but their *consequences* should be apparent at the univariate level”.

[31] Ved å nytte samfunnsperspektivet, jamfør ”the societal effect (SE) i (Sorge 1996:152-175), legg ein til grunn at det som skjer i ein sektor av samfunnet alltid er kopla til hendingar eller strukturar i andre sektorar. Tilnærminga legg vekt på sosial aktørar, som opererar innanfor spesifikke sosiale strukturar, og gjer val som kan forklarast ved å studere desse relativt stabile strukturane (td. utdanning, arbeid, politikk, sosial stratifikasjon) (Sorge 1996:152).

[32] Medan Wilkinson & Picket peikar på fleire slåande konsekvensar av økonomisk ulikskap, har samfunnsforskarar spesielt retta kritikk mot problemet med å nytte ein inntektsvariabel som målereiskap på ulikskap.

Oppsummering

Som peika på i innleiingskapittelet hevda Clark & Lipset (1991, 2001) at klasseomgrepet er utdatert og må fornyast, og tok opp tråden frå Jan Pakulski (1993) som proklamerte "The death of class" fordi klasse var eit historisk fenomen som ikkje lengre kan forklare ulikskapar i det *postmoderne samfunnet*. Han ser difor klasseomgrepet som ei politisk tvangstrøye som hindrar merksemd på dei viktige sosiale, kulturelle og politiske prosessane karakterisert som *globaliserte* ulikskapar, medan klasseomgrepet ser seg blind på dei *nasjonale* grensene (Pakulski 1996). Her ser ein altså at det grunnleggjande sett handlar om kva samfunn vi lev i. Vanlege argument mot klasseomgrepet i debatten på 80-tallet (Offe 1987) er at velferdsstaten dempar kapitalismens konsekvensar når det kjem til å generere ulikskapar, og at framveksten av middelklassen i vestlege velferdsstatar har fjerna grunnlaget for klassekamp. Medan Offe sitt argumentet kanskje kan rettast mot såkalla ortodokse marxistar, er det derimot ikkje gitt at betydinga av klasse, anten det vere seg for mobilitet eller sosiale haldningar, er utdatert.

Erikson, Goldthrope & Hällsten (2012:225) hevdar i sin siste replikk til Grusky og assosierte at: "Grusky's distinction between "nominalist" and "realist" conceptions would seem in this connection to be rather beside the point: nominal classes are real enough in their consequences". Slik sett held dei på at sosial stratifikasjon-perspektivet framleis er kjernemodellen, samtidig som andre perspektiv kan *supplere* forståinga av klassemekanismar. Argumentet liknar til dels Evans (1999) og Svallfors (2006): Formålet er ikkje å oppnå størst mogeleg forklart varians av ein gitt haldning, det interessante er derimot i kva grad klasse i ulike land fører til ulike haldningsmønster, og former for haldningsintegrasjon. Om hypotesen til Svallfors stemmer, kan ein vente at klassehaldningar er utbreidd i Noreg, og djupt forankra i det institusjonelle velferdskomplekset og tradisjonen for egalitære verdiar. Men før det, vil eg først drøfte reliabliteten til EGP-skjemaet i Noreg anno 2009, og Svallfors sin metodiske framgansmåte: Kor låg kan eigentleg klassevariabelen sin forklarte varians vere, før analysen av klassemønster vert meiningslaus?

# 3 Metode og data

Følgjande kapitlet byrjar med ein presentasjon av datasettet. Deretter følgjer ein gjennomgang av avhengige variablar, altså haldningsindeksane relatert til sosial ulikskap, og dei uavhengige variablane; først og fremst EGP-skjemaet, og andre bakgrunnsvariablar nytta i samband med OED-modellen. Sidan framgansmåten i hovudsak er bivariate regresjonsanalysar av klasse og haldningar, vil eg spesielt diskutere problemstillingar og val knytt til operasjonaliseringar av klasse.

Til slutt vert dei bivariate- og multivariate regresjonsanalysane diskutert, og metoden sin relevans knytt til denne typen klassebasert haldningsanalyse, med vekt på moglegheiter og avgrensingar i metoden, og dei aktuelle haldningsindeksane.

### 3.1 Datamaterialet

Alle tabellar og figurar i analysane er konstruert med utgangspunkt i individuelle survey-data utarbeidd av norsk samfunnsvitskapeleg datateneste (NSD) for Noreg, frå datasettet *Social Inequality IV* 2009, som er ein av fleire internasjonale haldningsundersøkingar organisert via the *International Social Survey Program* (ISSP) (NSD 2011:4).[33] Når andre data vert tatt med vert det gjort eksplisitt; dette er data frå Svallfors (2006, kap. 4) haldningsstudiar av Sverige, Tyskland, Storbritannia og USA, basert på Social Inequality II og III, høvesvis 1992- og 1999-setta. Det er først og fremst funn frå analysane av 1999-settet som vert samanlikna. 1999-tala vert slik sett berre handsama indirekte gjennom Svallfors haldningsanalyser. Datasettet for Noreg anno 2009 er derimot hovudkjelda, og er både tilpassa for, og gjennomført i analyseprogrammet SPSS.[34]

Datasettet tek utganspunkt i eit vanlig tilfeldig utval frå folkeregisteret med alder mellom 19-80 år, med ein responsrate på 41,6 prosent og eit nettoutval på 1456 personar (NSD 2011:5). Over tusen einingar gir dermed eit utgangspunkt for statistiske generaliseringar (Ringdal 2007). Tverrsnittundersøkinga er gjort med eit spørjeskjema på internett, og kan dermed tenkjast å vere prega av to faktorar: For det første den meir allmenne tendensen knytt til sjølvseleksjon, dvs. at individ med interesse for, og med noko sterkare haldningar til

[33] Datasettet er fritt tilgjengeleg til bruk frå internettsidene til NSD utan registrering. NSD vart medlem av ISSP i 1989, og har gjennomført liknande studiar i 1992 og 1999 (NSD 2011:4).

[34] Høvesvis SPSS versjon 19 og 20.

tematikken i spørjeskjemaet, kan verte overrepresenterte. På same måte kan individ med lågare engasjement verte underrepresenterte. Den andre faktoren er innsamlingsmåten, som er gjort via internett (NSD 2011). Medan internett er blitt eit medium for dei fleste i samfunnet, er det framleis ein underrepresentasjon i digital kompetanse og tilgang blant dei over 55 år.[35] På den andre sida er gjennomsnittsalderen i surveyen 47,4 år (NSD 2011:45), noko som kan indikere at det må vere eldre respondentar. Av dette kan ein spørje om det relative fråfallet hjå dei yngre kohortane er høgare enn hjå dei eldre, og ein får eit tilsynelatande normalfordelt populasjonsutval, som skjuler problem med representativitet. Dette er ikkje uvanlege tendensar knytt til datainnsamling av denne typen større survey-undersøkingar, og minner om at i all den grad ein har både normalfordelte parameterestimat, signifikante effektar og forklarte variansar, så byggjer analysane på estimat frå eit gitt populasjons*utval*. Små feiltrinn gjort i ein tidlig del av vitskapsprosessen, kan få store følgjer i andre delar. I lys av Ringdal (2007) sine kriterier, og analyser av skeivfordeling, ser likevel kravet til representativitet ut til å vere innfridd her, og eg går vidare med å konstruere variablar.

## 3.2 Avhengige variablar

Dei avhengige variablane tek utganspunkt i spesifikke haldningsspørsmål. Desse vert presentert tabellvis i byrjinga av kvar analysedel, og ein vil i denne delen diskutere konstruksjonen av dei avhengige variablane, og problemstillingar knytt til operasjonalisering.[36]

Kvar analysedel byrjar med ein tabell og diskusjon av spørsmål knytt til ulike aspekt ved det ein med Svallfors forstår som grunnleggjande haldningsobjekt. Først vert den samla prosenten som er *einige*, eller synest ein påstand er *rettferdig*, presentert. Til liks med Svallfors vert det nytta *to* svarkategoriar: ”svært einige”, og ”einige”. Respondentar som svarer ”verken, eller” vert altså ikkje rekna med i prosentdelen av viktig/einig/rettferdig i denne boksen, sjølv om det kan vere grunnlag for å hevde at svaralternativet ”verken eller” i enkelte tilfelle også kan representere tilslutning til ein verdi som vert oppfatta som innfridd eller som *status quo*. Dette kan til dømes gjelde ved spørsmålet om lønnsskilnadene i Noreg er for store i tabell 4.5, om ein hevdar at berre dei to svaralternativa ”svært ueinig” og ”ueinig” utfordrar det

[35] Ein undersøking gjort av seniornett finn at ein halv million nordmenn over 55 år ikkje har internett (NRK 2010).

[36] Sjå NSD (2012) for utfyllande informasjon/metadata for dei einskilte spørsmåla.

grunnleggjande fordelingspolitiske og egalitære idealet i Noreg, som samanlikna med ein del andre land, er og har vore prega av høg konsensus.[37] Den samla informasjonen frå tabellane og figurane vil likevel nyansere eventuelle skeive inntrykk i denne samanheng. Både gjennomsnittsverdien til kvart spørsmål vert tatt med, og figurane visualiserer både den *samanlagde* støtta på haldningsindeksen for dei seks klassane, så vel som avstanden mellom dei.

Svaralternativa på haldningsspørsmåla er på ordinalnivå, og strekkjer seg på ein responsskala mellom 1-5 eller 1-4, til dømes mellom svært einig til svært ueinig. Ofte vil eg omkode *retninga* på responsskalaen. Både for å replisere indeksane til Svallfors, og for å fremje intuitiv lesing av indeksverdiane. For å kunne rekne ut medianverdiar, og konstruere ein additiv indeksskala som strekk seg mellom 0-100, vert òg responsskalaen på dei einskilde spørsmåla flytta ned eitt hakk, slik at verdien 0 utgjer ein reell svarkategori.[38] Deretter vert indeksen konstruert med å addere spørsmåla, dividere verdien på samla tal svarkategoriar, og til slutt multiplisere med 100.[39] Gjennomsnittsverdien i tabellane er difor utrekna med utganspunkt i 0-4, og ikkje 1-5, som er det mest vanlige i publiserte analyser av slike ISSP-data. Dette vert kommentert undervegs i analysane. Dei spørsmåla som er utganspunktet for dei avhengige variablane er vald ut med utgangspunkt i Svallfors (2006:18) definisjon av *sosiale haldningar*, og kva haldningar det er *sannsynleg* at klasse kan påverke. Ein har både indeksar basert på dei same spørsmåla som Svallfors, og nye indeksar konstruert med utganspunkt i spørsmål stilt i 2009-datasettet relatert til denne oppgåva sine problemstillingar. Tematikken i datasettet Social Inequality ligg nærmast haldningsdomenet knytt til økonomiske marknadstilhøve, der aktiviteten er *distribusjon* og arenaen er *marknaden*.[40]

---

[37] Flaa & Pedersen (1999) skil derimot mellom *radikal*, og *generell* støtte til fordelingspolitikk. Høg, eller radikal støtte inneber at ein då må vere viss på at ein skatteauke kan vere nødvendig for å nå det aktuelle politiske målet. Ein slik framgangsmåte vil kunne gje meir presise målingar. Ein slik presisjon vil vere desto meir viktig i større komparative tidsserieanalysar av sosiale haldningar.

[38] Framgangsmåten er gjort etter syntaks konstruert av Svallfors (2006), basert på kapittel fire i denne boka.

[39] Etter at responsskalaen 1-5 eventuelt er snudd, og omkoda til 0-4, dividerer ein altså med *4* for kvart spørsmål ein vil legge til i indeksen, og ikkje med 5 sjølv om den reelt sett baserer seg på fem svarkategoriar. I dette eksempeltilfellet vil ein indeks basert på *tre* spørsmålsvariablar formulerast slik: ((v1+v2+v3)/12)X100.

[40] Sjå teorikapittelet, og Svallfors (2006:20).

Haldningsindeksar:

I kapittel fire nyttar eg indeksar for kva som er legitim (1) *lønnsdistribusjon* (2) *topplønn* (3) *høglønn* og (4) *låglønn.* Deretter legg ein til indeks for haldning til (5) *ulikskapskriterium og* (6) *fordelingspolitikk.* I kapittel fem konstruerer ein to indeksar for opplevd (1) *sjanselikskap og* (2) *konflikt,* og i første del av kapittel seks: Ein indeks for haldning til (1) *privat velferd.*

**Tabell 3.1 Deskriptiv statistikk for indeksar. Gjennomsnitt, standardavvik og chronbachs alpha.**

| Indeks | Chronbachs alpha | Gjennomsnitt | Standardavvik | *N* |
|---|---|---|---|---|
| Legitim lønnskilnad* | - | 309 | 682 | 1661 |
| *Topplønn* | - | 5447 | 16622 | 1366 |
| *Høglønn* | - | 598 | 6195 | 1359 |
| *Låglønn* | - | 308 | 4840 | 1371 |
| Fordelingspolitikk | 0.7 | 60,6 | 22 | 1348 |
| Ulikskapskriterium | 0,69 | 74,2 | 14,3 | 1386 |
| Sjanselikskap | 0,78 | 32,8 | 13,7 | 1166 |
| Konflikt | 0,82 | 37,3 | 15,8 | 1302 |
| Privat velferd | 0,86 | 31,6 | 27,3 | 1336 |

*Kjelde: ISSP:2009. Social Inequality IV: Norge*
** Inntektsvariablane er konstruert annleis, og har difor ikkje alphaverdiar. Sjå vedlegg 2 for diagnostisk statistikk for desse lønnsindeksane.*

Det er berre indeksane *fordelingspolitikk* (redistribution) og *privat velferd* (welfare purchase) som er heilt like Svallfors (2006:61,69) sine indeksar. Deretter kjem indeksen for *lønnsdistribusjon* (pay-spread), og dei assosierte indeksane for *topplønn*, *høglønn* og *låglønn,* som er nesten heilt like Svallfors indeksar. Desse er konstruerte med same framgangsmåte som Svallfors.[41] Skilnaden er at det er stilt spørsmål om nokre færre yrke i ISSP 2009 enn i 1999-datasettet, slik at mine indeksar har eit noko mindre grunnlag enn Svallfors. Det er likevel grunn til å hevde at dei viktigaste yrka framleis er med. Sidan det er fleire utfordringar knytt til desse lønnsvariablane, er også metodiske problemstillingar integrert i analysekapittelet (sjå kap. 4.1).

Medan gjennomsnittsverdiane for Goldthorpe-klassar presentert i figur 4.1 (Legitime lønnsskilnader) kan gje inntrykk av at det er nokre små, men tildels klassehierarkiske

[41] Metoden er basert på ein syntaks laga av Svallfors. Sjå første avsnitt av analysekapittel 4.1 for nærmare skildring og diskusjon av desse fire lønnsindeksane.

skilnader i kva ein tilgodeser ulike yrke i lønn, så innfrir ikkje regresjonsmodellane grunnleggjande krav om linearitet og normalfordelte feilledd. Meir utfyllande utskrifter i SPSS gir klåre indikasjonar på skeivfordelte observasjonar (Sjå vedlegg 2). Diagnostiske testar viser at måla for *sceewness* og *kurtoises* er langt over grenseverdiane, og residualplott viser at indeksane har mange "uteliggjarar" med ekstreme verdiar. Modellane viser seg med andre ord å vere prega av betydelig skeiv- og spiss-fordeling, og bryt med kravet om homoskedastisitet (Skog 2010:249-250). Metoden *Outline labeling rule* (Turkey 1977, Hoafland & Iglewicz 1987)) betrar ikkje skeivfordelinga.[42] Heller ikkje metoden kalla *winsorizing* er eigna, då problemet ikkje lar seg løyse gitt det store mengda med det som ville blitt definert som avvikande verdiar.[43]

Som peika på i kapittel 4.1 er det ikkje uvanlig at lønnsdata kan vere problematisk å arbeide med, og i denne samanhengen har ein å gjere med *normative* lønnsdata, i motsetning til faktisk inntekt. Omkodingar, i tillegg til omfattande trimming av desse variablane, har truleg lite for seg gitt at utvalet av yrke uansett er lite, og ikkje spesielt representativt for ein formel som måler legitime lønnsskilnader i Noreg. Svallfors nyttar derimot modellen til å studere skilnader *mellom* land, og til ein viss grad kan ein òg gjere interessante samanlikningar med indeksverdien for Noreg anno 2009. Størst meining gir det derimot å samanlikne kva ein tilgodeser dei einskilde yrka på tvers av landa i Svallfors studie anno 1999. Ein klasseanalyse derimot, kun basert på differansen mellom *gjennomsnittsverdiane* til seks Goldthorpe-klassar som vist i Svallfors figur 4.1 (2006:60), vert i denne samanhengen problematisk, fordi eg hevdar at statistiske grunnføresetnader (som alfatestar og normalfordelte residualledd) må vere innfridd når ein skal diskutere klasseskilnader, både nasjonalt og internasjonalt, med utganspunkt i klassane sine gjennomsnittsverdiar. Dette problemet vil bli handsama meir inngåande i underkapitlet om regresjonsanalysens rolle i dette studiedesignet.

[42] *Outline Labeling Roule* er basert på ein tradisjonell formel som tek utgangspunkt i differanseraten mellom den øvre 75% kvartilen og den lågare 25% kvartilen, multiplisert med **1,5**, for til slutt å addere verdien til øvre kvartil, og subtrahere verdien med lågare kvartil: og til slutt sitje igjen med to nye nedre og øvre kritiske verdiar (Turkey 1987). Dette syntest ikkje å løyse problemet, lite like som kriteriet på **2,2**; som i ettertid vart hevda å vere betre eigna ved utrekning av ei kritisk grense for øvre og nedre verdiar, fordi 1,5 blei kritisert for å diskriminere moglege normalfordelte verdiar i omlag 55% av statistiske tilfelle den vart brukt i (Hoafland & Iglewicz 1987).

[43] Jamfør Skog (2010:249-250).

### 3.3 Uavhengige variablar

Klasse. Eigen EGP.

Den sentrale uavhengige variabelen er som sagt klasse. Goldthorpe-klassar byggjer på teoretiske funderte aggregat av konkrete yrke som er klassifisert, og til dels rangert, med utganspunkt i marknadssituasjon og statustilhøve (Erikson & Goldthorpe 1992). Likevel vil mange hevde at skjemaet òg byggjer på praktiske tilpassingar gjort i lys av viktige samfunnsendringar, kritikk, og analytiske formål (Crompton 2008).[44] Operasjonaliseringa av yrkeskategoriar i klasseskjemaet er gjort med utganspunkt i den internasjonale standarden for yrkesklassifisering, ISCO88, og det aktuelle ISSP:2009-datasettet er slik sett kompatibelt med det valde klasseskjemaet, jamfør variabel v054, "eigen yrkestittel".[45] Utgåva av klasseskjemaet stammar frå Ganzeboom & Treiman (1996) sine revideringar av EGP-skjemaet, som mellom anna søkjer å inkorporerer element frå CASMIN-prosjektet (Erikson *et al.* 1989).[46] Formålet er kort sagt å lage eit betre skilje mellom ulike typar leiaransvar, utdanning og yrkesstatus, for å få ei meir presis klassifisering. Medan Erikson & Goldthorpe (1992:52) hevda at berre ein sjudelt versjon av EGP-skjemaet er legitim for bruk i komparative analysar, hevdar Ganzeboom & Treiman (1996) at deira standardisering gir eit 11-delt klasseskjema som også er gyldig til komparative studiar. Ganzeboom & Treiman (1996:214) skil seg ut med å slå saman EGP-IIIa -og IIIb til kun *ein* kategori for rutineprega ikkje-manuelle yrke.[47] I tillegg opererer dei med *to* kategoriar for landbruksarbeidarar, der "IVc Farm Labour", (ofte EGP 6), vert ein sjølvstendig klasse av tilsette i primærnæringane med leiaransvar og sterkare sosioøkonomisk posisjon, flytta til slutt som "11. Farmers, farm managers". Nest sist kjem "10. Farm Workers" (VIIb), som består av landbruksarbeidarar *utan* tilsette og leiaransvar. I desse endringane ligg det mange interessante problemstillingar

[44] Sjå Crompton (2008) for ein presis gjennomgang, kritisk drøfting av Golthorpe m. kollegaer sitt klasseskjema, og teoretiske og empiriske implikasjonar. Også klassedebattane, både dei metodiske og dei meir teoretiske, dreier ofte kring ulike problem eksemplifisert med Goldthorpe-klassar. Tildømes Clark & Lipset (red.)(2001). Og Wright (1990).

[45] For oversyn over kodar og klassifisering for kvart einskilt yrke, sjå *Internationally Comparable Measures of Occupational Status for the 1988 International Standard Classification of Occupations* (Ganzeboom & Treiman 1996). I tillegg kan ein sjå *Norges offisielle statistikk - Standard for yrkesklassifisering* (SSB 1998).

[46] **C**omparative **A**nalysis of **S**ocial **M**obility in **I**ndustrial **N**ations. Den aktuelle syntaksfila med klasseskjemaet er revidert av Hjellbrekke & Korsnes i 2005.

[47] Romertal representerer Goldthorpe-klassar. Sjå Erikson & Goldthorpe (1992:28-39).

og avvegingar ein ikkje har anledning til å diskutere i djupne her.[48] Etter å ha tilpassa Ganzeboom & Treiman sine kategoriar til gjeldande formål, sitt eg igjen med seks klassar skissert i tabell 3.1 under.

**Tabell 3.2 EGP-skjemaet: Oversyn, omgrep og eksempel. Uavhengige variablar.**

| | | **Namn og omgrep** | **Kjenneteikn** | **Eksempel** |
|---|---|---|---|---|
| 1 | I | Høgare kontrollyrke *(Serviceklassen)* | Profesjonelle, administratorar og leiarar på høgare nivå. | Sivilingeniørar, legar, universitets-lektorar, leiarar i store og mellomstore bedrifter. |
| 2 | II | Lågare kontrollyrke *(Serviceklassen)* | Profesjonelle, administratorar og leiarar på høgare nivå. | Ingeniørar, lektorar i vidaregå-ande skule, leiarar i små bedrifter (færre enn 10 tilsette). |
| 3 | III a-b | Ikkje-manuelle i rutineprega yrke *(Rutinefunksjonærar)* | Høgare og lågare nivå. | Byråkratar, salsarbeidarar, sjukepleiarar, sekretærar, før-skulelærarar, barnehageassistentar. |
| 4 | IVa-b V | Sjølvstendige Næringsdrivande *(Småborgarskapet)* | Sjølvstendige og leiarar i manuelle yrke | Mindre entreprenørar (1-10 tilsette), sjølvstendige utan tilsette, arbeids-leiarar, leiarar i manuelle yrke. |
| 7 | VI | Faglærde i manuelle yrke *(Faglærde arbeidarar)* | Kompetanse tilsvarande sveinebrev. Fullført vidaregåande opplæring. | Tømrarar, sveisarar. Faglærde i ulike næringar. |
| 8 | VIIa | Ufaglærde i manuelle yrke *(Ufaglærde arbeidarar)* *(Referansekategori)* | Tilsette utan krav om formell utdanning. Grunn-skule høgaste utdanning. | Reinhaldsarbeidarar, bud, vakthald, renovasjon. Hjelpearbeidarar i ulike næringar. |

*Merknad I:* Romartal viser til Goldthorpe-klassar (Erikson & Goldthorpe 1992:28-39).
*Merknad II*: Tal viser til Ganzeboom & Treiman (1996:214) sine reviderte klassar, med unntak av 4, som her er slått saman med 5 og 6. Sjå òg Ganzeboom & Treiman (1996) Apendix A for komplett oversyn.

Undervegs har eg (1) fjerna bønder og tilsette i landbruket, (2) nytta ein utdanningsvariabel for å skilje mellom faglærde og ufaglærde i manuelle yrke, (3) skilt ut arbeidarar med leiaransvar, (4) skilt ut dei som er sjølvstendig næringsdrivande innanfor manuelle yrke, i tillegg til å (5) skilje mellom sjølvstendige med og utan tilsette. Til slutt (6) valde eg å slå saman sjølvstendige med og utan tilsette (IVa-b) og arbeidsleiarar (V) til *ein* kategori: ”4 Sjølvstendige næringsdrivande”, og endar til liks med Svallfors opp med eit seksdelt klasseskjema, som skissert i tabell 3.1.

[48] For meir utfyllande informasjon, sjå Ganzeboom, Degraaf & Treiman (1992) og Ganzeboom & Treiman (1996) sine bidrag, gjort i lys av Erikson *et al.* (1989) og spesielt Erikson & Goldthorpe (1992).

Sidan andelen sysselsette bønder i Noreg er låg, vel eg som sagt i punkt ein å fjerne desse frå skjemaet, fordi det ikkje grunnlag for statistisk generalisering.[49] Eit alternativ kunne vore å slå bøndene saman med faglærde og ufaglærde arbeidarar, til dømes med utgangspunkt i ein utdanningsvariabel. Men fordi bønder og arbeidarar har klart ulike posisjonar i norsk historie, ulike politiske orienteringar (Rokkan 2010 [1987]) og ulike mobilitetsregime (Hjellbrekke & Korsnes 2006), vil ei samanslåing føre til uønskt heterogenitet i arbeidarkategoriane. Vidare passar det dårleg med det teoretiske utganspunktet for dette klasseomgrepet, idet eigenarten nettopp ligg i å skilje ut individ på bakgrunn av yrkes-status- og autonomi i ein gitt arbeidsmarknad. Punkt to i omkodinga er gjort i tråd med Ganzeboom og Treiman, der ein nyttar ein utdanningsvariabel frå datasettet for å sikre at skilje mellom faglærde og ufaglærde i manuelle yrke er presist.[50] Når eg i punkt tre skil ut arbeidsformenn og andre leiarar innan manuelle yrke, nyttar eg v056, og gir leiarar verdien 7. Ein veikskap med den er at ein ikkje kan skilje mellom ulike *nivå* av leiaransvar.[51] Eg vel likevel å kode om alle i kategori 8 (faglærte) og 9 (ufaglærte) som informerer at dei arbeider innan leiing til kategori 7 (Lower-grade technicians; supervisors of manual workers). I punkt fire nyttar eg variabel v052 for å flytte alle sjølvstendige tilsette i manuelle yrke til kategori 5. Ved punkt fem nyttar eg same variabel, v052, og flyttar alle sjølvstendige med tilsette over til kategori 4.

Til slutt vel eg likevel å slå saman kategori ”4. Sjølvstendige med tilsette”, ”5. Sjølvstendige yrke utan tilsette” og ”7. Arbeidsleiarar og leiarar innan manuelle yrke”, til 4. Sjølvstendige næringsdrivande. Denne manøveren vert gjort fordi dei tre kategoriane kan tenkjast å utgjere eit sjikt med noko overlappande interesser og haldningar, som skil seg frå rutineprega ikkje-manuelle yrke på den eine sida, og tilsette i manuelle yrke på den andre sida. Kvar for seg er kategoriane i tillegg små, og manøveren gir ei liknande seksdeling av EGP-skjemaet som Svallfors nyttar i si haldningsanalyse. I kva grad denne gruppa av sjølvstendige næringsdrivande og arbeidsleiarar kan reknast som eit distinkt småborgarskap er derimot

[49] Til saman 35 einingar. (EGP 10. Farm Labour N=28. EGP11 Selfempl. Farmers N=6).

[50] Eg nyttar her v095 UTD2, som er kategorisk, til å skilje mellom fullført og ikkje fullført vidaregåande opplæring.

[51] Dette kan til dømes føre til at prosjektleiing og anna leiingsverksemd innanfor elles ordinære manuelle yrke, kan få større vekting enn det som er tenkt. Arbeidsmarknaden er i stadig endring, og i mange land inklusiv Noreg, har ein fått fleire som jobbar med administrasjon og leiing, utan at det nødvendigvis treng å innebere at desse har fått ein auka sosioøkonomisk posisjon samla sett.

tvilsamt. Av statistiske testar finn ein at den endelege kategorien (4 i tabell 3.1) vert noko heterogen. Også kategorien av ufaglærde i manuelle yrke vert noko meir heterogen enn optimalt, noko som kan skuldast få einingar (sjå vedlegg 1). Desse utfalla kan ein sjå i lys av problemet med dei mellomliggjande klassane. I dei aktuelle analysane er i tillegg kategorien av sjølvstendige næringsdrivande sjeldan signifikant ulik frå referansekategorien ufaglærde i manuelle yrke. I kva grad dette skuldast metodologiske utfordringar med yrkesklassifisering og koding, knytt til stadige organisatoriske endringar, Noregs yrkesstruktur, eller om det på den andre sida er å forstå som resultat av små reelle klasseskilnader mellom yrka i dette sjiktet, får vere spørsmål for vidare forsking.

OED-modellen: Bakgrunn, utdanning og posisjon[52]

I delar av denne studien nyttar eg prinsippet til OED-modellen (sjå kap. 5.2, 5.4 og 6.2), der eg kontrollorer eg for betydinga til EGP-variablane. Det skjer med variablar for sosial bakgrunn, utdanning og posisjon. Dette bryt såleis med Svallfors bivarate opplegg, og legg opp til multivariate blokkvise regresjonsanalyser.

Alle variablane utanom inntektsvariabelen, er omkoda til dummy-variablar. Medan ein til ein viss grad kan tolke fordelinga på klassevariablane, og til dels utdanningsvariabelen, kontinuerlig i det analytiske arbeidet, så har dei einskilde verdiane kvalitative eigenskapar som gjer at ein kategorisk bruksmåte er klart best eigna i dette tilfellet.

Først omkodar eg først variabelen for ”fars yrke når respondenten var 16 år”, til klassekategoriar. Ved operasjonalisering av fars EGP finst det derimot ikkje variablar for meir grundige omkodingar basert på utdanning, jobbautonomi og leiaransvar. Eg nyttar difor det opphavlege oppsettet til Ganzeboom & Treiman (1996:214), men utan kategoriane med sjølvstendige næringsdrivande og arbeidsleiarar (5 og 6), og sjølvstendige bønder (11). Dette skuldast at dei statistiske utskriftene viser langt fleire bønder i foreldregenerasjonane enn blant respondentane sjølve.[53] Eg vel difor å halde på kategori 10 som har 100 einingar, og fjerne 11; sjølvstendige næringsdrivande bønder, fordi dei berre utgjer 6 einingar. På den andre sida kan ein spør om ikkje dei fleste bønder per definisjon er eller var sjølvstendige næringsdrivande, og at ei samanslåing kanskje ikkje er problematisk. Då treng ein i tilfelle ei

[52] Sjå vedlegg 1 for deskriptiv informasjon av dei uavhengige variablane.

[53] Sjå vedlegg 1.

meir grundig analyse av kva kjenneteikn som skil ut desse seks bøndene til klasse ”11”, eller omvendt, kvifor 100 vert plassert i kategori 10 heller enn 11, forstått i lys av norske tilhøve kjenneteikna av små og sjølveigande bruk. Som argumentert for i førre del vel eg å ta omsyn til klasseskjemaet sin eigenart, og er difor tilbakehaldande med vidare samanslåingar av kategoriar enn det som allereie er gjort. Trass manglande tilleggsvariablar om foreldra sin posisjon, som kunne vore relevant i lys av CASMIN-prosjektet, er det likevel interessant å sjå korleis kartet (EGP) passar noko betre til terrenget, når skjemaet her vert operasjonalisert til klassar som berre er basert på den mannlege foreldregenerasjonen sin yrkesstruktur.[54] Ser ein vidare datasettet, koding og operasjonalisering av EGP-skjemaet samla, kan ein vurdere i kva grad dette svekkjer nivået av reliabilitet og validitet.

Det er hevda at EGP-skjemaet er konstruert på ein måte som fører til at kvinnene hopar seg saman, særleg i klassene for ikkje-manuelt rutinearbeid og lågare serviceklasse, medan menn er spreidd noko jamnare utover klasseskjemaet (Crompton 1993:95, Ringdal 2010). Kritikarar hevdar at dette ikkje berre skuldast at kvinner sine klasseposisjonar, definert på bakgrunn av yrke, er meir homogene enn menn, men at klassestrukturen slik den er operasjonalisert i EGP-skjemaet er konstruert på bakgrunn av menn si sysselsetjing, og dermed ikkje får fram skilnader i kvinner sine klasseposisjonar (Crompton 1993:96, Abbott & Payne 1990:17).

### 3.4 Metode: Regresjons- og korrelasjonsanalysar

Ringdal (2001:286) hevdar at: ”Regresjonsanalysen er meget fleksibel og blir i denne boken presentert som den viktigste analyseteknikken for talldata. (…)Viktig er muligheten for å lage skalaer og indekser”. Han peikar spesielt på tre krav: 1). Årsaksslutning og tidsrekkjefølgje, 2). Krav til korrelasjon og samvariasjon (restledd) i lukka system, som føreset ein deterministisk samanheng, og 3). At ein observert samanheng ikkje skal forsvinne når ein kontrollerar for ein annan uavhengig variabel som er like tidleg eller kjem *før* den opphavlege (Ringdal 2001:286). Målenivået i dei avhengige variablane er indeksar omkoda til standardiserte kontinuerlige poengverdiar mellom 0-100, og er på intervallnivå. Regresjonsanalysen er såleis ein relevant analyseteknikk, som gir variansanalysar (ANOVA) for alle typar kategorivariablar (Ringdal 2001:392). I tillegg kan dei kombinerast med korrelasjonsanalysar basert på Pearsons R. Som Evans (1999) peikar på, er det derimot usemje knytt til kva modellar som tener på multivariate analysar. Medan forklaringar av eit

[54] For vidare diskusjon av problemet med kjønn og EGP-skjemaet, sjå Crompton (1993:55-56).

fenomen kan tene på ein multivariat analyse, hevdar han konsekvensane uansett bør vise seg på eit univariat nivå (Evans 1999:14). I denne studien er ein spesielt opptatt av å granske effekten klasse har på haldningar, så ein nyttar som Svallfors ein bivariat tilnærming, som i visse tilfelle kan utgjere ein mellomposisjon, med visse metodiske og analytiske spenningar. I lys av Ringdal sine tre punkt ovanfor, såg eg det som nødvendig å supplere med multivariate (blokkvise) analysar i kapittel 5 og 6 basert på OED-modellen. Desse gav ei klart betre modelltilpassing, og eit anna spesifisitetsnivå. Evans (1994:14) har likevel eit godt poeng når han hevdar at ”if controlling for union membership reduces the effect of class position on vote, it does not necessarily signify the weakness of class – if anything, it gives an insight into the mechanisms through which class position affects political orientation”. Dette illustrerer i tillegg korleis bruken av kontrollvariablar ikkje er ein eksakt vitskap, men heng saman med i kva grad ein vektlegg ein induktiv versus ein meir teoridriven tilnærming til dataanalysane.

Som sagt innfrir ikkje dei første lønnsvariablane i kapittel 4.1 kravet til normalfordeling.[55] Det er i tilegg ein viss spenning mellom figurane og tabellane som er vert å peike på, der regresjonsanalysane byggjer på f-testar og t-testar, medan figurane byggjer på ein presentasjon av gjennomsnittsverdien for dei seks Goldthorpe-klassane.[56] I tilfelle der fleire av klassane ikkje er statistisk signifikant ulike frå konstanten, dvs. ufaglærde i manuelle yrke, er det problematisk å stille opp ein figur som antyder klassehierarkisk fordeling av alle dei seks klassane. Medan figurane oftast vil supplere og samanfalle med funna i regresjonsanalysane, vil det vere tilfelle der figurane kan gi inntrykk av at effektane er meir systematiske enn det som er vitskapleg grunnlag for å hevde om ein legg Ringdal sine punkt til grunn. Dette er ei innvending som kan rettast mot Svallfors råmeverk, i den grad klasseskilnadene han presenterer med figurane (2006:kap 4.) ikkje vert framstilt og systematisk underbygd like strengt med statistiske testar. Når eg i denne masteroppgåve vel å lese figurane og regresjonsanalysane saman, og resultata for fleire av dei mellomliggjande klassane *ikkje* er signifikante ulike frå konstanten/referanseklassen, kan forklaringsverdien til EGP-skjemaet verte svekka. Det substansielle innhaldet i fleire av både mine og Svallfors figurar vert då redusert til to-tre EGP-klassar, ikkje seks. Desse er ofte fordelt langs to signifikante og distinkte posisjonar eller klassepolariserte tyngdepunkt, på indeksskalaen. I mine analysar skjer dette oftast i samband med store standardfeil, og/eller små

[55] Lønnsforskjell indeks (redistribusjon), topplønn indeks, høglønna indeks, låglønna indeks.

[56] For at dette målet kan nyttast må det i det minste falle innanfor eit 95% konfidensintervall

betakoeffisientar, og reiser spørsmålet om kriterievaliditet og substansiell signifikans.[57] Medan Svallfors understrekar at formålet med hans studiekonsept ikkje er å jakte på høgast mogeleg varians, men å studere dei kvalitative variasjonane klasse har på ulike sosiale haldningar, så kan ein likevel ikkje sjå bort frå Ringdal sine punkt. Som Evans (1999:14) hevda kan kontrollvariablar skilje ut kva mekanismar som ligg bak ein klasseeffekt. Men i tilfelle der EGP-skjemaet ikkje gir meiningsfulle effektar, og utdanningsvariablane åleine løftar modellen betydeleg i tillegg til å fjerne effekten av EGP-klassar, lyt ein vedkjenne at verdien av ein bivariat analyse vert låg, og kanskje misvisande. At EGP-klassar fungerer på enkelte haldningar, og mindre på andre, kan derimot tenkjast å spegle studieobjektet sin eigenart. Likevel reiser analysane i denne studien spørsmål om kriterievaliditet, all den grad CASMIN-prosjektet og Ganzeboom & Treiman nettopp søkte å betre EGP-skjemaet med ein utdanningsvariabel.

Oppsummering

Med desse diskusjonane har eg trekt opp nokre overordna problem og moment, nokre som ein ikkje kan gjere noko med, og andre moment som vil følgje i dei neste tre analysekapitla. Eg vil likevel ikkje redusere momenta til reine spørsmål om reliabilitet og valditet, og kva som er gjengs i statistiske lærebøker. Problema bunnar òg i ulike epistemologiske synspunkt som er førande på korleis ein vel å forstå og bruke bivariate analyser samanlikna med multivariate analyser.

[57] Sjå tildømes tabell 4.6. der effekten av klasse på haldningar til fordelingspolitikk er høg, samtidig som dei separate effektane til rutineprega yrke, sjølvstendige og faglærde arbeidarar ikkje er statistisk signifikant frå ein ufaglærd arbeidar.

# 4 Analyse I: Klasse og haldningar til lønn og omfordeling

*"Den økonomiske ulikheten er økende, særlig ved at næringslivledere legger seg på lønnsnivå og bonusordninger som er tilpasset et mer internasjonalisert næringsliv." (NOU 2003: 19).*

I følgje den norske maktutgreiinga ser ein eit sprik mellom folket og dei styrande sine haldningar i det nye klassesamfunnet: "Mens folkeflertallet vil ha økonomisk utjevning, sosial stabilitet og nasjonal kontroll, vil beslutningselitene ha effektivitet, omstilling og internasjonalisering" (NOU 2003:19). Medan dei materielle levekåra er jamnare fordelt og klasseskilja mindre enn dei tiåra vi har bak oss, konkluderer rapporten samtidig med at det norske samfunnet er i ferd med å bli sterkare klassedelt på etnisk grunnlag. Store delar av innvandrarbefolkninga deltar ikkje i det norske politiske systemet og utgjer ein ny underklasse innan låglønnsyrke eller utanfor arbeidsmarknaden (NOU 2003:19). Som følgje av finans- og gjeldskrisene har fleire statar i Europa kutta i offentlege velferdsgode, lønningar og arbeidsplassar. I Noreg, til liks med andre land, har ein hatt ein debatt om den stadige veksten i leiarlønningar, bonusar og lukrative ordningar til den økonomiske eliten, men ved hovudoppgjeret i 2012 vart formaningane om moderasjon først og fremst retta mot vanlige lønnsmotakarar.[58]

Svallfors hevdar at i dei skandinaviske velferdsstatane står kampen om dei økonomiske godane i hovudsak innanfor dei velferdspolitiske råmene i staten (Svallfors 2006). Manglande tilknyting til det politiske systemet er slik sett problematisk. Som peika på i førre kapittel, vil fragmenterte haldningsmønstre, og låg haldningsintegrasjon i dei ulike klassesjikta vere eit dårlig utganspunkt for handling. Ved å granske i kva grad klasseskilnader påverkar politiske haldningar med konsekvensar for ulikskapar i materiell levestandard, ligg denne første analysen nær klassetemaet Wright (2005:185) definerar som *livssjansar*: Kva forklarar ulikskapar i levevilkåra og materiell levestandard? Gitt at dei nordiske velferdsstatane er sagt å ha historisk veletablerte klasseskilje (t.d. Esping-Andersen 1990; Hubert & Stephens 2001; Korpi 1983), som også er kopla til utviklinga av velferdsstaten dei siste åra: Finst det klasserelaterte mekanismar knytt til materielle interesser og oppleving av risiko, som fører til skilnader i haldningar, atferd, og andre interesselinjer slik klasseteori antyder? Med tanke på

[58] Statsministerens kontor (2012). Næringslivets hovudorganisasjon (2012). I følgje klassekampen (2012a) steig lønningane med 4% for vanlige lønnsmottakarar i 2011, og 12% for toppleiinga i dei statleg eigde selskapa same år.

den framtidige utviklinga av velferdsstaten og tilsluttinga til det som er sagt å vere eit særskilt egalitært ideal i Skandinavia kan ein spør kor store lønnsskilnader som eigentleg er legitimt. Kva og i kor stor grad vert kriterium for lønnsdifferensiering legitimert, og i kva grad støttar dei ulike klassane opp om statleg omfordeling i Noreg anno 2009?

I dette første analysekapittelet vil klassane sine haldningar til lønn, ulikskap og fordeling verte handsama. Analysen spør først kva som vert oppfatta som rettferdige lønnsskilnader mellom eit utval sentrale yrke, og vidare kva som eventuelt er konkrete kriterium som kan rettferdiggjere eventuelle lønnsskilnader. I den tredje delen går ein vidare til spørsmålet om omfordeling av inntekter, fordelingspolitikk, og spør korleis klasse er knytt til nordmenn si tilslutning og forventningar til statleg intervensjon i form av fordeling av ressursar mellom dei rike og dei fattige. Kvar sekvens vil opne med ein tabell med konkrete spørsmål, til dømes prosent einige i påstanden, eventuell klasseskilnader knytt til spørsmåla. Etter at denne er diskutert følgjer ein haldningsindeks skissert i ein figurar som viser klasseskilnadene langs ein additiv skala frå 0-100. Figuren viser *medianverdiane* for dei ulike klassane. Figurane vert diskutert i lys av F-test, t-test, betakoeffisientar og standardfeil i tilhøyrande regresjonsanalyse. Medan tabell 4.3: *haldningar til ulikskapskriterium*, vil omfatte nordmenn, opnar analysane av *legitime lønnsskilnader*[59] (tabell 4.1) og *haldningar til fordelingspolitikk* (tabell 4.5) for ein komparativ dimensjon ved at tidligare funn frå Sverige, Storbritannia, Tyskland og USA blir diskuterte.[60] Slik vil ein sjå dei norske haldningane i ein større samanheng, før dei vert granska nærmare, og analysert med tanke på klasseskilnader i haldningar til ulikskapen sin legitimitet og det norske likskapsidealet.

## 4.1 Klasse og haldningar til lønnsskilnadar

Ved å initiere haldningsanalysane med materielt funderte spørsmål knytt til arbeid og lønn kan ein danne eit oversyn og grunnlag for eit omtrentleg bilete av nasjonen sin tilslutning til økonomisk likskap. I tabell 4.1 viser fordelinga kva eit representativt utval nordmenn meiner

[59] I teksten vert det variert mellom omgrepa lønnsskilnad, lønnsforskjell, lønnsdistribusjon og lønnsfordeling. Det er snakk om same indeks. Svallfors har nytta omgrepa pay-spread (2006) og Income distribution (1996) i sine studiar.

[60] *Svallfors funn bør ikkje samanliknast direkte som diskutert i metodekapittelet. Desse funna er her meint som supplement for å gi eit perspektiv på dei norske haldningane anno 2009, samt utforske verdien av ei klasse-haldningsanalyse i Noreg basert på Goldthorpe-klassar. Yrka lyt difor samanlikna med eit kritisk blikk, og dei fire indeksane har eit tynnare grunnlag for Noreg 09 samanlikna med Svallfors anno 92 og 99 som er basert på fleire yrke, og stipulerte verdiar.

menneske i dei respektive yrke *burde* få betalt i forhold til kva dei meiner ein ufaglærd arbeidar burde få betalt i 2009. Dei resterande landa er frå Svallfors (2006), anno 1999. Formålet er å samanlikne med resultata frå Svallfors resultat og framgansmåte, som denne masteroppgåve byggjer på, og ikkje å gjere ein fullstendig komparativ analyse per se. Jamført Svallfors sett eg difor ufaglærde arbeidar øvst i tabell 4.1, som er nytta som *referenasegruppe* i analysen og får verdien 100. Det vil seie at verdiane til yrka butikktilsett, allmennpraktiserande lege, regjeringsmedlem og styreformann representerer *kor mykje meir* dei bør få i løn, sett i forhold til ein ufaglærd arbeidar. Indeksen for lønnsfordeling representerer lønnsraten -spreiinga- mellom lege, regjeringsmedlem og styreformann, delt på ufaglærd arbeidar og butikktilsett, multiplisert med 100. Indeksen for topplønn utgjer til forskjell berre raten mellom styreformann og ufaglærd arbeidar. Vidare skil indeksane høgtlønna og låglønna seg ut ved å skildre raten mellom kva ein meiner dei tre høgtlønna, og deretter dei to låglønna yrka burde få i lønn, delt på kva dei *trur* ein ufaglærd arbeidar *faktisk* tener.

**Tabell 4.1 Legitime lønnsskilnader**

| Kva meinar du menneske i desse yrka burde få betalt? | Noreg 2009 | Sverige 1999 | Storbritannia 1999 | Tyskland 1999 | USA 1999 |
|---|---|---|---|---|---|
| Ufaglærd arbeidar | 100 | 100 | 100 | 100 | 100 |
| Butikktilsett | 112ns | 105 | 116 | 115 | 114 |
| Allmennpraktiserande lege | 341ns | 199 | 370 | 386 | 576 |
| Regjeringsmedlem | 260ns | 244 | 470 | 455 | 448 |
| Styreformann | 365 | 326 | 886 | 875 | 1,052 |
| *Lønnsskilnad index* | 309ns | 245 | 477 | 488 | 516 |
| *Topplønn index* | 352 | 291 | 613 | 734 | 684 |
| *Høgtlønna index* | 322ns | 296 | 724 | 684 | 856 |
| *Låglønna index* | 112ns | 123 | 162 | 142 | 172 |
| (n min) | (1361) | (947) | (603) | (700) | (924) |

Tal frå Sverige, Storbritannia, Tyskland og USA er henta frå Svallfors (2006:58)
*ns= klasseforskjell ikkje signifikant på 0,05 nivå.

Utvalet meiner slik sett at ein butikktilsett i Noreg i snitt bør få 1,12 gongar, altså 12% meir i lønn, enn ein ufaglærd arbeidar gitt tabellverdien 112. Dei mest iaugefallande tendensane i tabell 4.1 er derimot at ein i USA meiner at ein styreformann i snitt bør få betalt heile 10,5 arbeidarlønner for arbeidet sitt, medan ein i Sverige og Noreg kan avsjå høvesvis 3,2 og 3,6 arbeidarløner til ein styreformann, omlag ein tredel samanlikna med USA. Storbritannia og Tyskland kjem relativt likt ut og tilgodeser i overkant 8,7 arbeidarlønner til ein gitt

styreformann - og ligg slik sett noko under USA. Det andre interessante funnet er korleis allmennpraktiserande legar bør tene 5,7 arbeidarlønner i USA, medan ein i Sverige i den andre enden i gjennomsnitt meiner 1,9 arbeidarlønner er rettferdig. I mellomsjiktet finn ein Noreg med 3,4, Storbritannia 3,7 og Tyskland 3,8 arbeidarlønner til ein allmennpraktiserande lege. Ser ein på kva eit regjeringsmedlem bør tene ligg Sverige og Noreg kring 2,5 arbeidarlønner, medan Storbritannia, Tyskland og USA det dobbelte. Eriksson (2006) finn at oppfattinga om eit yrke sin status er påfallande stabil i Sverige, og at faktorar som klasse, alder, kjønn og utdanning ikkje splittar oppfattingane. Som ein ser er det ingen klasseskilnader i norske haldningane i tabell 4.1, bortsett frå for spørsmålet lønna til *styreformenn*. Bakgrunnen for eit yrke sin status er komplisert, og stig i takt med utdanning og inntekts-nivå, samtidig som stigande andel kvinner i eit yrke har ein negativ effekt på status (Eriksson 2006). Birkelund (1996, 2010) finn til dømes at den norske arbeidsmarknaden er kjønnssegregert, som er knytt til lønnsulikskap og klasse. Med andre ord kan det vere grunn til å anta at haldningar til kva som er rettferdig lønn til eit yrke speglar den faktiske arbeidsmarknaden i eit gitt land.[61]

Trass desse store forskjellane i legitime lønnsforskjellar viser tabellen ein slåande likskap mellom alle land når det kjem til legitimiteten til ein butikktilsett si lønn. Her varierer den relative avstanden landa imellom med 5-16% i lønn over ein ufaglærd arbeidar, i motsetning til styreformenn som gir store variasjonar i eit spenn frå mellom 326-1052% over ein ufaglærd arbeidar. I toppsjiktet ser ein slik sett ein differanse på 702% eller 7,2 arbeidarlønner i haldningar til styreformenn sine lønningar mellom landa, medan det i nedre sjikt berre varierer med 11% eller 1,1 arbeidarlønner for ein gitt butikktilsett. Ein kan spør om denne stabiliteten i nedre sjikt, kombinert med spriket i øvre sjikt av lønnshierarkiet, kan knytast til ein ny lønnsdynamikk i globaliserte kapitalistiske økonomiar.[62] Ifølgje bladet Kapital si årlige liste over dei 400 rikaste i Noreg har talet på milliardærar fordobla seg mellom 2005 og 2012

[61] Eriksson (2006:211) nyttar her Bourieu sitt omgrep Doxa: "som en aksept av den sosiale verden slik den er"

[62] Dynamikken er i mange land hevda å ha blitt meir definert etter framveksten av nyliberalismen utover 1980-talet (Harvey 2005). Tal frå statistisk sentralbyrå viser at den rikaste tidelen i 2010 stod for 20 prosent av inntektene, og tidelen med lågast inntekt stod for 4 prosent. Slik sett er dei faktiske inntektsskilnadene reduserte under Stoltenberg II -og III-regjeringane (2005-), målt med GINI-koeffisienten (SSB 2011). Eit problem med GINI-koeffisienten er derimot at den ikkje fangar opp den fullstendige oppbygging av, og forvalting av formuar. I tillegg vektar den ikkje einingar (t.d. rike) sin relative betyding, sett i samband med ein sensitivitet for auka førekomst av låginntekter (Scott & Marshall 2005 eds).

(Kapital 2012).[63] Slik sett aukar skilnadene i hovudsak i toppsjiktet i favør den økonomiske eliten i form av kapital og makt, medan skilnadene mellom lønnsmottakarklassane, og dei fattige, er relativt stabile.[64] I lys av Eriksson (2006) sitt funn som indikerte haldningstilpassing, vil det vere interessant å sjå om haldningane til styreformenn si lønn vil konvergere i retning resultata for USA og Storbritannia.

Til no har ein samanlikna gjennomsnittsverdiar i legitime lønnsskilnader etter Svallfors indeks og sett korleis Noreg har ein flatare legitim lønnsstruktur i likskap med Sverige. Men korleis stiller dei einskilde klassane seg til spørsmålet om lønnsdistribusjon, og korleis er denne holdningsstrukturen forankra til klasse?

**Tabell 4.2 Indeks for legitime lønnsskilnader. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes.**

| | | |
|---|---|---|
| Konstant | 251.7 | (52.0) |
| Høgare kontrollyrke | 54.1 | (63.6) |
| Lågare kontrollyrke | 37.6 | (66.4) |
| Rutine, ikkje-manuelle yrke | 36.9 | (64.1) |
| Sjølvstendige næringsdrivande | 57.0 | (82.7) |
| Faglærde i manuelle yrke | 232.1** | (79.0) |
| *(Ufaglærde i manuelle yrke referansegruppe)* | | |
| $R^2$ (%) | 0.8 | |
| F | 2.0 | |
| **N** | 1360 | |

*Kjelde: ISSP:2009 Social Inequality IV*
** p < 0,05 ** p < 0,01 *** p < 0,001*

I likskap med Svallfors vel eg å fokusere på indeksen for lønnsskilnader (pay-spread) i dei vidare analysane. Ser ein på tabell 4.2, viser ein F-test at indeksen, og følgjeleg heile modellen, ikkje er normalfordelt. Det er heller ikkje indeksane "høglønn", "låglønn" og "topplønn", som synest å bere preg av sterk skeivfordeling på særleg spørsmålet "kva ein styreleiar bør tene" (Sjå vedlegg 1). Som figur 4.1 viser under er det relativt tett samanklyngja

[63] Frå 86 milliardærar i 2005, til 189 millardærar i 2012 (Kapital 2012). Med unntak av 2009 har talet på milliardærar stige kvart år, og dei 100 rikaste som aukar si formue mest.

[64] Nordli Hansen hevdar at klasseskilnadene stadig aukar, og Kristen Ringdal peikar på at dei sosioøkonomiske skilnadene i utdanningssystemet aukar ifølgje ei nylig evaluering av kunnskapsreformen (Klassekampen 2012b).

indeksverdiar på skalaen, og effekten av Goldthorpe-klassar på indeksen synest ubetydelig, samtidig som utfallet at faglærde arbeidarar slår ut mistenkelig høgt. Ein må merke seg at indeksverdiar i figurane er basert på gjennomsnittsverdiane til dei einskilde EGP-klassane, i motsetning til beta-koeffisientar. Det vil difor kunne vere skilnader mellom desse.




***Figur 4.1*** *Klasse og haldningar til legitime lønnsskilnader i Noreg 2009*

Nedst i figuren ligg ufaglærde i manuelle yrke som aksepterer minst lønnsforskjellar, følgd av rutine, ikkje-manuelle yrke og lågare kontrollyrke med om lag same verdi. Vidare oppover kjem sjølvstendige næringsdrivande og høgare kontrollyrke – også med om lag same verdi, og tilslutt noko uventa: faglærde i manuelle yrke eit stort sprang øvst. Med første augekast kan dette tolkast som ein aksept til dobbelt så store lønnsskilnader enn det ufaglærde kan sjå som legitimt, men sett i lys av regresjonsanalysen vert figur 4.1 meiningslaus. Granskar ein Svallfors (1999, 2006) sine arbeid, er det ikkje opplysningar om dei metodiske eigenskapane han legg til grunn for klasseskilnadene han presenterer i figurane. Ein ting er å samanlikne medianverdiar (for heile populasjonsutvalet) på kryss av land, men når ein tek steget vidare for å sjå korleis klassane fordeler seg i spørsmålet om inntektsdistribusjon, innfrir ikkje modellen kravet om normalfordelte residualar, noko som er ein sentral føresetnad for lineære regresjonsanalyser (Skog 2010, Ringdal 2001).

Ser ein på klasseskilnadene i høve til kva dei ulike yrka i tabell 4.1 separat, er det signifikante variasjonar i haldningar til kva ein styreformann kan tene. Følgjeleg vert det også signifikant effekt i indeksen for såkalla legitim topplønn, som i hovudsak er basert på denne variabelen og i tillegg kontrollert for ein butikktilsett si løn. Denne eine signifikante effekten gir berre utslag for klassen med faglærde i manuelle yrke (arbeidarar), som jamt over tilgodeser alle dei yrkesgruppene meir. Dette kjem også fram i figur 4.1 der faglærde i manuelle yrke ligg øvst på indeksen av dei ulike klassane. Det er likevel viktig å merke seg at yrka som er representerte her er relativt få – særleg i 2009-settet, og er eit heterogent utval med styreformenn, regjeringsmedlemer og legar som er eliteyrke på den eine sida, og representert frå arbeidersjiktet på den andre sida.[65] I likskap med Svallfors (2006) sine resultat forklarar klasse lite av haldningar til lønnsskilnader, noko ein kan forstå i lys av funna til Eriksson (2006) og i den breiare litteraturen om yrkesstatus. I likskap med veikskapen til GINI-koeffisienten, kritiserer Scott (1998:200) EGP-skjemaet fordi: ”Large-scale personal possession, and preoperty ownership that is not directly tied to entrepreneurial activities, is not incorporated into the Goldthorpe classification”. Årsaka til dette er ifølgje Goldthorpe og hans medarbeidarar at skjemaet er konstruert for storskala nasjonal-surveyar av sosial mobilitet der talet på *eigarar* vil vere låge, og difor ikkje representative i statistiske analyser. Med bakgrunn i den aukande kapitalakkumulasjonen i den øvre eliten ville det derimot vore eit vitskapleg framsteg å inkludere ei operasjonalisering av samla eigedom inkludert kapitalformue m.m i EGP-skjemaet, for å sjå kva desse gruppene meiner er rettferdig lønnsfordeling i Noreg. Dette fordi desse einingane kan tenkjast å ha større relativ betyding, dvs. makt og innflytelse, kring desse (fag)politiske konfliktlinjene.

Medan ein ikkje kan seie noko vidare om betydinga av klasse med utganspunkt i tabellane, er det andre trekk som kan indikerer samanhengar mellom haldningar til sosial ulikskap og institusjonar. Siden dette ikkje er ein komparativ studie må trekka i hovudsak lesast som indikasjonar. For det første skil Noreg og Sverige seg ut ved at store topplønningar og høge lønningar er klart mindre legitimt. Avstanden mellom ein ufaglærd arbeidar og eit regjeringsmedlem er halvparten i Noreg og Sverige sett i forhold til dei andre landa. Begge landa skil seg ut med at ein meiner regjeringsmedlem bør tene halvparten av det dei andre

[65] Middelklasseyrke, som eit tenkt representativt utval i større grad vil vere assosiert med, og vidare ha større sannsyn for å kjenne dei konkrete lønnsforholda til, er derimot ikkje inkludert i datasettet anno 2009.

landa meiner, noko som påverkar den absolutte storleiken i indeksen for legitime lønnsforskjellar negativt.[66]

Medan dette bilete kan tenkjast å spegle det Esping-Andersen (1990) karakteriserar som eit sosialdemokratisk velferdsregime, i motsetning til USA som liberalt velferdsregime, så ser ein derimot at Storbritannia ligg nærmare Tyskland – det korporative regime – enn det liberale USA.[67] Slik sett vert det i denne analysen meir treffande å snakke om eit Skandinavisk regime, eit Europeisk regime og eit Nord-amerikansk. Men sjølv om det er ein skilnad mellom Tyskland og Storbritannia på eine sida og USA på den andre side - der USA er sterkare prega av liberalistiske haldningar, så er likevel dei *samanlagde* skilnadene på indeksen for legitime lønnsforskjellar små mellom Europa og USA, samanlikna med avstanden mellom Europa og dei to skandinaviske landa. Ein må slik sett konkludere med at det her er betydeleg større skilnader mellom Skandinavia og Europa enn det er mellom Europa og USA.[68]

I ein studie frå 1992[69] gjort med ein liknande modell med tre av dei same høgtløna yrka, finn Svallfors (1997:289) at ein norsk lege bør få tene 2 gongar, - eit regjeringsmedlem 1,9 og styreformenn 2,2 gongar meir enn ein ufaglærd arbeidar i Noreg. Om ein samanliknar med tala frå 2009, auka altså dei legitime lønnsskilnadene med om lag 65 prosent for ein lege, 30 prosent for eit regjeringsmedlem og 60 prosent for ein styreformann.[70] Det viser ei sterk auke i legitime lønnsskilnader for tre sentrale yrke i velferdsstaten mellom 1992 og 2009. I Noreg hadde toppleiinga i dei statseige selskapa i 2011 ein lønnsvekst på tolv prosent, medan lønnsveksten var på fire prosent for vanlige arbeidstakarar (Klassekampen 2012). Slik sett er det grunn til å tru at lønnsskilnadane er blitt større både i Noreg og andre land i perioden

[66] Som ein ser på figur 4.1 er skilnadene mellom klassene små, og dei samla indeksverdiane ligg i likskap med Sverige (Svallfors 2006:60) betydelige lågare på skalaen enn dei andre landa.

[67] For kritikk og debatt av velferdsstatstypologiar, sjå t.d. Castle & Mitchell (1993).

[68] Sett i lys av integrasjonsprossessane i den Europeiske Unionen (EU) der Tyskland implementerte Euro som valuta i 1999, kan ei gradvis marknadsorientering tenkjast å kompromittere korporative institusjonar, samt deira politiske tilslutning. Sverige derimot, motsette seg å innføre Euro i ei folkeavstemming i 2003.

[69] Basert på tal frå ISSP:1992, Social Inequality II, i Svallfors (1997).

[70] Dette speglar seg òg i inntektsfordelingsindeksen som er på 1,82. (Std. av. 0,57) i motsetning til lønnsforskjellindeksen på 3,09 for Noreg anno 2009. Merk at Svallfors nyttar ISSP:1992, og denne indeksen tek difor utganspunkt i andre yrke som landbruksarbeidar, faglærd arbeidar og butikkeigar, og kan difor ikkje samanliknast direkte med 2009-indeksen.

1999-2009, og seinare (Frifagbevegelse 2012, 2013). I kva grad denne utviklinga manifesterer seg i tilspissa klasseskilje i haldningar til kva kriterium som skal liggje til grunn for lønnsnivå er difor interessant, og gjenstand for neste analyse.

## 4.2 Klasse og haldningar til ulikskapskriterium ved lønnsfastsetjing

Utjamning, egalitære ideal og likelønn på den eine sida og den auka innflytelsen til utanningsmiddelklassen, aukande kompetansebehov og konkurranseforhold mellom offentleg og privat sektor på den andre sida, kan tenkjast å utgjer ei viss spenning i den norske modellen. Ei spenning mellom kollektive likskapsideal og individualistisk interessekamp. Medan høg vektleggjing av insentiv og kriterium ved lønnsfastsetjing kan sameinast med liberal rettferd med tanken om at individ konkurrerer fritt med arbeidskrafta si, i ein tilstand prega av *sjanselikskap*, og difor bør få utbetalt lønn etter prestasjonar og evner[71], noko som også vil vere eit gode for heile samfunnet, så er venstresida si forståing av rettferd prega av normer knytt til kollektiv likskap. Kravet om likskap kan ein forstå i lys av det Durkheim (1997 [1933]) omtalte som *organisk solidaritet* i moderne samfunn; yrke og individa som fyller dei er i høg grad gjensidig avhengige av kvarandre. Aukande ulikskapar i lønn som resultat av insentiv- og kriteriestyrt lønnsfastsetting vert difor grunnleggjande urettferdig med det venstreorienterte perspektivet, fordi alle menneske si tid i prinsippet skal vere like mykje verd.

I ISSP:Social Inequality frå 1992 og 1999 blei det stilt spørsmål ved kva som *forklarar* ulikskap, og Svallfors konstruerte ein intensivindeks av såkalla ”positive believes” (Svallfors 2006:65-67). Medan desse spørsmåla ikkje vart vidareført i 2009-datasettet, kom det nye spørsmål knytt til verdien av kriteriebaserte insentiv ved lønnsfastsetting. Desse legg grunnlag for ein indeks av typen ”normative believes” som kasta lys over problemstillingane i dette kapittelet. Desse spørsmåla tek form av påstandar er skissert i tabell 4.3.

Ein har nytta same farmgansmåte som Svallfors (2006:60) for å kunne samanlikne funna frå hans tabellar og indeksar. Dei følgjande analysane tek som regel utganspunkt i ein fire- eller

[71] For ein diskusjon om økonomisk likskap, sjå til dømes fordelingsutvalet (NOU 2009:10). Bojer understrekar at : ”Det er nettopp behovet for økonomiske insentiver som ligger bak Rawls’ tanke om at det finnes økonomisk ulikhet som kommer alle til gode, også dem som har minst. Men det å gi høy lønn som insentiv er prinsipielt noe annet enn å gi høy lønn fordi den er fortjent. Insentiver er rent pragmatisk begrunnet, og bunner ikke i en moralsk rett” (ibid.).

fempoengs responsskalaen frå 1 Svært viktig til 5 svært uviktig (med ”verken viktig eller uviktig” som mellompunkt). Merk at retninga på responsskalaen varierar. For å kalkulere medianverdiar, vert responsane koda til at ”svært uviktig” får verdien 0 og ”svært viktig” 4 og dei andre alternativa 1 til 3. Verdiane under ”viktig” viser prosentdel av befolkninga som seier seg einig og svært einig til eit spørsmål. ”Klasseskilnad” er kalkulert med å subtrahere medianverdien til EGP-klassen *høgare kontrollyrke*, med medianverdien til ufaglærde *i manuelle yrke*.[72] Klasseverdien her viser med andre ord haldningsdifferansen mellom desse to klassane, basert responsskalaen. ”Gjennomsnitssverdi” er rekna ut med bakgrunn av *alle* EGP-klassane sine svar på responsskalaen. Same framgangsmåte vert nytta ved seinare høve, og ikkje repetert.

**Tabell 4.3 Klasseskilnader i haldningar til insentiv- og kriteriestyrt lønnsfastsetjing**

| Kva av følgjande kriterium burde vere viktig ved lønnsfastsettjing? | | Noreg 2009 |
|---|---|---|
| Grad av ansvar og fastsettelse av lønn | % Viktig | 98,2 |
| | Gjennomsnittsverdi | 2,02 |
| | Klasseskilnad | 0,44 |
| Antall år utd og fastsettelse av lønn | % Viktig | 89,3 |
| | Gjennomsnittsverdi | 2,59 |
| | Klasseskilnad | 0,6 |
| Familieforsørger og fastsettelse av lønn | % Viktig | 67,3 |
| | Gjennomsnittsverdi | 3,05 |
| | Klasseskilnad | 1 |
| Forsørger barn og fastsettelse av lønn | % Viktig | 55,5 |
| | Gjennomsnittsverdi | 3,28 |
| | Klasseskilnad | 1 |
| Jobbutførelse og fastsettelse av lønn | % Viktig | 96,3 |
| | Gjennomsnittsverdi | 2,04 |
| | Klasseskilnad | 0,57 |
| Jobbinnsats og fastsettelse av lønn | % Viktig | 95,8 |
| | Gjennomsnittsverdi | 2,04 |
| | Klasseskilnad | 0,55 |

Tabell 4.3 viser signifikante klasseforskjellar for alle spørsmåla. Først kjem grad av ansvar som er mest viktig for nordmenn, og det kriteriet med minst klasseforskjellar. Vidare kjem utdanning som òg er viktig og har ein litt høgare klasseforskjell. Etter det kjem to spørsmål vedrørande om familieforsørgjar og forsørgjar av barn fortener ekstra løn. Desse viser at det

[72] Eller omvendt i tilfelle der responsskalaen er snudd andre vegen, og ufaglærde har høgst verdi.

er mindre tilslutting til kriterium relatert til *livssituasjon*, og størt klasseforskjell mellom dei som sluttar opp om det; ein heil verdi på responsskalaen. Nedst i tabellen kjem jobbutførelse og jobbinnsats med stor tilslutting og mindre klasseskilnader. Tabellen viser relativt store signifikante klasseforskjellar når det kjem til spørsmål om familiesituasjon, og større konsensus knytt til betydinga av ansvar, utførelse og innsats. Familiesituasjon kan tolkast som eit kriterium knytt til grupper med svak økonomisk posisjon, eller stor utgiftsbyrde. Det er vesentlig forskjelleg frå kriterium som antall år utdanning og jobbansvar, fordi dei siste i større og lettare grad kan omsetjast til marknadsøkonomiske konkurransefortrinn.[73]

For å studere klasseeffekten vert spørsmåla slått saman til ein indeks for kriteriestyrt lønnsfastsetjing. Unntaket er spørsmåla knytt til utdanning og familiesituasjon, som med alphatestar viser seg å ikkje måle det same fenomenet som dei andre spørsmåla.[74] Indeksen er analytisk sett avgrensa til å måle verdien av konkrete og objektive aspekt knytt til kva ein meiner bør liggje til grunn for lønnsfastsetjing: grad av ansvar, jobbutføring og jobbinnsats. Indeksen er slik sett konstruert etter Svallfors sin definisjon av *social attitudes*.[75] Spørsmåla har ein fempoengs responsskala som vert koda om til verdiane 0-4. Samtidig har eg vald å snu responsskalaen slik at positivt svar til eit gitt spørsmål gir aukande verdiar på skalaen. Indeksen blir dividert på sin maksimumsverdi og multiplisert med 100. Indeksen rangerast mellom 0 og 100, der høgare verdiar uttrykkjer ei meir positiv haldning til ulikskap ved lønnsfastsetting. Denne framgangsmåten vert nytta konsekvent vidare der stigande verdiar tyder positive svar til eit gitt sett spørsmål.

Tabell 4.3 viste at om lag alle nordmenn seier seg einige i utsegn om at jobbansvar, jobbutføring og jobbinnsats er kriterium som er viktige ved lønnsfastsetjing. Indeksen for ulikskapskriterium måler derimot i kor *stor* grad respondentane meiner desse kriteria bør få påverke lønnsnivået, kontrollert for klassebakgrunn i tabell 4.4.

[73] Tabellen viser elles middels store klasseforskjellar når det kjem til ansvar, utdanning, jobbutførelse og jobbinnsats, der koplinga mellom antall år utdanning og løn varierer mest etter klasse.

[74] Sjå tabell 3.1.

[75] Svallfors (2006:18-19). Sjå òg ein vidare diskusjon av betydinga av *social attitudes* i kapittel fem i samband med indeksane for konflikt- og sjanselikskap.

**Tabell 4.4 Indeks for haldningar til ulikskapskriterium. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes.**

| | | |
|---|---|---|
| Konstant | 70.1 | (1.0) |
| Høgare kontrollyrke | 7.9*** | (1.3) |
| Lågare kontrollyrke | 5.3*** | (1.3) |
| Rutine, ikkje-manuelle yrke | 3.1* | (1.3) |
| Sjølvstendige næringsdrivande | 2.9 | (1.7) |
| Faglærde i manuelle yrke | -0.3 | (1.6) |
| *(Ufaglærde i manuelle yrke referansegruppe)* | | |
| $R^2$ (%) | 4.1 | |
| F | 11.8*** | |
| **N** | 1385 | |

*Kjelde: ISSP:2009 Social Inequality IV*

** p < 0,05 ** p < 0,01 *** p < 0,001*

Det er signifikante klasseeffektar på indeksen for haldningar til ulikskapskriterium med ein samla forklart varians på 4,1 prosent. Det er ei viss overlapping av ”sjølvstendige næringsdrivande” (73,1) og ”rutine, ikkje manuelle yrke” (73,3) på skalaen på grunn av overlappande størrelsesforhold mellom standardfeil og verdiane på dei ustandardiserte koeffisientane. Dette ser ein tydeleg i figur 4.2 under. Som illustrerer ei ganske tydeleg klassehierarkisk fordeling i indeksverdiar.




***Figur 4.2*** *Klasse og haldningar til ulikskapskriterium ved lønnsfastsetjing*

Modellen for klasse-haldning-nexuset presentert i teorikapitlet illustrerer korleis høvet mellom klasseforskjellar og haldningar verkar via interesser og normer. Slik sett vil interesser om likelønn i størst grad tene manuelle yrke økonomisk gitt premissen om at dei stiller svakare i konkurransen på arbeidsmarknaden og er lettare å byte ut, medan kontrollyrke i tenesteklassen ofte kjempar for individuell lønnsdanning, har sterkare posisjon på arbeidsmarknaden, og kan difor tenkjast å vere meir positiv til å konkurranse. Når det gjeld normer, kan ein òg trekkje linjer mellom likeløn og normer som solidaritet og kollektivisme. Samtidig som at støtte til kriteriestyrt løn ofte samanfell med individualisme og normer som vektlegg prestasjonar, forstått med klasse-haldning-nexuset. På den andre sida er den totale avstanden mellom ufaglærde og høgare kontrollyrke på 8%, ein avstand som ikkje nødvendigvis er stor nok til å utpeike dei øvste klassane som utprega høgreorienterte. I Noreg finn Jacobsen (2008) at unge menn i typiske arbeidarklasseyrke verdset god jobbinnsats og jobbutførelse som sentrale personlege verdiar både på jobb og fritid, slik sett kan haldningane deira føre til stigande verdiar på indeksen, utan at det treng bety at dei ynskjer større lønnsulikskap. Fagerheim (2006) viser i sin kvalitative studie korleis dei egalitære ideala også er tydeleg uttalt i den øvre middelklassen og påverkar deira verdsbilete med den konsekvens at respondentane ikkje viser ei uttalt forståing av sine eigen klasseposisjonar eller

eliteidentitetar, på same måte som respondentane i Jacobsen (2008) si studie ikkje identifiserte seg med nemninga *arbeidarklassen*, men likevel gav uttrykk for egalitære verdiar assosiert med arbeidarklassekultur.[76] Når det gjeld likskapsverdien i norsk kultur er det sagt at den overskrid kulturelle og politiske verdiar (Hellevik 1996:136). Sosialantropologen Gullestad (1989:116) hevdar at likskapsidealet i praksis er prega av likeverd, og at ein i Noreg har ein uttalt individualisme som sameksisterer med ein sterk likskapstankegang, noko som medfører ei kulturell spenning. Dette betyr at likskap ikkje treng bety *faktisk* likskap, men er meir ein stil i omgangsformer mellom folk og "klassar". I lys av desse studiane kan ein slik tenkje seg at klasseforskjellar i haldningane sett i figur 4.2 også er relatert til spenninga mellom det norske likskapsidealet og individuelle klasserelaterte interesser. Ein lyt vidare vere open for at indeksen måler meritokratiske ideal som vert sett på som rettferdig på begge sidene av klassehierarkiet.[77]

Medan denne indeksen kan seiast å ta utgangspunkt i spørsmål om korleis samfunnsverdiane bør fordelast i form av lønn, så dreier neste indeks om haldningar til fordelingspolitikk seg om korleis og i kva grad ein vil fordele dei økonomiske verdiane *etter* lønn.

### 4.3 Klasse og haldningar til fordelingspolitikk

Fordelingspolitikk er ein sentral komponent ved velferdsstatar, og gjenspeglar grad av sosial ulikskap i eit samfunn. Noreg og Skandinavia elles har ein stor og universell velferdsstat som baserer seg på høg grad av statleg omfordeling, medan USA har ein mindre velferdsstat, lågare skatte- og avgiftsnivå, me igjen større forskjellar i kven som får tilgang til velferdsgoder. Ser ein på tabell 4.5 synest derimot ikkje klasseforskjellar i haldningar til fordelingspolitikk å vere styrte av storleiken på sosial ulikskap.

---

[76] Sjå også Skarpenes (2007).

[77] Sjå Hernes (1975), samt diskusjonen om ulike likskapsideal i kapittel 6.

**Tabell 4.5 Klasseskilnader i haldningar til fordelingspolitikk**

| *Er du enig i at…* | | Noreg 2009 | Sverige 1999 | Storbritannia 1999 | Tyskland 1999 | USA 1999 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Lønnsforskjellene i (landet) er for store | % Enig | 60,7 | 71 | 81 | 72 | 66 |
| | Gjennomsnittsverdi | 2,48 | 2,87 | 3,05 | 2,85 | 2,76 |
| | Klasseforskjell | 0,87 | 0,8 | 0,31ns | 0,66 | 0,34 |
| Det er myndighetenes ansvar å redusere forskjeller | % Enig | 51,9 | 60 | 68 | 47 | 35 |
| | Gjennomsnittsverdi | 2,67 | 2,59 | 2,69 | 2,29 | 1,92 |
| | Klasseforskjell | 1,02 | 0,78 | 0,71 | 1,17 | 0,52 |

Tall frå Sverige, Storbritannia, Tyskland og USA er henta frå Svallfors (2006:61)
0= Svært uenig, 1= Uenig, 2= Verken enig eller uenig, 3 = Enig, 4= Svært Enig.
*ns= klasseforskjell ikkje signifikant på 0,05 nivå.

Tala for Noreg anno 2009 viser relativt høge og signifikante klasseforskjellar i haldningar til fordelingspolitikk. Samanlikna med dei andre landa har Noreg og Sverige høge klasseforskjellar i tilslutninga til desse haldningane. Sjølv om USA har ein høgare prosentdel som er einige i det første standpunktet (66% mot 60%) så er haldningane relativt klassehomogene i forhold til Noreg og Sverige. Dei langt større sosiale ulikskapane i USA fører altså ikkje automatisk til ei klassemobilisering i politiske haldningar. Det er altså dei to marknadsliberale landa (USA og Storbritannia) som viser minst klasseskilnader i haldningar til inntektsomfordeling. Dette funnet kan slik sett støtte opp om tesen om at graden av politisk og institusjonell artikulasjon gir *aukande* klassemobilisering i haldningar, som i Skandinavia (Svallfors 2006:61-62). For å studere dette slår eg saman spørsmåla i tabell 4.5 til ein indeks for haldningar til fordelingspolitikk.

**Tabell 4.6 Indeks for haldningar til fordelingspolitikk. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes**

| | | |
|---|---|---|
| Konstant | 66.7 | (1.6) |
| Høgare kontrollyrke | -15.6*** | (2.0) |
| Lågare kontrollyrke | -6.9*** | (2.1) |
| Rutine, ikkje-manuelle yrke | -2.4 | (2.0) |
| Sjølvstendige næringsdrivande | -3.1 | (2.5) |
| Faglærde i manuelle yrke | 1.1 | (2.4) |
| *(Ufaglærde i manuelle yrke referansegruppe)* | | |
| $R^2$ (%) | 7.7 | |
| F | 22.3*** | |
| **N** | 1347 | |

*Kjelde: ISSP:2009 Social Inequality IV*
** p < 0,05 ** p < 0,01 *** p < 0,001*




***Figur 4.3** Klasse og haldningar til fordelingspolitikk*

Indeksen er signifikant og har ein forklart varians ($R^2$) på 7,7%, noko som er eit relativt høgt og robust resultat for ein *bivariat* haldningsanalyse. Regresjonsanalysen viser derimot at

denne effekten berre gjeld forskjellen mellom ein ufaglærd i manuelle yrke og høgare- og lågare kontrollyrke. Som illustrert i figur 4.3 er avstanden betydeleg.

Haldningar til fordelingspolitikk synest slik sett å vere klassepolarisert der ein gjennomsnittleg person i kategorien ”ufaglærde i manuelle yrke” får nærmare 19,5 poeng meir på skalaen enn dei i ”høgare kontrollyrke”. Faglærde arbeidarar, sjølvstendig næringsdrivande og rutinefunksjonærar er derimot ikkje signifikant forskjellige frå dei ufaglærde arbeidarane på denne indeksen, og kan difor tenkjast å ha liknande tilslutning til fordelingspolitikk. Samanlikna med indeksen for haldningar til ulikskapskriterium ved lønnsfastsetjing ser ein også her at klasseskilnadene er små i dei midtre sjikta, men slår sterkt ut mellom høgare- og lågare kontrollyrke i den eine enden, og ufaglærde i manuelle yrke i den andre.

I ein studie av haldningar til velferd og fordelingspolitikk finn Flaa & Pedersen (1999:13) at 71% av respondentane opplever at det er blitt større økonomiske skilnader dei siste ti åra, og 69% trudde det ville bli større økonomiske skilnader dei neste ti åra. I forlenginga av dette uttalte 72% at det bør vere eit politisk mål å redusere økonomiske skilnader i Noreg. Analysane ovanfor støttar slik sett tidligare funn om at likskapsorienteringa står heilt klart svakast blant høginntektsgruppene, og sterkast blant dei med middels og lågare inntekter.[78] Eit sentralt funn hos Flaa & Pedersen (1999:55) er at pessimismen i røyndomsoppfatningar når det gjeld sosial og økonomisk utvikling er kopla til eit ønske om forsterka politisk innsats for å fremje sosial og økonomisk likskap. Ser ein tidligare funn i lys av den nokså betydingsfulle effekten av klasse ovanfor, støttar det tesen om ein moralsk klasseøkonomi ved at dei norske institusjonane og deira framtidige utvikling er forankra i kva ulike klassar meinar er godt og rettferdig.

<u>Oppsummering</u>

Korkje indeks for legitime lønnsforskjellar, låglønna eller høglønna, er statistisk signifikante for Noreg i 2009. Dette skil seg frå Svallfors sine funn frå Sverige, Tyskland, Storbritannia og USA i 92 og 99, og kan tyde på at lønsskilnadene i det ein tilgodeser dei ulike yrkesgrupper i Noreg, ikkje er store nok til å gje utslag gjennom gjeldande indeksar. Dette kan òg tenkjast å

[78] Til forskjell meinar 40% av høginntektsgruppene hos Flaa & Pedersen (1999) at det bør vere eit politisk mål å redusere økonomiske skilnader.

spegle metodiske problem. Medan ein ikkje kan snakke om nokon tydeleg klasseeffekt på indeksen for haldningar til lønnsskilnader i dette utvalet, så ser ein signifikante klasseforskjellar i haldningar til ulikskapskriterium ved lønnsfastsetting. Forskjellane er moderate, men fordeler seg gjennomgåande klassehierarkisk. Med utgangspunkt i Svallfors' (2006) arbeidstese om tilhøve mellom institusjonar og moral, kan ein forstå klasseforskjellane i lys av den fagpolitiske mobiliseringa i Noreg. Kriterium som mykje ansvar, høg innsats og god utføring har både appell i alle klassar, og vert presenterte og artikulerte hyppig i media og ved lokale og kollektive forhandlingar. Med tanke på forklaringsmodellen til Svallfors tenkjer ein at interesser og normer er medierande faktorar i dette klasse-haldning-nexuset, noko som best kom til syne i haldningar til fordelingspolitikk, der støtte i større grad varierer og lar seg forklare etter kvar ein finn seg i klassehierarkiet. Haldningar til fordelingspolitikk såg samla sett ut til å vere sterkast forankra i klasse, og er på mange måtar det viktigaste haldningsindeksen når det kjem til den vidare finansieringa av dei norske velferdsinstitusjonane.

Medan kvalitative studiar viser at likskapsidealet er ein del av den norske kulturen, ser ein her korleis haldningar til likskap og materiell levestandard varierer systematisk med klasseposisjon. I neste kapittel vil eg vidare studere om også klasseforskjellar påverkar korleis opplevinga av sjansar eller mobilitet er fordelt i landet. Om så er tilfellet vil det også vere interessant å studere i kva grad dei norske klasseforskjellane i haldningar også er knytt til opplevingar av motsetnader og konflikt i samfunnet.

# 5 Analyse II: Klasse, konflikt og sjanselikskap

Etter framveksten av det moderne industrisamfunnet er det blitt ei brei oppfatning at stadig færre finn seg i polane av industrisamfunnet sine dominerande motsetningar. Berglund (2004:104) hevdar til dømes at brorparten av arbeidskrafta er blitt funksjonærar, og peikar på Valen og Rokkan som hevda at den nye middelklassen ville stille seg i spenninga mellom arbeid og kapital. Dei såg for seg at delar av gruppa ville helle i retning av kapitalpolen, og andre mot arbeidspolen (Berglund 2004). Sjølv om debattar om funksjonærproblemet ofte inneber relevant kritikk retta mot både Goldthorpe sitt klasseskjema og klasseanalysen generelt, så treng ikkje denne sosiodemografiske endringa nødvendigvis tyde at motsetningane og konfliktane i Noreg er oppheva. Ein lyt òg ta omsyn til at tilhøva kan ha skifta form.

Førre kapittel viste tildels systematiske klasseskilnader i haldningar til ulikskap og fordeling i Noreg. I forlenginga av diskusjonen om ulike livssjansar i høve til materielle levekår, vert fokuset i dette kapitlet retta mot *opplevinga* av sjanselikskap eller mobilitet i Noreg. Klasseskilnader i opplevingar av sjanselikskap, eller ulikskap, vert deretter vurdert opp mot opplevingar av konflikt i landet. Ved å undersøke i kva grad klasseposisjonar òg påverkar konkrete røyndomsoppfatningar kring sjanselikskap og konflikt – såkalla ”positive believes” - legg ein grunnlaget for korleis desse røyndomskjenslene eventuelt påverkar haldningar til ulikskap i samfunnet – såkalla ”normative believes”. Indeksane i dette kapittelet er konstruert med utgangspunkt i spørsmål knytt til *opplevinga* av sjanselikskap og konflikt i landet. Spørsmåla er ikkje er stilt i dei føregåande datasetta, og opnar i dette kapittelet for nye analysar, som ikkje kan samanliknast direkte til Svallfors.[79] Med utganspunkt i klasseskilnadene avdekka i førre kapittel knytt til normative ”*bør*” haldningar, kan ein spørje om det då også må vere rimeleg å vente ein korresponderande klasseskilnad i opplevingar av korleis ting *er*? Metodisk sett spør ein samtidig kor langt Svallfors' studiekonsept strekker seg, og får analysar av klassehaldningar betyding også i ein nasjonal studie?

## 5.1 Klasse og opplevd sjanselikskap

Når ein spør om bakgrunn, nettverk og økonomi vert opplevd som viktig for å komme seg fram, kan svara mellom anna seie noko om kor vidt innbyggjarane opplever å leve i eit ope

[79] Datasetta frå 1992 og 1999 inkluderer derimot eit sett påstandar om korleis ein *forklarar* ulikskapar i landet. Av desse har Svallfors (2006:65-66) laga to indeksar, ein for insentiv og ein for konflikt.

samfunn. Ein måte å måle kor ope eit samfunn er, er å måle oppfatningar av korrupsjon i offentleg sektor. Utifrå dette målet er Noreg eit av dei mest opne samfunna i verda (Transparency International Norge 2009, 2010, 2011). Men sjølv om oppfatningar om korrupsjon kan seie noko om kor ope eit samfunn er, viser mobilitetsforskinga at sosial fluiditet er langt meir komplisert, og avhengig av mange variablar, mellom anna sosial bakgrunn og klasse (Hjellbrekke & Korsnes 2006).

Med rause velferdsgode som utdanning, trygde- og pensjonsordningar og eit universalt helsevesen kan ein spørje om moglegheitene til å ”komme seg fram” i all hovudsak er avgrensa av individuelle evner og pågangsmot. I tabell 5.1 under vert åtte påstandar presenterte om kva som er viktig for å komme seg fram. I motsetning til dei meir merittprega kriteria ved lønnsfastsetjing i førre kapittel som nettopp tok for seg verdien av evner og pågangsmot (utføring og innsats), representerer desse kriteria opplevinga av ulike maktbasar knytt til posisjonar og bakgrunn, forstått som *barrierar* mot mobilitet, gitt at ein tek utgangspunkt i eit meritokratisk samfunnsideal. Med utganspunkt i Svallfors' framgansmåte vil eg spør om oppfatningar av sjanselikskap både er knytt til og fordeler seg mellom klassar. Om klasse har betyding, kan desse haldningane om samfunnet analyserast på bakgrunn av meir konkrete interesser og normer?

**Tabell 5.1 Klasseskilnader i opplevd sjanselikskap eller mobilitet i Noreg**

| *I kva grad er det korrekt at:* 1) | | Noreg 09 |
|---|---|---|
| Rik familie viktig for å komme seg fram. | % Viktig | 46,1 |
| | Gjennomsnittsverdi | 3,54 |
| | Klasseskilnad | 0,8 ns |
| Foreldre si utdanning viktig for å komme seg fram. | % Viktig | 58,3 |
| | Gjennomsnittsverdi | 3,35 |
| | Klasseskilnad | 0,76 |
| Kontaktar viktig for å komme seg fram. | % Viktig | 78,6 |
| | Gjennomsnittsverdi | 2,8 |
| | Klasseskilnad | 0,82 ns |
| Politiske forbindelsar viktig for å komme seg fram. | % Viktig | 34,5 |
| | Gjennomsnittsverdi | 3,71 |
| | Klasseskilnad | 0,81 |
| Bestikkingar viktig for å komme seg fram. | % Viktig | 6,3 |
| | Gjennomsnittsverdi | 4,6 |
| | Klasseskilnad | 0,42 |
| Etnisk bakgrunn viktig for å komme seg fram. | % Viktig | 49,4 |
| | Gjennomsnittsverdi | 3,47 |
| | Klasseskilnad | 0,91 |
| Religion viktig for å komme seg fram. | % Viktig | 19,1 |
| | Gjennomsnittsverdi | 4,11 |
| | Klasseskilnad | 0,66 |
| Kjønn viktig for å komme seg fram. | % Viktig | 30,9 |
| | Gjennomsnittsverdi | 3,87 |
| | Klasseskilnad | 0,8 ns |

**ns= klasseforskjell ikkje signifikant på 0,05 nivå.*

*1= Svært viktig, 2= Viktig, 3= Verken viktig eller uviktig, 4 = Uviktig, 5= Svært uviktig.*
*Kjelde: ISSP:2009. Social Inequality IV: Norge.*

I tabell 5.1 ser ein at verdien av kontaktar blir oppfatta som det viktigast for å komme seg fram. 78,6 prosent er einige i påstanden, og det ingen signifikante klasseskilnader på responsskalaen. Som med mange av haldningsspørsmåla i denne surveyen kan bakgrunnen for haldningane ha mangefasetterte grunngjevingar.[80]

[80] Resultatet kan ein sjå i lys av eit stadig aukande fokus på verdien av nettverksbyggjing representert gjennom sosiale medium, rekrutteringsteneste, kurs, sjølvhjelpslitteratur og målsetjingar både i yrkes- og utdanningsinstitusjonar. Her er sosial- og humankapital det viktigaste investeringsobjektet for den framtidige samfunnsutviklinga, via utdanning og forsking i det offentlige, eller innovasjon og såkalla gründerverksemd i det private. Slik sett kan verdien av kontaktar for å komme seg fram tenkjast å utgjere fleire aspekt ved samfunnsutviklinga, og ser i tabell 5.1 ut til å vere breitt etablert, både nedst og øvst i klassehierarkiet.

Evna til å knyte dei rette kontaktane, samt nytte dei på ein måte som styrkjer eigen posisjon, er vist å variere etter klasse. Dette er skildra i ulike teoretiske leirar i samband med sosial kapital og nettverksteoretiske studiar (Grønmo & Løyning 2003). Coleman & Hoffer, forankra i metodologisk individualisme, hevda sosial kapital utgjorde ein person sitt forhold til samfunnet, og finn at sosial kapital har positiv innverknad på eit individ si utvikling gjennom å tilby eit sett normer, noko som er spesielt nyttig i veldig lukka samfunn (Coleman & Hoffer 1987). Med Bourdieu får betydinga av kontaktar meining gjennom ein metodologisk relasjonisme. I praksisteorien hans er det *habitus* som er bindeleddet mellom sosial *kapital*, og eit individ sin suksess i eit gitt *felt*.[81] Når ein i tabell 5.1 finn at kontaktar har stor betyding kan det vere problematisk om det betyr at felta som regulerer avansement i arbeidslivet vert oppfatta som lukka på begge sidene av klassehierarkiet. Forstått med det Bourdieu (1973) kalla *rekonverteringsstrategiar* kan samfunnsgodane verte ujamt fordelt, då det skjer ein spillover-effekt ved at ein med høg kulturell og sosial kapital lettare får suksess i dei "rette" miljøa, og tilgang til økonomisk kapital.[82] Desse mekanismane kan føre til sosial lukking, og opphoping av kapitalgode hjå enkelte privilegerte, og legg grunnlaget for og reproduserer delar av det sosiale strata også i Noreg (Mastekaasa 2004, 2009). Desse effektane er også skildra i studiar som har teke for seg eliterekruttering og -sirkulasjon i Noreg (Mastekaasa 2004, 2009, Hjellbrekke 2003, et al. 2007, Denord et al. 2011).

Vidare ser ein i tabellen at 58,3 prosent hevdar at foreldre si utdanning er viktig, 49,4 prosent at etnisk bakgrunn er viktig og 46,1 prosent at å ha rik familie er viktig for å komme seg fram. Verdien ein tillegg foreldre si utdanning har ein tydelig klasseskilnad på 0,76 responspoeng; altså differansen mellom medianverdien til ufaglærde i manuelle yrke og høgare kontrollyrke. Mange studiar har vist at foreldre si utdanning har effekt på avkommet sine sjansar til å lukkast i utdanningssystemet i Noreg, og bidrar slik sett indirekte til reproduksjon av klasseposisjonar (Hjellbrekke & Korsnes 2006, Hansen og Wiborg 2010, Andersen & Hansen 2012). Denne utdanningseffekten synest å vere artikulert i den politiske debatten, blant anna i argument for utdanningspolitiske tiltak som leksehjelp og tilpassa opplæring. At det ikkje er

[81] Betydinga av omgrepa kjem derimot betre fram i lesinga av dei ulike arbeida sidan termar og teori i stor grad heng saman. Sjå : *Distinction* (2010 [1979], "Structures, Habitus, Practice" frå *The Logic og Practice* (Bourdieu 1990 [1980]) og "The Forms of Capital" (Bourdieu 1986 [1983]).

[82] Dette kjem til tildømes til utrykk om kroppsleggjort kapital gjer det naturleg å ta i bruk den "rette" lingvistiske stilen og dei praktiske symbola som er gjengs i dei øvre klassane sine felt, noko som kan sikre ein gunstig posisjon, men også reprodusere feltet sin logikk og posisjon til andre felt (Bourdieu 1973, 1986 [1983]).

signifikante klasseskilnader knytt til verdien av å ha rik familie er derimot meir uventa. Flemmen (2008) viser i sin studie av den økonomiske eliten i Noreg at det er familiane som baserer seg på økonomisk kapital som i klart størst grad evnar å få arvingane sine inn i den økonomiske overklassen.[83] Men ser ein derimot på gjennomsnittsverdien for betydinga av å ha rike foreldre i tabell 5.1 er spørsmålet i hovudsak "verken viktig eller uviktig". Det tyder på at tilhøva Flemmen peikar på ikkje synest å manifestere seg i eit differensiert klasse-haldning-nexus i dette datasettet. Ein kan spør om dette funnet kan skuldast at den økonomiske eliten berre utgjer ein liten del av den totale befolkninga, og ikkje vert oppfatta å utgjere ein reell barriere mot folk sine ambisjonar eller livssjansar. Ein annan forklaring kan vere at folk opplever å leve i eit egalitært samfunn, og at individuelle aspekt for mobilitet difor overgår strukturelle aspekt. Men medan den økonomiske eliten sin skattelyst og skatteevne vert diskutert i den offentlige debatten kring fordelingspolitikk, så er tema knytt til økonomiske maktposisjonar, rekonverteringsstrategiar og sosial stratifikasjon klart mindre artikulert.[84]

I kva grad etnisk bakgrunn er viktig for å komme seg fram ser derimot ut til å dele befolkningsutvalet på midten, og er òg knytt til den største signifikante klasseskilnaden i tabellen, med om lag eit heilt responspoeng i differanse mellom øvst og nedste yrkesklassen. Forsking har vist korleis klasseskilnader spesielt råkar etnisitetar i Noreg, både i arbeidsliv og i utdanningssystemet (Fekjær 2010, Hjellbrekke & Korsnes 2006). I den norske maktutgreiinga vert mellom anna konkludert med at:

> Klasseskillene er blitt mindre, men de er ikke visket ut i det norske samfunnet. Materielle levekår er gjennomgående jevnere enn for noen tiår siden, men det norske samfunnet er i ferd med å bli sterkere klassedelt på etnisk grunnlag. Store deler av innvandrerbefolkningen deltar ikke i det norske politiske systemet og utgjør en ny underklasse innen lavtlønnsyrker eller utenfor arbeidsmarkedet (NOU 2003:19).

Årsakene til dette er mange og komplekse, men det ser ut til at arbeidsgjevarar som i stor grad tilset innvandrarar, utmerkar seg med til dømes dårlegare lønnsavtalar og fleire midlertidige

---

[83] Effekten av foreldre sin klasse og økonomiske kapital er framleis tilstades når ein kontrollerer for utdanning, noko som tyder på at forklaringar som habitus, sosial kapital i familien og rekonverteringssrategiar kan vere gjeldande i *tillegg* til direkte arv (Flemmen 2008:113).

[84] Grønmo og Løyning (2003) kastar lys over tematikken i *Sosiale nettverk og økonomisk makt; overlappende styremedlemskap mellom norske bedrifter 1970-2000,* som ein del av den norske maktutgreiinga 1998-2003.

tilsetjingar (Djuve 2005). Vidare i tabellen kjem verdien av kjønn for å komme seg fram med 30,9 prosent einige og deretter religion som vert sett på som ganske uviktig. Om ein ser Noreg som eit av verdas mest likestilte land er betydinga kjønn likevel høg. Interessant er det at dei som er einige (og ikkje einige) er fordelt på tvers av klassehierarkiet, gitt at klasse- og kjønnsbarrierar kan ha ein viss samspelseffekt, i tillegg til at yrkes- og klassestrukturen er kjønnsdelt (Hjellbrekke, & Korsnes 2006, Birkelund 2010) og at fleire kvinner jobbar ufrivillig deltid og har tilsetjingskontraktar som indikerer ein svakare klasseposisjon (Hansen 1995). Resultatet kan òg reflektere at likestillingsdimensjonen er artikulert både moralsk og politisk, og stimulerer til vidare innsats mot kjønnsdiskriminering i yrkeslivet. slik som at den lønns- og fordelingspolitiske dimensjonen er tydlege artikulert og er knytt til større klasseskilje i haldningar som ein såg kapittel fire.

Til slutt viser tabell 5.1 at berre 4,6 prosent er einige i at bestikkelsar er viktig for å komme seg fram. Gjennomsnittsverdien viser at dei fleste meiner at spørsmålet er uviktig. Samtidig som det er ein moderat klasseskilnad mellom ufaglærde og kontrollyrke. Ifølge undersøkingane til Transparency International låg Noreg på ellevte plass i verda i 2009 når det gjeld korrupsjon, og har seinare klatra opp til sjette plass på lista i 2011 (Transparency International Norge 2009, 2010, 2011).[85] Trass i dette fastslår rapporten *Norges intrigitetssystem: ”*klare indikasjoner på at det finnes en del korrupsjonsrelaterte problemer og utfordringer i Norge også” (Renå 2012:37). Medan det finst lite inngåande forsking på korrupsjon i Noreg, vert det peika på at førekomsten av tette nettverk og interessekonfliktar er spesielt problematisk då det gjerne fell utanfor den juridiske definisjonen av korrupsjon (Renå 2012). Ein kan slik sett spør om haldningar til bestikkelsar også kan vere knytt til haldningar til kontaktar peika på over, til dømes om ein tenkjer kontaktar vert nytta til å tilsløre makt, smørjing og korrupsjon.[86] Dette fell derimot utanfor dei vidare analysane.

---

[85] Målingane er basert på det dei kallar ein Corruption Perception Index (CPI), som søkjer å måle oppfatningar av korrupsjon i 178 land på ein skala frå null til ti, der ti er best (Transparency International Norge 2011).

[86] Nettverk og habilitetsproblematikk i politikken har fått merksemd i 2012. Kritiske element er òg fronta i nyare norsk historie spesielt kjenneteikna av omgrepa *ettpartistaten* og *arbeiderpartistaten*, og vidare uttrykket ”noen av oss har snakket sammen” (basert på eit utsegn frå Einar Gerhardsen), har etter kvart blitt ein kjend ordlyd. Makt- og mobilitetsstudiar har likevel vist at det politiske feltet i Noreg er meir opent for nykommarar, samanlikna med det økonomiske og det religiøse feltet, som er meir lukka (Sjå Hjellbrekke et al. 2007, Denord et al. 2011).

For å studere meir inngåande korleis klasseskilnader påverkar opplevinga av kor ope samfunnet er, slår ein vidare saman alle påstandane i tabell 5.1 til ein additiv indeks, ved å nytte same framgansmåte som i førre kapittel til å konstruere ein indeks mellom 0-100, der 100 inneber "total" sjanselikskap i Noreg.

**Tabell 5.2 Indeks for opplevd sjanselikskap. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes**

| | | |
|---|---|---|
| *Konstant* | *29.29* | *(1.1)* |
| Høgare kontrollyrke | 4.4** | (1,3) |
| Lågare kontrollyrke | 3.6* | (1,4) |
| Rutine, ikkje-manuelle yrke | 3.3* | (1,4) |
| Sjølvstendige næringsdrivande | 1.7 | (1,7) |
| Faglærde i manuelle yrke | 0.3 | (1,6) |
| *(Ufaglærde i manuelle yrke referansegruppe)* | | |
| $R^2$ (%) | 1.3 | |
| F | 3.1** | |
| **N** | 1166 | |

*Kjelde: ISSP:2009 Social Inequality IV*
** p < 0,05 ** p < 0,01 *** p < 0,001*

Dei statistiske analysane viser at modellen har ein signifikant forklart varians på berre 1,3 prosent, noko som er relativt lågt. Ein får ikkje signifikante skilnader mellom ufaglærd arbeidar (referansegruppa) og faglærde i manuelle yrke, heller ikkje for sjølvstendige næringsdrivande. Vidare må ein og ta omsyn til at sjølv om dei tre øvste klassane er signifikante, så tilseier storleiken på dei estimerte standardfeila at koeffisientane i praksis kan overlappe einannen, eller byte plass innanfor regresjonsmodellen sine normalfordelte feilmarginar. Klasseskilnadene mellom ufaglærde, faglærde og sjølvstendige er difor av underordna betyding.




***Figur 5.1*** *Klasse og opplevd sjanselikskap*

Likevel ser ein av figur 5.1 at skilnadene står fram som additive; med stigande verdiar langs klassehierarkiet. Deler ein klasseskjemaet på midten er det ein tendens til at høgare- og lågare kontrollyrke og rutinefunksjonærar i snitt scorar 3,2 verdipoeng meir enn dei tre nedste klassane. I så måte er det ein liten, men likefullt statistisk signifikant skilnad mellom klassebakgrunn og oppleving av sjanselikskap eller mobilitet i samfunnet.

At det ikkje er store klasseskilnader på indeksen for sjanselikskap kan tolkast i favør av eit reelt meritokrati. Ser ein derimot på den *samla* plasseringa på indeksen som strekk seg mellom 0-100, der 100 er total oppleving av sjanselikskap, så kunne ein kanskje vente seg jamt høgare verdipoeng for klassane enn 30-34 skalapoeng. Medan indeksen baserer seg på spørsmål assosiert med diskriminering og kriminalitet, såg vi innleiingsvis korleis tydinga av ressursen *kontaktar* var spesielt sterk på tvers av klassane. Ein kan difor ikkje utelukke at indeksen også omfattar det som kan oppfattast som legitime, praktiske, eller nødvendige strategiar i maktkampen om samfunnsgoda. Dette peikar samtidig på eit problem med slike haldningsindeksar, samt meir moralfilosofiske spørsmål som overskrider rammene for Svallfors' meir rasjonelt funderte klasse-haldning-nexus.

Resonnementet som er lagt til grunn for indeksen er at dersom kontaktar er viktige for å regulere individ sin mobilitet og tilgang til samfunnsgode, så fører det også til prosessar som resulterer i skeivfordeling av makt og gode, altså livssjansar. På same måte som at konsekvensen til stigande støtte av insentiv- og kriterieregulert lønnsdanning kan vere stigande sosial ulikskap, kan aukande vektlegging av kontaktar føre til sosial ulikskap og minska sjanselikskap som diskutert innleiingsvis.[87]

Dei små klasseskilnadene i røyndomsoppfatninga i indeksen, og den jamt låge plasseringa på indeksen i figur 4, er såleis eit interessant funn, og reiser vidare spørsmål om kva som forklarar variasjonen i indeksen. Crenshaw (1991) nyttar omgrepet interseksjonalitet til å skildre korleis kombinasjonen av ulike statusar pregar levekåra til eit individ meir enn dei ville gjort kvar for seg . Er ein til dømes kvinne med innvandrarbakgrunn frå arbeidarklassen kan det innebere meir enn summen av dei enkelte faktorane skulle tilsei kvar for seg (Birkelund 2010). Gitt kompleksiteten som pregar stratifikasjon og haldningsstudiar, og særskild spørsmål om kausaltilhøve, er det likevel tvilsamt kor høveleg omgrepet er i denne samanhengen. Eit sentralt poeng er likevel korleis maktforhold i klasse, status og dominanstilhøve kan verke både kvar for seg og saman til å avgrense faktisk mobilitet, om ikkje nødvendigvis på ein additiv måte, så til dømes indirekte eller via samspelseffektar. I så måte kan ein spørje seg i kva grad denne kompleksiteten også gjeld ved formasjonen av dei tilhøyrande røyndomsoppfattingar om sjanselikskap? Kva følgjer kan det i så fall få for effektane av EGP-klassar om ein kontrollerer for andre bakgrunnsvariablar?

### 5.2 Klasse og sjanselikskap, krympe eller utvide perspektivet? OED-modellen

Sidan EU-valet i 1994 har omgrepet *annerledeslandet* blitt en del av det norske språket. Med Noreg sin oljeøkonomi, geografiske regionar, og det Rokkan kalla pluralistiske korporativisme kan det tenkjast at Noreg også skil seg i haldningar. I studiar av "industrial relations" foreslår Sorge (1995:154) å skilje mellom *universelle faktorar*, som til dømes økonomi, teknologiske og organisatoriske mål og strategiar, og *samfunnsfaktorar*, slik som

[87] Dei normative aspekta knytt til kontaktar kan ein sjå i lys av individualisering og marknadsideologi representert av stikkord som til dømes "networking" "every man for himself", samt verdien av å vere ein "selfmade man", som òg er kjenneteikn ved amerikanske verdiar, og ein politisk kontekst som aksepterer større sosiale skilnader. Desse verdiane kan i så måte stå i strid mot det norske fleirtalet sitt uttalte ynskje om meir økonomisk utjamning (NOU 2003).

lover, normer og sedvane, maktbalanse, verdiar og ulike grupper og individ sine prioriteringar. Det metodologiske prinsippet vert at om ein skal forstå *betydinga* av samfunnsfaktorar, er det naudsynt å utforske skilnadene mellom land som har *like* universalfaktorar. Det betyr at sosial ulikskap i eit land i tillegg er knytt til samfunnsspesifikke kausalsamanhengar mellom organisasjonsstrukturar, koordinerande og integrerande mekanismar, betydinga av utdanning og uformelle læringsmoglegheiter, og arbeidsmarknaden (Sorge 1995). EGP-skjemaet kan med andre ord passe bra for enkelte land, og dårleg for andre, avhengig av diskrepansen mellom universelle og spesifikke faktorar. I teoretikapitlet kom dette poenget fram med Scott (1996) sin definisjon, i det han peikar ut *sosiale stratifikasjonssystem* som ei analytisk eining, vis à vi klasse, status og makt. For å få ein betre modell for betydinga av sosial bakgrunn og haldningar til ulikskap på det nasjonale nivået, kan det vere grunnlag for alternative hypotesar basert på andre bakgrunnsvariablar enn EGP-klassar. Samtidig kan ein utforske validiteten i Svallfors' råmeverk.

Studiar basert på EGP-skjemaet er i hovudsak blitt kritisert for å vere for generelle og for abstrakte, som i diskusjonen om mikro- versus makro-klassar (Grusky & Weeden 2001), for det andre å underkjenne eller redusere verknadene av sosial endring (Devine & Savage 2000), og for det tredje å vere for eindimensjonale og oversjå andre skiljelinjer som til dømes kjønn (Crompton & Scott 2000, Devine & Savage 2000, Crompton 2008). Medan Grusky & Weeden tek til ordet for å krympe det analytiske perspektivet, ved å senke målenivået ned til arbeidsplassar og lokalmiljø, så foreslår den andre gruppa av britiske sosiologar ei ny omgrepsfesting knytt til ei multidimensjonal analytisk tilnærming til klasseproblematikken, som søkjer å gripe samanhengen mellom kultur, arbeid, utdanning og sosiale nettverk. Ved å nytte Scotts tolking av Weber, har eg søkt å bringe inn nokre av impulsane i det konseptuelle råmeverket. Samtidig utgjer Goldthorpe sine teorival og metodiske reiskap ryggmergen i Svallfors studiedesign, noko som reiser fleire spørsmål til korleis ein kan stille seg til utforskande analysar.

Veikskapar i det empiriske utfallet vert ofte møtt med fleire grunnleggjande strategiar; enten å endre den teoretiske modellen bak konstruksjonen av EGP-skjemaet, endre EGP-skjemaet til betre å kunne gripe stadig nye samfunnstilhøve, eller tilpasse skjemaet til den aktuelle

problematikken ein vil studere (f.eks mobilitet, stemmegiving eller haldningar).[88] Som vist i metodekapittelet har ein til ein viss grad allereie nytta fleire av desse strategiane gjennom tilpassingar gjort med utganspunkt i norske forhold, datasettet sin karakter og avgrensingar, eller endringar gjort for å opne og styrke samanlikningsgrunnlaget til Svallfors haldningsstudiar. Å tilpasse uavhengige variablar utan tydelege teoretisk eller intellektuelt funderte resonnement vert derimot fort problematisk, og har sin pris, til dømes svekka samanlikningsgrunnlag eller at ein bryt med EGP-skjemaet sin eigenart. I denne samanheng vert det difor mest aktuelt å *utvide* forklaringsmodellen med andre demografiske og sosioøkonomiske bakgrunnsvariablar.

Nisbet (1959:11) har hevda at klassesamfunnet sin vidare eksistens ikkje lenger kan kvile på ”multi-variate analysis with correlations generally reaching no higher than 0.5”. Klasseeffektane så langt i analysen har vore låge og varierande. Der er likevel signifikante effektar, så det synest ikkje å vere grunnlag for å stadfeste ein nullhypotese, og hevde at også haldningar til ulikskap indikerer Kingston (2000) sin teori om eit klasselaust samfunn.[89] I Ramsøy (1977) sin mobilitetsstudie av norske menn vart ein kombinasjon av EGP-skjemaet og Blau & Duncan (1967) sin ”Status attainment”-modell i form av OED-modellen nytta med relativt stor suksess.[90] Ved å skilje mellom opphav, utdanning og posisjon, kan teorien seiast å stå nærare ein liberal tradisjon fordi den opnar for å skilje mellom *tilskrivne* og *oppnådde* eigenskapar (Hjellbrekke & Korsnes 2006:38). Kritikarar av modellen understreka derimot at udanningssystema uansett spegla ulikskapar i dei samfunna dei er verksame i, og at konseptet om det meritokratiske samfunn difor ikkje let seg måle med ein slik analysemodell. Men i og med at ein i denne studien ser på haldningar, og ikkje intergenerasjonell mobilitet, vil det vere interessant å leggje til følgjande modell i analysen av sjanselikskap.

[88] Sjå Hout, Brooks & Manza (1993) og Breen (2004) sine klasse- og mobilitetsstudier. Og spesielt nøkkelstudien Brooks & Manza (2007) som nyttar ISSP-data til å analysere høve mellom haldningar og politisk utvikling i velferdsstaten.

[89] Nisbet sin påstand synest også å vere lite fruktbar, då ei slik grense fjernar grunnlaget for kvantitative haldningsstudiar spesielt, og mesteparten av samfunnsvitskapleg forsking generelt.

[90] OED = **o**rigin, **e**ducation & **d**estination.




***Figur 5.2*** *OED-modellen: Direkte og indirekte samanheng mellom sosial bakgrunn og eigen klasse og inntekt. (Henta frå Christophersen 2011).*

Eit eksempel på relevansen til ein slik framgangsmåte er Kohn (1989 [1969]), som finn med kvantitative analysar haldepunkt for at foreldre frå ulike klassar fører ulik barneoppseding og sosialiseringsregime, som òg varierer mellom deira søner og døtrer. Han hevdar klasseskilnader i haldningar og orienteringar har langtrekkjande effektar på åtferd (Kohn 1989:196).[91] I tillegg ser dei lågare klassane ut til å formidle meir konforme og autoritære verdiar, som gir borna sjølvorienteringar med mindre analytisk og empatisk fleksibilitet, som er nødvendige eigenskapar for å lukkast i dei høgare klassesjikta: ”No matter how dramatic the exceptions, it is usual that families prepare their offspring for the world as they know it, and that the conditions of life eventually faced by the offspring are not very different from those for which they have been prepared” (Kohn 1989:201). Som konsekvens fører slik sett klasseskilnader i haldningar og orienteringar til *reproduksjon* av ulikskap, og dette konkluderer han med at skjer i samspel mellom foreldre sin klasse, eigen utdanning, og yrkesposisjon (Kohn 1989).

Som sett i Knutsen (1995) sine studiar av politiske verdiar og skiljelinjer er det vanleg å skilje mellom to hovuddimensjonar: økonomisk høgre/venstre-materialistisk og liberalisme/verdikonservatisme, som strekkjer seg motsett veg på den tradisjonelle høgre-venstre-aksen. I Kohn (1989) sin studie vert det i hovudsak fokusert på betydinga av konservatisme/konformisme. Likevel utelukkar ikkje dette at dei same sosialiseringstilhøva

[91] Vidare finn han at lågare klassar er meir disponert for psykisk sjukdom, schizofreni, og foreslår ei forklaring om at dei har lågare disposisjonar for å handtere stress, noko han ser i samband med i kva grad familien førebur borna til å meistre stresset som kjem i vaksenlivet (Kohn 1989:199).

knytt til klassebakgrunn og bakgrunnsvariablar òg kan forklare variasjonen i andre haldningstypar og røyndomsbilete av sjanselikskap. I praksis er det vanleg å operasjonalisere uavhengige variablar i OED-modellen etter kva som er mest fruktbart og svarar til problemstillingane ein ynskjer å kaste lys over. Vidare kan OED-modellen nyttast på ein open og utforskande måte, det vil seie at ein ikkje nødvendigvis spesifiserer bestemte hypotesar og konkrete kausaltilhøve mellom variablane på førehand.[92] Ein slik framgangsmåte vil ein kunne forsvare her av fleire grunnar. For det første er det ikkje mykje forsking på samanhengen mellom klasse og nordmenn sine haldningar til sjanselikskap, baserte på stegvise hypotesetestar som utforskar ulike bakgrunnsvariablar. For den andre viser Svallfors (1997, 2006, 2010b, 2011) sine studiar ulike, og tildels overraskande, konstellasjonar mellom klassar og haldningar frå land til land, noko som indikerer at eit opent opplegg er gunstig. For det tredje kan ein ved å halde på problemstillingane og hypotesane knytt til eit såkalla klasse-haldning-nexus, granske validiteten i det metodiske framgangsmåten som opplegget er basert på (td. EGP-skjemaet). Framgangsmåten opnar slik for diskusjonar av den generelle problemstillinga til denne studien: Korleis, og i kva grad, kan klasse forklare haldningar til sosial ulikskap i Noreg anno 2009? [93]

Utvalet av dei supplerande variablane er gjort basert på OED-skjemaet, og i lys av rekkjefølgja haldningar kan tenkjast å verte sosialiserte og institusjonaliserte for eit gitt individ gjennom eit livsløp. Dei konkrete variablane er valt på bakgrunn av noko av den mest vanlege kritikken retta mot EGP-skjemaet og dei premissa Goldthorpe legg til grunn, dvs. element som av ulike grunnar fell *utanfor* EGP-skjemaet sitt analytiske spektrum. Dette gjeld mellom anna korleis kvinner sin relasjon til arbeidsmarknaden er annleis enn hos menn (Birkelund 2010), noko som kan føre til at variasjonar i haldningar skjer på andre premiss enn det EGP-skjemaet forklarar. I denne samanheng vert *sosial bakgrunn (O)* representert av far sitt yrke då respondenten var 16 år, med utganspunkt i ISCO88- kodingar som vert

[92] Dette er ein omdiskutert framgansmåte i kvantitative analysar, og samfunnsforsking generelt. Det kjem av epistemologiske grunnproblem i kva grad forsking skal og må vere modellstyrt, eller først og fremst empiristyrt. Epistemologisk terminologi skil her mellom nomologisk versus ideografisk fundert vitskap. Sjølv om dei fleste vil hevde at all vitskap uunngåeleg inneber element av begge praksisar, og at problemet, eller rettare sagt skilje, difor bør handsamast som eit gradsspørsmål.

[93] Ein annan framgangsmåte kan vere å samanlikne fleire klasseskjema fundert i ulike teoretiske perspektiv.

operasjonalisert til Goldthorpe-klassar[94], og deretter ein dikotom variabel av kjønn (mann utgjer verdien 0) i ei sjølvstendig blokk for å kunne sjå korleis variablane påverkar modellen sin forklarte varians. Deretter legg ein til eit sett utdanningsvariablar (E) i den tredje blokka. Dei resterande variablane kjem under katergorien (D) då dei skisserer tilhøve nærmare relatert til "notidig" posisjon. For å teste relevansen av yrkesaggregat-paradigme kritisert av blant anna Offe (1985), legg ein først til ei blokk (blokk 4) med dei største gruppene datasettet har målt utanfor yrkeslivet: "studentar/elevar", "trygda/arbeidsuføre" og "alders- og førtidspensjonistar"; denne delen opnar for å undersøkje teorien om 2/3 samfunnet (Glotz 1984) prega av nye skilje mellom dei inkluderte vs. dei eksluderte (Forsman 1995:64).[95] I blokk 5 kan ein deretter undersøkje korleis modellen endrar seg ved å leggje til det same settet med Goldthorpe-klassar som i tabell 5.2, og i siste blokk kontrollerer ein for effekten av eigen inntekt. Det vert i alt seks blokker: Bakgrunn, utdanning og posisjon, delt over modell 5.3a- og b under og skal lesast samla. Kort samanfatta reiser eg følgjande generelle hypotesar:

H1: Høg klassebakgrunn (far) gir stigande verdiar på skalaen for opplevd sjanselikskap.
H2: Menn opplever større sjanselikskap enn kvinner.
H3: Høg utdanning gir stigande verdiar på skalaen for opplevd sjanselikskap.
H4: Trygda/arbeidsuføre opplever lågare sjanselikskap enn yrkesaktive.
H5: Studentar/skuleelevar og alders- og førtidspensjonistar opplever *lågare* grad av sjanselikskap enn yrkesaktive.
H0: Studentar/skuleelevar og alders- og førtidspensjonistar. Desse har ein indirekte relasjon til sjansane på arbeidsmarknaden, dvs. i form av forventa og tidligare opplevd mobilitet, og varierer difor ikkje i høve til Goldthorpe-klassar på indeksen for sjanselikskap.
H6: Høg klasseposisjon fører til stigande verdiar på skalaen for opplevd sjanselikskap.

---

[94] Sidan ISSP:2009 manglar informasjon om far sitt utdanningsnivå, leiingsansvar og tal tilsette tilsette kan ein altså ikkje nytte framgangsmåten skissert i CASMIN-prosjektet, slik ein gjer for operasjonaliseringa av eigen EGP. Sjå metodekapittelet. I tillegg held ein seg til far sin EGP og den såkalla dominansmodellen (sjå Crompton 2008 for kritikk), sidan forsking tyder på at far sin klasseposisjon i etterkrigstida i snitt har hatt størst innverknad på familien sin samla klasseposisjon. Svallfors (2006) finn at det er ein ubetydelig skilnad mellom dominansmodellen og andre modellar når det kjem til haldningar. For dei yngste generasjonane i datasettet, og i løpet av dei komande generasjonane vil derimot ein slik framgangsmåte ikkje nødvendigvis vere gyldig, gitt kvinner si høge yrkesdeltaking og to-inntektsfamilien.

[95] Van Parijs (1989:241) hevdar andelen permanente og langvarig arbeidslause og dei som er komfortable i arbeidslivet utgjer eit klasseskilje som er viktigare enn skilje mellom kapitalistar og arbeidarar i kapitalistiske samfunn der velferdsstaten er mest utvikla. Talet på einingar i kategorien "arbeidslause" i datasettet her er derimot for få til å gjennomføre ein verdifull analyse av dei arbeidslause.

H7: Høg inntekt fører til stigande verdiar på skalaen for opplevd sjanselikskap

SSB (2011) finn til dømes at: ”Blant dem med lav inntekt er det en sterk overrepresentasjon av minstepensjonister, sosialhjelpsmottakere, innvandrere, langtidsledige, langtidssyke og unge aleneboende”. Denne stegvise hypotesetestinga opnar for at ein kan samanlikne effekten til desse ulike strukturelle faktorane. Det vil seie at hypotesane skildrar forventa effekt *kontrollert for alle dei andre variablane* som er lagt til i tidligare hypotesar. Kvar blokk utgjer eit steg. Ein kan merke seg at denne framgansmåten blir nytta ved seinare høve i studien.[96]

[96] Eg forsøkte ei alternativ hypotesetesting der variablane i blokk IV og V skifta plass – for å studere variasjonen på EGP-klassar når eg la til gruppene utanfor yrkeslivet. Sidan det ikkje medførte nokre endringar valde eg difor å behalde opphavleg framgansmåte i hypoteseformulering i kapittel fem. I kapittel 6.2 legg eg til EGP-variablane i blokk IV først, og kontrollerer for effekten av posisjon utanfor yrkeslivet.

**Tabell 5.3a Indeks for opplevd sjanselikskap. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes. Blokk 1-3. Uavhengige variablar: Bakgrunn og utdanning: Fars klasse, kjønn og utdanningsnivå.**

| *Modell* | **I** | | **II** | | **III** | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| *Konstant* | *32.1* | *(0.6)* | *32.9* | *(0.7)* | *37.0* | *(1.2)* |
| Far i høgare kontrollyrke | 1.5 | (1.2) | 1.6 | (1.2) | -0.1 | (1.2) |
| Far i lågare kontrollyrke | 1.2 | (1.3) | 1.2 | (1.3) | 0.2 | (1.3) |
| Far i rutineprega kontrollyrke | 0.7 | (1.4) | -0.7 | (1.4) | -1.6 | (1.4) |
| Far i faglærde manuelle yrke | 2.8* | (1.2) | 2.8* | (1.2) | 3.0* | (1.2) |
| Far bonde | -1.4 | (1.6) | 1.5 | (1.6) | -0.9 | (1.5) |
| *(Far i ufaglærde manuelle yrke referansegruppe)* | | | | | | |
| Kjønn | | | -1.6* | (0.8) | -2.0* | (0.8) |
| *(Mann=0)* | | | | | | |
| Grunnskule | | | | | -5.9*** | (1.6) |
| Vgs: Yrkesfag/fagbrev | | | | | -9.5*** | (1.5) |
| Vgs: Allmennfag/studiekompetanse | | | | | -2.6 | (1.3) |
| Universitet/høgskule 2 år | | | | | -2.6 | (1.4) |
| Universitet/høgskule 4 år | | | | | -1.8 | (1.3) |
| *(Universitet/høgskule 5 år eller meir referansegruppe)* | | | | | | |
| Justert $R^2$ (%) | 0.4 | | 0.6 | | 4.5 | |
| F | 1.8ns | | 2.1* | | 5.8*** | |
| **N** | 1134 | | 1134 | | 1134 | |

*Kjelde: ISSP:2009 Social Inequality IV. Noreg.*
*Merknad: Modell I nyttar vanlig $R^2$.*
** p < 0,05 ** p < 0,01 *** p < 0,001*

**Tabell 5.3b Indeks for opplevd sjanselikskap. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parantes. Blokk 4-6. Uavhengige variablar for posisjon: Utanfor yrkeslivet, Goldthorpe-klassar og inntekt.**

| **Modell** | **IV** | | **V** | | **VI** | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| *Konstant* | *37.1* | *(1.2)* | *35.2* | *(1.7)* | *34.9* | *(1.7)* |
| Far i høgare kontrollyrke | -0.2 | (1.2) | -0.5 | (1.2) | -0.4 | (1.2) |
| Far i lågare kontrollyrke | 0.3 | (1.3) | 0.0 | (1.3) | 0.1 | (1.3) |
| Far i rutineprega kontrollyrke | -1.4 | (1.4) | -1.6 | (1.4) | -1.5 | (1.4) |
| Far i faglærde manuelle yrke | 3.0* | (1.2) | 2.8* | (1.2) | 2.9* | (1.2) |
| Far bonde | -0.7 | (1.5) | -0.8 | (1.6) | -0.6 | (1.6) |
| *(Far i ufaglærde manuelle yrke referansegruppe)* | | | | | | |
| Kjønn | -2.0* | (0.8) | -2.1** | (0.8) | -2.1* | (0.8) |
| *(Mann=0)* | | | | | | |
| Grunnskule | -5.5** | (1.6) | -5.0** | (1.7) | -4.9*** | (1.7) |
| Vgs: Yrkesfag/fagbrev | -9.4*** | (1.5) | -8.7*** | (1.5) | -8.8*** | (1.5) |
| Vgs: Allmennfag/studiekompetanse | 2.5 | (1.3) | -2.1 | (1.4) | -2.1 | (1.4) |
| Universitet/høgskule 2 år | -2.6 | (1.4) | -2.5 | (1.4) | -2.5 | (1.4) |
| Universitet/høgskule 4 år | -1.7 | (1.3) | -1,7 | (1.3) | -1.8 | (1.3) |
| *(Universitet/høgskule 5 år eller meir referansegruppe)* | | | | | | |
| Studentar, skuleelevar | -0.1 | (1.6) | 0.3 | (1.7) | 0.5 | (1.7) |
| Trygda, arbeidsuføre | 0.0 | (1.6) | 0.4 | (1.7) | 0.4 | (1.7) |
| Alders- og førtidspensjonistar | -2.1 | (1.2) | -2.1 | (1.2) | -2.0 | (1.2) |
| *(Yrkersaktive referansegruppe)* | | | | | | |
| Høgare kontrollyrke | | | 2.3 | (1.5) | 2.3 | (1.5) |
| Lågare kontrollyrke | | | 2.1 | (1.6) | 2.1 | (1.6) |
| Rutine, ikkje-manuelle yrke | | | 2.5 | (1.5) | 2.5 | (1.5) |
| Sjølvstendige næringsdrivande | | | 1.9 | (1.8) | 1.8 | (1.8) |
| Faglærde i manuelle yrke | | | -0.1 | (1.8) | -0.1 | (1.8) |
| *(Ufaglærde i manuelle yrke referansegruppe)* | | | | | | |
| Inntekt | | | | | 0.0* | (0.0) |
| Justert $R^2$ (%) | 4.5 | | 4.5 | | 4.8 | |
| F | 4.8*** | | 3.8*** | | 3.8*** | |
| **N** | 1134 | | 1134 | | 1134 | |

*Kjelde: ISSP:2009 Social Inequality IV. Noreg.*

** p < 0,05 ** p < 0,01 *** p < 0,001*

For det første ser ein av f-testen og forklart varians at den første blokka i modell 5.3a, romartal I, ikkje er signifikant. Det er derimot ein svak men signifikant positiv effekt av variabelen ”far i faglærde manuelle yrke” på indeksen for sjanselikskap, ein effekt som held seg relativt stabil i alle modellane. I og med manuelle yrke representerer *lågare* klassebakgrunn, bryt dette med hypotese 1 (H1), men gitt modellens manglande forklaringskraft lyt ein likevel slutte seg til ein nullhypotese (H0) når deg gjeld bakgrunn. I blokk to ser ein at modellen er blitt signifikant når ein kontrollerer for kjønn, men den forklarte variansen på 0,6 prosent (frå og med blokk II-VI: *justert* $R^2$), viser at modellen framleis er veik. Den negative effekten av variabelen kjønn, dvs. kvinne, er i tråd med H2. Effekten er derimot ubetydelig liten, og det er først når ein legg til utdanning i blokk tre ein får ein robust modell av betyding med ein forklart varians på 4,5 prosent saman med ein solid F-test. I tråd med H3 gir altså låg utdanning, ”grunnskule”, ein signifikant negativ effekt på -4,5 verdipoeng. Men særlig ”Vgs:Yrkesfag/fagbrev” gir heile -9,5 verdipoeng på skalaen for opplevd sjanselikskap, noko som er interessant gitt at ein med fagbrev stiller langt sterkare enn utan i konkurransen på den norske arbeidsmarknaden. Ein kan òg merke seg at $R^2$ ikkje endrar seg noko spesielt frå modell III-VI, noko som tyder på at utdanningsvariablane har størst betyding.

I den fjerde blokka ser ein vidare at variablane av grupper som er utanfor arbeidslivet ikkje er signifikante, og ein lyt difor forkaste H4 og stadfeste ei nullhypotese. Heller ikkje klasse og inntekt i blokk 5 og 6 får betyding, kontrollert for dei andre variablane, og stadfestar nullhypotesar. Medan effekten av grunnskuleutdanning og fagbrev minskar litt når det vert kontrollerer for posisjon, klasse og inntekt i blokk 4-6, så forklarar låg utdanning mest og best variasjonen på indeksen for opplevd sjanselikskap eller mobilitet. Dette gjeld spesielt for ”Vgs:Yrkesfag/fagbrev”, som har ein ustandardisert betakoeffisient på heile -8,8, samanlikna med referansevariabelen ”universitet/høgskule 5 år eller meir”.

Om ein samanliknar utfallet av den bivariate og dei multivariate modellane for haldningsindeksen, kan ei kvinne med yrkesutdanning eller fagbrev som høgaste utdanning estimerast å ha 24 verdipoeng på indeksen frå 0-100, samanlikna med ein mann, og personar med meir utdanning enn yrkesfag. I tabell 5.2 scorar arbeidargruppene kring 29, medan gruppene i høgare og lågare kontrollyrke kring 33. Opplevd sjanselikskap er altså betre forklart med utdanning og kjønn når ein kontrollerar for Goldthorpe-klassar. I tillegg vert

skilnaden på opplevd sjanselikskap på det største endå større enn målt med Goldthorpe-klassar åleine.

Med dette ser ein altså at ein med ein multivariat analyse basert på OED-modellen kjem betre ut, men at dette i hovudsak skuldast dummyvariablane for utdanning. Der den bivariate modellen berre forklarte 1,3 prosent, forklarte ein multivariat modell basert på den noko strengare målet *justert* $R^{2,}$ heile 4,8 prosent av opplevd sjanselikskap eller mobilitet.[97] I den multivariate analysen er dei svake effektane av Goldthorpe-klassar ikkje lenger signifikante når ein kontrollerer for utdanning, noko som tyder på at det kan vere tilhøve knytt til eller representert av utdanning*type* og utdannings*nivå,* som påverkar røyndomskjenslene knytt til opplevd sjanselikskap, utanfor dei tilhøva EGP-skjemaet anten er basert på, eller likevel ikkje klarar å fange opp. At utvalet med fagbrev gir langt større effekt på indeksen enn gruppa med grunnskule i denne modellen synest paradoksalt, gitt at fagbrev i teorien gir betre livssjansar jamfør Weber sin forståing av sosial ulikskap. I hovudsak ser ein derimot at EGP-klassar *ikkje* forklarar oppleving av sjanselikskap, i motsetjing til innflytelsen av utdanningsskilje, fylgd av ein liten effekt av å vere kvinne og å ha ein far i faglærde manuelle yrke. Analyser basert på minste kvadraters metode gir derimot ikkje informasjon om indirekte effektar, og utdanning er mindre analytisk spesifisert her, til å kunne koplast til normer og interesser, samanlikna med yrkesklassar.

### 5.3 Klasse og oppleving av konflikt i Noreg

Då det er klasseskilnader i korleis ein vil fordele dei materielle goda i form av lønnskriterium, og i endå større grad statleg omfordeling, kan ein spørje seg om det er ein del av ein breiare interessemotsetning eller konflikt mellom samfunnsklassane. Ved å fokusere på motsetningar og konfliktar kan ein gå vidare inn på det Wright (2005:188) presenterte som det fjerde sentrale spørsmålet i studiar av klasse: Antagonismar og konfliktar: kva skiljelinjer i samfunnet står for ei systematisk generering av tydelege motsetningsforhold og konfliktar? I marxistisk tradisjon tenkjer ein seg at klasseskilnader medfører ein latent konflikt mellom dei to store samfunnsklassane: proletariatet og borgarskapet – arbeidarklassen og kapitalistklassen. [98] Men kan ein rekne med at respondentane i datasettet, i ein rik velferdsstat, er prega av denne materielt funderte konfliktopplevinga? Eller er det på den andre sida belegg

[97] Justert $R^2$ korrigerar for talet på parameter ein legg til i dei ulike modellane (Skog 2010).

[98] Sjå til dømes *Det kommunistiske manifest*, *Kapitalen* (Marx & Engels).

for å hevda at klasseeffekten ikkje lenger har nokon påverknad på opplevd konflikt i Noreg, at dei i hovudsak er erstatta av andre skiljelinjer og nypolitikk?

**Tabell 5.4 Klasseskilnader i opplevd konflikt samfunnet**

| I kva grad kan ein snakke om… | | Noreg 09 |
|---|---|---|
| Konfliktar mellom fattige og rike? | % Konflikt | 16,9 |
| | Gjennomsnittsverdi | 2,89 |
| | Klasseskilnad | 0,31 |
| Konfliktar mellom arbeidarklasse og middelklasse? | % Konflikt | 5,5 |
| | Gjennomsnittsverdi | 3,15 |
| | Klasseskilnad | 0,24 |
| Konflikt mellom leiing og arbeidarar? | % Konflikt | 20,2 |
| | Gjennomsnittsverdi | 2,84 |
| | Klasseskilnad | 0,31 |
| Konflikt mellom folk på topp og botn? | % Konflikt | 33,5 |
| | Gjennomsnittsverdi | 2,63 |
| | Klasseskilnad | 0,53 |

1) 1 = Svært store, 2= Store, 3 Ikkje særleg store, 4 = Ingen

I tabell 5.4 får det fjerde spørsmålet størst utslag der 33,5 prosent stadfestar at ein kan snakke om ein konflikt mellom folk på topp og botn. Påstanden har ein klasseskilnad på 0,5 responspoeng av totalt fire ulike svaralternativ.[99] Skilnaden på 0,5 kan utgjere ein monaleg variasjon i konflikt då gjennomsnittsverdien ligg på 2,63 der verdien 2 tyder ”store konfliktar”, og 3 ”ikkje særlig store konfliktar”. Deretter opplever 20 prosent at ein kan snakke om konflikt mellom leiing og arbeidarar. Gjennomsnittverdien hellar tettare mot ”ikkje særlig store konfliktar”, men spørsmålet vert oppfatta ulikt i klassehierarkiet. Vidare hevdar omlag 17 prosent at ein kan snakke om konflikt mellom fattige og rike i samfunnet, også med ein klasseskilnad. Til slutt er det berre 5 prosent som meiner det er konflikt mellom arbeidarklassen og middelklassen, med ein lågare klasseskilnad.

Tabell 5.4 viser at nordmenn jamt over hevdar det ikkje er særlig store konfliktar i samfunnet, og at klassebakgrunn har ein moderat effekt på desse røyndomsoppfatningane. Den minst spesifikke kategorien: ”konflikt mellom folk på topp og botn”, synest å mobilisere mest konflikt, medan konflikt mellom arbeidarklassen og middelklassen minst. Ser ein snart på

[99] Spørsmåla ein har presentert i dei tidligare tabellane har hatt ein responsskala på fem poeng. Klasseskilnadane i denne tabellen med ein firepoengs responsskala vert difor substansielt større, om ein samanliknar med klasseskilnadane i verdipoeng i dei førre tabellane.

variabelen *Subjektiv klasse* i same datasett, har 18,9 prosent plassert seg i arbeidarklassen og 71,8 prosent i middelklassen.[100] Altså ser ein at det framleis er enkelte som kan tenkjast å identifisere seg med kategorien arbeidarklassen i Noreg, men utan at dette automatisk inneber nokon spesiell konflikt. Dei låge resultata tyder på at dei fleste ikkje opplever konflikt som ei spesielt relevant skildring av tilhøva på arbeidsstaden sin, eller mellom fattige og rike i samfunnet.

Scott (1996) hevdar at relasjonane mellom leiing og arbeidarar likevel må vere basert på dominans eller autoritetsstrukturar grunngjeve i klassetilhøve; leiinga må utøve makt og dominere for å sikre eit visst profittnivå til eigarane, eller halde eit bestemt kostnadsnivå. Samtidig må ein arbeidstakar tilpasse seg leiinga sine ynskje og krav, både for å halde på jobben og levestandarden, og for å auke sjansane til avansement og stigande levekår i framtida. Men gitt desse stadig pågåande maktkampane og dominansstrukturane ein hevdar er grunnlaget for sosial stratifikasjonsprosessar og sosial ulikskap, korleis kan ein i så måte forstå variasjonen i konflikt i tabell 5.4? Og er dei forankra ulikt i dei seks yrkesklassane? Vidare kodar eg om retninga på spørsmåla, og konstruerer ein konfliktskala mellom 0-100, der stigande verdiar indikerer aukande oppleving av konflikt i samfunnet, og 0 ingen konflikt.

**Tabell 5.5 Indeks for opplevd konflikt i samfunnet. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes**

| | | |
|---|---|---|
| *Konstant* | *39,1* | *(1,2)* |
| Høgare kontrollyrke | -4,5** | (1,5) |
| Lågare kontrollyrke | -3,5* | (1,6) |
| Rutine, ikkje-manuelle yrke | -0,8 | (1,5) |
| Sjølvstendige næringsdrivande | 0,5 | (1,9) |
| Faglærde i manuelle yrke | 3,4 | (1,8) |
| *(Ufaglærde i manuelle yrke referansegruppe)* | | |
| $R^2$ (%) | 2.6 | |
| F | 6.8*** | |
| **N** | 1302 | |

*Kjelde: ISSP:2009 Social Inequality IV*

** p < 0,05 ** p < 0,01 *** p < 0,001*

[100] Høvesvis 8 prosent i "2. Nedre middelklasse», 7,1 prosent i "3. Middelklasse» og 16,7 prosent i kategorien "4. Øvre middelklasse». Vidare har 1,9 prosent plassert seg sjølve i "1. underklassen», og 0,4 prosent i "6. overklassen». (Variabel v098). (ISSP 2009, Social Inequality IV: Noreg).

Ser ein først på regresjonsanalysen i tabell 5.5 har modellen ein signifikant forklart varians på 2,6 prosent. Det er altså dobbelt så mykje som den førre bivariate klassemodellen av opplevd sjanselikskap, men likevel berre i overkant av halvparten av klasseeffekten ein såg på haldningar til ulikskapskriterium i førre kapittel, og berre ein tredjedel av klasseeffekten på indeksen for haldningar til fordelingspolitikk. Som ein også har sett i dei førre analysane får gjerne klassar med for låge betakoeffisientar og for store standardfeil ikkje alltid signifikante verdiar. Dette gjeld spesielt for sjølvstendige næringsdrivande og rutinefunksjonærar. Problemet med substansiell signifikans er her, som i førre modell, tydelig ved at standardfeilen til høgare- og lågare kontrollyrke kan overlappe effektdifferansen mellom dei. Når det er sagt ser ein at den forklarte variansen i modellen er tilstrekkelig stor til å forkaste ein nullhypotese, og at det er ein liten, men likefullt signifikant samanheng mellom klasse og grad av opplevd konflikt i Noreg. Men denne samanhengen ser i praksis ut til å vere mellom to posisjonar: Dei i kontrollyrke, som opplever litt mindre konflikt på eine sida, og referansegruppa med ufaglærde i manuelle yrke. Klasseeffekten på konfliktindeksen er såleis dobbelt så stor som på indeksen for opplevd sjanselikskap, men felles for begge vert ein markant svakare samanheng samanlikna med indeksen for fordelingspolitikk (7,7%) og ulikskapskriterium (4,1%) i førre kapittel.




***Figur 5.3*** *Klasse og opplevd konflikt i samfunnet*

Det første og kanskje mest iaugefallande ein ser i figur 5.3 er at ”faglærde i manuelle yrke” i størst grad opplever konflikt, med i overkant to indeksverdiar *meir* enn ”ufaglærde i manuelle yrke”. Dei følgjande to under der igjen – sjølvstendig næringsdrivande, og ”rutine, ikkje-manuelle yrke” er som sagt ikkje signifikante, og fordeler seg heller ikkje klassehierarkisk her. Desse to yrkesklassane ligg truleg nær referansegruppa. Klassane som derimot skil seg tydeleg ut, jamfør tabell 5.5, er kontrollyrka nedst i figuren. Samla sett kan ein kartlegge tre tyngdepunkt: Øvst ”faglærde i manuelle yrke” med verdien 43 (ikkje-signifikant estimat), nedst serviceklassen kring verdien 35, og dei resterande yrkesklassane spreidd rundt verdien 39 på midten. Den samla avstanden mellom nedste og øvste klasse vert slik sett på 9 skalapoeng, noko som er større differanse samanlikna med førre skala for sjanselikskap (differanserate på 6 skalapoeng), omlag like stor som avstanden på skalaen for ulikskapskriterium (omlag 10 skalapoeng), og i underkant halvparten av avstanden på indeksen for fordelingspolitikk (omlag 19 skalapoeng).

Sjølv om objektet for analysane er klasseskilnader i haldningsmønster, lyt ein likevel gje til kjenne at ein forklart varians på 2,6 prosent er eit svakt utgangspunkt for meiningsfulle

analyser.[101] Dette kan mellom anna skuldast veikskapar i Svallfors' studiedesign, reliabilitets- og validitetesproblem knytt til EGP-skjemaet, ulik operasjonalisering av konfliktindeksen, eller at det er kvalitative skilnader mellom haldningstypar og samfunnspersepsjonar. Dette reiser grunnleggjande spørsmål om kriterie- og omgrepsvaliditet: Kva definerer *sosiale haldningar,* og kva er det rimelig at klasse kan ha ein effekt på? Eller handlar det grunnleggjande sett om heuristiske avgrensingar knytt til den teoretiske definisjonen av klasse? Ved å samanlikne Svallfors' konfliktindeks og kontrollere for andre bakgrunnsvariablar kan ein deretter forsøke å svare på desse spørsmåla.

**5.4 Kva slags konflikt? Komparative utfordringar og betydinga av samfunnseffektar**

Ser ein på fordelingane på figuren med Svallfors sin konfliktskala, viser også den klassehierarkiske skilnader der ufaglærde arbeidarar scorar høgst, og i Sverige scorar i tillegg faglærde og ufaglærde ganske likt (Svallfors 2006:65-66). Både det estimerte konfliktnivået og samla spennvidda mellom klassane krympar mellom landa i tidsrommet 1992 til 1999, men i Sverige derimot ser konfliktverdiane ut til å liggje på eit samla sett høgare nivå på skalaen i 1999. I tillegg ser Sverige ut til å vere det landet med størst avstand mellom klassane når det kjem til konfliktorientering.[102] USA har på si side minst avstand mellom klassane både i 1992 og 1999 på omlag 10 skalapoeng (50-60) i 1999 (Svallfors 2006:66). Om ein samanliknar funna ser ein først og fremst at konfliktindeksen for Noreg i 2009 får eit samla nivå med klasseskilnader (spennvidde) på størrelsesnivå med det USA får i Svallfors studie. I tillegg ligg klassane lågare på indeksen for konfliktnivå i Noreg, langt under landa i Svallfors figur. Noreg har altså mindre klasseskilnader og mindre samla opplevd konflikt enn landa i Svallfors studie, i motsetning til Sverige sine høge og tydelig klassedifferensierte haldningar til konflikt.

Sjølv om ein kan drøfte resultata frå Svallfors konfliktindeks, så skil indeksen seg frå spørsmåla og konfliktindeksen konstruert av 2009-datasettet ved at spørsmåla Svallfors nyttar er meir normative, politiserte og kontroversielle, til dømes: "Inequality continues to exist: because in benefits the rich and powerful" og "because ordinary people don't join togheter to

[101] Om ein til dømes legg til grunn at ein først har ein "sikker" statistisk samanheng når den forklarte variansen (R2) er på 5 prosent eller meir. Slike grenser og retningslinjer er derimot diskutable og må nyttast etter vitskapleg skjønn.

[102] Ein samla avstand på om lag 20 skalapoeng (47-67) i 1999.

get rid of it?" (Svallfors 2006:64). Slik sett kan ein argumentere for at Svallfors indeks ligg noko nærare det han kallar "normative believes", altså meiningar som opent kan bli utfordra og diskutert og er relatert til korleis samfunnet *bør* vere, i motsetning til "positive believes" som i større grad handlar om korleis samfunnet *er*.[103] I så måte kan ein hevde at Svallfors eigentlig måler *radikal klassekonflikt* då spørsmåla er assosiert til marxistisk diskurs, eller sosialistisk og kommunistisk narrativ om at *folket sjølv tek hand om ulikskapen* ved å *ta eit oppgjer med dei rike og mektige*.

Vender ein seg igjen til Wright (2010:191, eiga omsetjing) si inndeling av seks sentrale dimensjonar ligg spørsmåla bak Svallfors' konfliktindeks nærmast "frigjering: Kva slags transformasjonar er nødvendig for å fjerne undertrykking og utnytting innanfor kapitalistiske samfunn?" og som truleg utgjer den mest kontroversielle og politiserte delen av klasseforskinga. Dette spørsmålet om kriterie- og omgrepsvaliditet vert med andre ord meir enn eit spørsmål om semantikk. Therborn (2008:143) peikar på dette når han hevdar at marxistisk teori er prega av ein vedvarande eurosentrisme: "Marx and later socialists inherited a class discourse from the French Revolution and from the political economy of the British Industrial Revolution". Svallfors' spørsmål og analyse av konflikt kan gi assosiasjonar til ein slik diskurs. Konfliktverdiane er lågast i dei liberale landa, noko ein også kan sjå i samband med den store variasjonen på reliabilitetstestane (Chronbacs Alpha) mellom dei ulike landa i studien hans; betydinga av konflikt, rettferd og sosial endring vert oppfatta ulikt, noko som betyr at indeksen ikkje måler det same fenomenet i dei liberale landa som i det sosialdemokratiske.[104] Indeksen som er konstruert i dette kapitlet er derimot basert på spørsmål om det Wright (2005:188, eiga omsetjing) kallar "antagonismar og konflikt: Kva sosiale skilje skaper systematisk uttalt konflikt?", med det vidare formål å analysere korleis grad av opplevd konflikt kan vere assosiert til faktiske opplevde "livssjansar: Kva forklarar ulikskap i livssjansar og materiell levestandard?" (Wright 2005:185). I så måte utgjer det to kvalitativt forskjellige indeksar, då eg måler oppleving av konflikt i samfunnet, medan Svallfors måler haldningar eller vilje til politisk handling grunngjeve i konfliktlinjene i samfunnet.

[103] Sjå Bourdieu (1977 [1972:164-9]) sin definisjon av *doxa*: "the natural and social world appears as self-evident" og er det som "goes without saying because it comes without saying".

[104] Sjå Ringdal (2001:168-170).

Medan ein såg likskapar med Sverige når det kom til haldningar til legitim lønn i tabell 4.1, samt fellestrekk i høg klassemobilisering i haldningar til fordelingspolitikk, så ser derimot opplevinga av konflikt ut til å liggje godt under både Sverige, Storbritannia, Tyskland og USA i 1999. Samanlikna med resultata til Svallfors skil Noreg seg frå Sverige, då klassehierarkiet ligg på eit lågare nivå til liks med USA.[105] Dette synest paradoksalt om ein legg til grunn at USA har størst sosial ulikskap og strukturelle klasseskilnader, medan Sverige har minst *faktisk* ulikskap og klasseskilnader, og har velferdsstatar som meir aktivt meklar konfliktar. På den andre sida kan ein tenkje seg at ein meir politisk konfliktindeks ville gitt større klasseskillje i Noreg, til liks med Sverige.

Eit sentralt problem med slike komparative makrostrukturelle analysar er at haldningar, meiningar og ord har ulik historisk og kontekstuell meining frå land til land. Det å handsame verda som ei eining (N=1) kan slik sett føre til deduktive feilslutningar, noko alfatestane langt på veg indikerer.[106] Medan Svallfors' indeks har gjennomgåande svak reliablitet i dei ulike landa, så har derimot indeksen ein har konstruert her for Noreg ganske høg reliablitet.[107] Sidan Svallfors' konfliktindeks ikkje tilfredstiller grunnleggjande reliabilitetsmål i nokon av landa i hans studie, kan det medføre kritikk mot heile klasse-haldning-modellen han baserer seg på, gitt at den grunnleggjande problemstillinga han reiser om konflikt, klasse og ulikskap i hans studie ikkje er svart på. Dette reiser mange nye spørsmål av både teorietisk og metodisk karakter: Korleis kan ein forstå og forklare konflikt i og mellom kapitalistiske velferdsstatar? I og med at ein for Noreg har konstruert ein reliabel indeks av samfunnskonflikt, men som i liten grad er kopla til EGP-klassar, kan det vere grunnlag for å utvide analysane. Til liks med kapittel 5.2 foreslår eg å nytte OED-modellen til å formulere *stegvise* hypotesar knytt til bakgrunn, utdanning og posisjon. Som argumentert for i førre del, og i den teoretiske definisjonen av klasse i kapittel to, spør ein om dei same eigenskapane som svekkar sjanselikskap, samtidig aukar opplevinga av konflikt.

H1: Låg klasseposisjon hjå far fører til stigande konfliktoppleving.
H2: Kjønn: Kvinner opplever høgare konfliktnivå i samfunnet enn menn.

[105] Sjå Svallfors (2006) sin figur av konflikt-indeksen.

[106] Ref. Galtons problem (Scott & Marshall 2005:236).

[107] Konfliktindeksen her har ein cronbachs alfpha på 0,82. Sjå metodekapittelet for deskriptiv statistikk for alle indeksane konstruert i denne studien.

H3: Låg utdanning fører til stigande konfliktoppleving.

H4: Dei som står utanfor yrkeslivet opplever høgare konflikt i samfunnet.

H5: Låg klasseposisjon fører til stigande konfliktoppleving.

H6: Låg inntekt fører til stigande konfliktoppleving.

**Tabell 5.6a Indeks for opplevd konflikt. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes. Blokk 1-3. Uavhengige variablar: Bakgrunn og utdanning: Fars klasse, kjønn og utdanningsnivå.**

| *Modell* | **I** | **II** | **III** |
|---|---|---|---|
| *Konstant* | *38,1 (0,6)* | *36,7 (0,7)* | *33,3 (1,3)* |
| Far i høgare kontrollyrke | -0,1 (1,2) | -0,4 (1,2) | 1,8 (1,3) |
| Far i lågare kontrollyrke | 0,9 (1,4) | 0,9 (1,4) | 2,3 (1,4) |
| Far i rutineprega kontrollyrke | -1,4 (1,5) | -1,5 (1,5) | 0,1 (1,5) |
| Far i faglærde manuelle yrke | -3,0* (1,3) | -3,1* (1,3) | -3,1* (1,3) |
| Far bonde | -5,2** (1,7) | -5,0** (1,7) | -5,5** (1,7) |
| *(Far i ufaglærde manuelle yrke referansegruppe)* | | | |
| Kjønn | | 2,9*** (0,8) | 3,4*** (0,8) |
| *(Mann=0)* | | | |
| Grunnskule | | | 7,5*** (1,7) |
| Vgs: Yrkesfag/fagbrev | | | 7,4*** (1,6) |
| Vgs: Allmennfag/studiekompetanse | | | 2,6 (1,4) |
| Universitet/høgskule inntil 2 år | | | 2,3 (1,5) |
| Universitet/høgskule inntil 4 år | | | -2,1 (1,4) |
| *(Universitet/høgskule 5 år eller meir referansegruppe)* | | | |
| Justert $R^2$ (%) | 0.7 | 1.5 | 5.6 |
| F | 2.9* | 4.3*** | 7.8*** |
| **N** | 1277 | 1277 | 1277 |

*Kjelde: ISSP:2009 Social Inequality IV. Noreg.*
*Merknad: Modell I nyttar vanlig $R^2$.*
** p < 0,05 ** p < 0,01 *** p < 0,001*

**Tabell 5.6b Indeks for opplevd konflikt. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes. Blokk 4-6. Uavhengige variablar for posisjon: Utanfor yrkeslivet, Goldthorpe-klassar og inntekt.**

| **Modell** | **IV** | | **V** | | **VI** | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| *Konstant* | *33,7* | *(1,2)* | *33,9* | *(1,8)* | *33,7* | *(1,8)* |
| Far i høgare kontrollyrke | 1,4 | (1,2) | 1,8 | (1,3) | 1,9 | (1,3) |
| Far i lågare kontrollyrke | 2,2 | (1,4) | 2,5 | (1,4) | 2,6 | (1,4) |
| Far i rutineprega kontrollyrke | 0,1 | (1,5) | 0,5 | (1,5) | 0,7 | (1,5) |
| Far i faglærde manuelle yrke | -3,6** | (1,3) | -3,6** | (1,3) | -3,4** | (1,3) |
| Far bonde | -4,8** | (1,7) | -4,5** | (1,7) | -4,3* | (1,7) |
| *(Far i ufaglærde manuelle yrke referansegruppe)* | | | | | | |
| Kjønn | 3,2*** | (0,8) | 3,0*** | (0,8) | 3,1*** | (0,8) |
| *(Mann=0)* | | | | | | |
| Grunnskule | 7,4*** | (1,7) | 6,8*** | (1,8) | 6,9*** | (1,8) |
| Vgs: Yrkesfag/fagbrev | 7,4*** | (1,6) | 6,1*** | (1,6) | 6,2*** | (1,6) |
| Vgs: Allmennfag/studiekompetanse | 2,0 | (1,4) | 0,9 | (1,4) | 0,9 | (1,4) |
| Universitet/høgskule inntil 2 år | 1,9 | (1,5) | 1,4 | (1,5) | 1,4 | (1,5) |
| Universitet/høgskule inntil 4 år | -1,9 | (1,4) | -2,1 | (1,4) | -2,2 | (1,4) |
| *(Universitet/høgskule 5 år eller meir referansegruppe)* | | | | | | |
| Studentar, skuleelevar | 1,5 | (1,7) | 0,3 | (1,8) | 6,9 | (1,8) |
| Trygda, arbeidsuføre | 6,4*** | (1,7) | 6,4*** | (1,8) | 6,2*** | (1,8) |
| Alders- og førtidspensjonistar | -4,7*** | (1,3) | -4,5*** | (1,3) | -4,5*** | (1,3) |
| *(Yrkersaktive referansegruppe)* | | | | | | |
| Høgare kontrollyrke | | | -0,9 | (1,6) | -1,1 | (1,6) |
| Lågare kontrollyrke | | | -0,2 | (1,7) | -0,2 | (1,7) |
| Rutine, ikkje-manuelle yrke | | | 1,1 | (1,6) | 1.0 | (1,6) |
| Sjølvstendige næringsdrivande | | | 1,7 | (1,9) | 1.5 | (1,9) |
| Faglærde i manuelle yrke | | | 4.0* | (1,9) | 4.0* | (1,9) |
| *(Ufaglærde i manuelle yrke referansegruppe)* | | | | | | |
| Inntekt | | | | | 0.0 | (0.0) |
| Justert $R^2$ (%) | 7.6 | | 8.0 | | 8.1 | |
| F | 8.5*** | | 6.8*** | | 6.6*** | |
| **N** | 1277 | | 1277 | | 1277 | |

*Kjelde: ISSP:2009 Social Inequality IV*

** p < 0,05 ** p < 0,01 *** p < 0,001*

I tabell 5.6a ser ein at effekten av klassebakgrunn åleine ikkje er spesielt stor. Ein får derimot signifikante negative utslag for dei som har ”far i faglærde manuelle yrke”, og ”far bonde”, på indeksen for opplevd konflikt, også når ein kontrollerer for kjønn, utdanning og posisjonsvariablane. Retninga på denne effekten inneber at H1 må forkastast, fordi far med låg klassebakgrunn gir mindre opplevd konflikt. I blokk II er kjønn lagt til, og doblar modellen sin forklaringsevne. Effekten er slik sett i tråd med H2, men i seg sjølv liten. Først når ein legg til utdanningsvariablane i blokk III vert den bivariate klasseanalysen utlikna, og modellen forklarar dobbelt så mykje. I likskap med dei førre blokkmodellane for sjanselikskap har variablane ”Grunnskule” og ”Vgs: Yrkesfag/fagbrev” stor negativ innflytelse, men her er dei ganske like. I første omgang kan H3 stadfestat: Låg utdanning er relatert til stigande større opplevd konflikt.

Ser ein vidare på blokk 4, så aukar variabelen ”trygda, arbeidsufør” verdien på konfliktskalaen med 6,4, medan effekten av ”alders- og førtidspensjonistar” har negativt forteikn på -4,7 i motsetning til referansegruppa av yrkesaktive. Effekten av å vere ”Studentar, skuleelevar” er ikkje signifikant, noko som tyder på at H4 er for generell; grupper utanfor yrkeslivet orienterer seg derimot ganske forskjellig til spørsmål om konflikt i det norske samfunnet. Justert $R^2$ aukar med desse ulike gruppene til heile 7,6 prosent, medan blokk 5 berre aukar til 8 prosent når ein legg til Goldthorpe-klassar. Denne klasseskilnaden gjeld faglærde arbeidarar. Effekten av inntekt i blokk seks er ikkje signifikant, men i likskap med førre blokkanalyse (sjanselikskap) ser ein at koeffisienten til låg utdanning vert litt redusert i dei to siste modellane, og spesielt av klasse. Samla sett er det likevel interessant at klasse har så liten betyding for modellen.

Samanlikna med den bivariate klasseanalysen i tabell 5.5 får ein òg her ein betre modell av å nytte konseptet bak OED-modellen, med då hovudsakleg ”E” utdanning, og ”D” i form av grupper som er *utanfor* yrkeslivet, som i større grad enn variasjonane mellom dei som er *i* yrkeslivet, (samanlikna med EGP-skjemaet) påverkar indeksen for konflikt i samfunnet.[108] Også her synest det å medføre ein ”positiv” effekt av å ha ein far i faglærde manuelle yrke, og

[108] I tabell 5.5 var konstanten 39,1 og høgare og lågare kontrollgrupper reduserte denne med høvesvis -4,5 og -3,5. I blokk seks i b er konstanten 33,7, og tek ein utganspunkt i ei kvinne som berre har grunnskuleutdanning og er vorte trygda eller arbeidsufør, gir det ein estimert effekt på 49,9 på skalaen for opplevd konflikt der 100 er total konflikt i samfunnet.

i denne modellen òg å ha far som er bonde (når r. var 16 år), då det kan senke estimert konfliktoppleving med høvesvis 3,4 og 4,3 verdipoeng.

Tar ein opp igjen debatten etter gjennomgangen av spørsmåla i tabell 5.3, ser ein av desse funna at det er liten samanheng mellom EGP-klassar og konflikt. Låg utdanning og trygd/pensjonsstatus har større betyding. Ser ein vidare på Svallfors klasse-haldning nexus tek ein altså utganspunkt i at normer og interesser er sentrale element for analysen. Svallfors forklaringsmodell er derimot mindre fruktbar når ein her går utover klasse, fordi dei er kvalitativt andre fenomen som er teoretisert annleis. Ein lyt difor spør kva andre måtar ein kan forstå haldningar og samfunnspersepsjon på, utover klasserelaterte interesser og normer?

Held ein seg til Weber og Scott sine konseptualiseringar, kan ein tenkje seg at til dømes politiske parti eller andre organisasjonar og aktørar i den offentlige debatten har innflytelse når det kjem til å kople, eller avkople saker og konfliktlinjer til den sosiodemografiske strukturen av til dømes klasse, og standsgrupperingar. Politiske parti kan velje å slutte opp om ei bestemt haldning eller haldningsdimensjon, i staden for å ignorere den til fordel for andre dimensjonar. Likevel kan det vere maktsymbiotiske tilhøve mellom både enkeltpersonar, interessegrupper, media og parti, som avgrensar kva som er mogeleg og ikkje mogeleg å artikulere for dei enkeltvis eller samla. Dette er tolkingsmogelegheiter innanfor eit institusjonalistisk tilnærming (Sjå Svallfors 2006:26, figur 2.2).

For det andre er det også teoriar og studiar som viser korleis den historiske og samfunnsmessige kontekst kan forme det kollektive minnet i form av identitetar, samfunnspersepsjon og mogelege verdisett (Hobsbawm, Thompson & Miszttal 2003, Halbwachs & Coser 1992). I denne samanhengen er det verdt å peike på korleis den norske modellen er kjenneteikna av å institusjonalisere konfliktlinjer gjennom organisatoriske modellar, såkalla korporativisme (Rokkan 1966, Norby 1999). Fagrørsla, tillitsvalde og eit godt utbygd arbeidarvern førebyggjer og tek hand om sentrale konfliktar mellom leiing og arbeidstakarar (Dølvik & Stokke 1999). Som ei følgje av trepartsmodellen er også lønnsskilnadene relativt små, og dei politiske partia mobiliserer i dag veljarar langs andre konfliktlinjer, og feste til klasse er hevda å vere avtakande (Berglund 2004:131, Aardal 2011). Konflikt mellom fattig og rik kan òg tenkjast å vere institusjonalisert gjennom velferdsstaten og frivillig velgjerningsarbeid. Den auka rikdommen og den veksande velferdsstaten har slik sett teke over oppgåver som for ein generasjon sidan vart utført i familien, mellom vener og i

andre sosiale relasjonar. Ei tolking kan såleis vere at institusjonalisering av konfliktlinjer har ført til de-artikulering, og redusert klasseskilje i opplevingar av samfunnskonflikt.

Sett med Sorge (1995) sitt samfunnsperspektiv kan ein hevde at den høge sysselsetjinga som pregar dei sosialdemokratiske velferdsstatane vil forme sosiale haldningar på ein bestemt måte. Det betyr at det å vere yrkesaktiv og det å stå utanfor arbeidslivet kan ha ulik betyding i ulike land, og difor påverke haldningar ulikt. Som ein såg i analysen meiner trygda og arbeidsuføre at det er større konfliktar i samfunnet, og effekten auka markant for grupper med låg utdanning. Av ulike grunnar ser det ut til at det å stå utanfor arbeidslivet har større effekt på haldningar en skilja innanfor arbeidslivet, målt med Goldthorpe-klassar. Vidare kan det tenkjast at mange av alders og førtidspensjonistar identifiserer seg med tidligare yrke og har frivillig tredd ut av arbeid, medan fleire av dei trygda- og arbeidsuføre ufrivillig står utanfor yrkeslivet. Forstått med Weber kan desse to gruppene sine effekten på konfliktindeksen kome av sosioøkonomiske posisjon, livssjansar, og skilnader i status. Elevar og studentar kan identifisere seg med sin *framtidige* forventa yrkesposisjon, eller som Blau & Duncan (1967) sa: den posisjonen familien har sosialisert dei til å førebu seg på. Alle desse prosessar kan påverke samfunnspersepsjon.

Når det gjeld normer er konflikt gjerne assosiert med vanskelege og negative tilhøve i Noreg. I motsetting til for eksempel Frankrike der opprør og konflikt i større grad kan vere assosiert med samfunnsengasjement og moralske ideal. Fransk historie rommar alt frå demonstrasjonar til blodige revolusjonar, medan det norske kongestyret vart avsett til fordel for parlamentarisme og demokratiske reformer utan at blod vart spilt (Danielsen, Dyrvik, Grønlie, Helle, Hovland 2007 [1991]). Den høge graden av fordeling og velstand kan òg tenkjast å kunne dempe dei individuelle interessene for aukande konflikt, då det like gjerne kan virke kontraproduktivt på arbeidsplassen, eller i dei store kollektive lønnsforhandlingane, fordi for høg konfliktmobilisering kan medføre tap av legitimitet i opinionen og tvungen lønnsnemnd (Dølvik & Stokke 1999). Dei synlege klassekonfliktane i landet kan òg tenkjast å gå langs kulturelle linjer. Konfliktane kan til dømes handle meir om respekt og innflytelse i samfunnet (Jacobsen 2010). Denne kulturelle konfliktlinja er hevda å vende veljarar mot populistiske høgreparti.[109] Tabell 5.4 viste at det var konflikt mellom topp og botn som både gav størst

[109] I tillegg er det rimeleg å tru at denne konfliktlinja òg fører til motmobilisering hjå dei viktigaste konkurrentane til Framstegspartiet, jamfør Jens mot Jensen-debattane i valkampen før stortingsvalet i 2009.

konflikt (33,5%) og størst klasseskilnad (0,5 verdipoeng). Som ein såg av maktutgreiinga frå 2003, ligg det truleg ein kime til konflikt av at: *"Mens folkeflertallet vil ha økonomisk utjevning, sosial stabilitet og nasjonal kontroll, vil beslutningselitene ha effektivitet, omstilling og internasjonalisering." (NOU 2003:19).* I studiar snakkar ein gjerne om globaliseringa sine taparar, dei som føler seg etterlatne og oppgitte av dei politiske partia, i utdanningssystemet, og av dei akademiske og kulturelle elitane. Eit ofte uttalt poeng er at *vanlege folk* ikkje lenger kjenner seg igjen i verdsbiletet til det den *politisk korrekte eliten*, der høgare utdanning òg utgjer ei viktig sosiokulturell skiljelinje.[110] Medan denne opplevinga er sterkast nedst i klassehierarkiet, og som ein såg i figur 5.3 er også konfliktorienteringa størst der, så viser dei norske valstudiane derimot at venstrefløypartia sine veljarar oftare har høg utdanning og er tilsette i offentleg sektor (Aardal 2007, 2011). I antologien *klassebilder - ulikhet og mobilitet i Norge* konkluderar Hansen & Wiborg (2010:212) med at:

> "Ifølge det sosialdemokratiske prosjektet var målsettingen å skape like muligheter for alle, uavhengig av sosial bakgrunn, kjønn eller etnisitet. Våre funn viser at dette ikkje har blitt innfridd til det fulle når det gjelder klassebakgrunn. Klassereisen har ikke blitt mer vanlig, og reisen virker nok fremdeles lang for dem som kommer fra det nederste nivået i samfunnshierarkiet."

I føregåande analysane finn ein at ein person med grunnskule og yrkesfagutdanning opplever betydelig mindre sjanselikskap, og betydelig større konfliktopplevingar, samanlikna med alle dei øvrige utdanningsgruppene. At denne tendensen aukar kumulativt for kvinner og for dei som er trygda og arbeidsuføre, teiknar eit bilete av systematisk ulikskap som er gjennomgåande dokumentert både i både levekårsundersøkingar og yrkes- og mobilitetsstudiar. Men kva betyr det at det norske stratifikasjonssystemet også er spegla i delar av befolkninga sine røyndomsrøynsler og sosiale haldningar til rettferd, ulikskap og konflikt?

### 5.5. Klasse, konflikt og sjanselikskap i Noreg – teoretiske og metodiske utfordringar

Ser ein den varierande effekten av Goldthorpe-klassar på haldningsindeksane her, kan det tyde på at haldningane kan vere forankra i til dels ulike dimensjonar, og at haldningar til sosial ulikskap og marknaden ikkje nødvendigvis let seg forklare fullt ut med utganspunkt i det ein tenkjer må vere rasjonelle klassespesifikke interesser og normer. Haldningane kan ha

[110] I Noreg debattert av Marsdal (2007) og Raknes (2012).

utspring i ulike felt for ulike grupper, med ulike argumentasjons- og legitimeringsformer.[111] Stadig fleire peikar òg på at sosial stratifikasjon går langs fleire dimensjonar (Grusky & Ku 2008:21). Medan enkelte forstår sjanselikskap som eit spørsmål om opplevde utsikter for mobilitet, kan andre tenkjast å vektleggje spørsmålet om kontaktar i lys av at pågangsmot. Ulike legitimeringsgrunnar og indirekte effektar kan ein som sagt ikkje alltid fange opp med kvantitative studiedesign, og kan vere eit kritisk motargument i denne samanheng.

Men ser ein tilbake på det Wright (2005) postulerte som seks sentrale dimensjonar studiar av klasse- og ulikskap er det openbert vanskeleg, og problematisk å inkorporere for mange dimensjonar i ein studie. Ein ting er å spørje seg kva som genererer systematiske konfliktar og skiljelinjer i samfunnet eller korleis fordelinga av dei materielle levekåra påverkar livssjansar. Spør ein derimot korleis menneske plasserer seg *subjektivt* innanfor den individuelle eller kollektive strukturen av ulikskap (Wright 2005)) synest ofte kritikken mot klasse og stratifikasjonsforsking å verte sterkare. Scott hevdar derimot at kritikkane mot klasseforsking ofte kjem av ei misforståing når det gjeld skilnaden på *ulikskap* og *stratifikasjon*; som sagt tidligare utgjer stratifikasjonsprosessar stadig pågåande makt- og dominansforhold, anten frå klasse, stand og/eller autoritetsrelasjonar. Det er derimot via demografiske prosessar som til dømes inter- og intragenerasjonell mobilitet, giftemål og stiftingar av hushald og sosiale enklavar med ulike maktsituasjonar som klyngjar seg saman til storskala kollektiv som utgjer dei sosiale *strata* (Scott 1996:193). På den andre sida kan mønstre av sirkulasjon og interaksjon òg vere av ein slik karakter at ingen overordna strata tek form.

Medan klasseskilnadene knytt til opplevinga av konflikt og sjanselikskap er små i Noreg anno 2009 målt med EGP-skjemaet, så kan ein ikkje av det konkludere med at ein har fått eit meir fragmentert stratifikasjonssystem. Det kan tyde på at Goldthorpe-klassar, og mogeleg klassekonseptet generelt, er mindre knytt til haldningar relatert til røynsler og samfunnsbilete, kanskje fordi dei ikkje kan knytast direkte til det Svallfors definerer som *objektive kriterium*, til dømes pengar, rettferd og det idéelt ønska samfunnet. I dette kapittelet kan det sjå ut til at haldningar basert på spørsmål om ”positive beliefs”, i sum er mindre klassepolitiserte enn ”normative beliefs” som til dømes haldningar til fordelingspolitikk og ulikskapskriterium. Gitt

---

[111] Boltanski & Thévnot (1999) hevdar konseptet *verdiordenar* er ein god innfallsvinkel. Desse ordenane refererer til ulike kollektivt aksepterte verdsettingsformer i samfunnet: Marknaden, ein sivil, ein inspirasjonell, ein domestisk, ein industriell og ein prega av berømmelse. Desse vert aktivisert i ulike situasjonar og er knytt til bestemte verdiar, argument, objekt og forståingar av verdifulle subjekt.

at den norske konfliktindeksen er meir generell, kan det tenkjast at den eigentleg måler opplevd samfunnskonflikt. Svallfors' indeks derimot, kan derimot tenkjast å måle *konfliktbasen* til klassemobilisering for eller imot sosial ulikskap, som i stor grad er eit sentralt tradisjonelt klassespørsmål. Ein kan òg seie konfliktindeksane difor skildrar kvalitativt ulike haldningar. Med bakgrunn i analysane over er det mykje som tyder på at betydinga av klasse varierer mellom ulike haldningstypar.

Tolkar ein Svallfors annleis kan ein derimot hevde at variasjonen i reliabilitet (alfatestane) kan seie noko interessant om nettopp denne skilnaden mellom land, der samanlikninga eller variasjonen vert "uavhengig variabel", og hovudgrunnlaget for den komparative analysen: "Since the focus of this book is to elucidate class patterns across countries, comparatively litte attention is put on the analysis of within-class variations" (Svallfors 2006:20). Vidare kan det tyde på at ei samanlikning mellom ein tverrsnittstudie og ein komparativ haldningsstudie på same vilkår ikkje er kompatibel. Gitt kompleksiteten i haldningsstudiar, klassestudiar og komparative studiar kan ein hevde at det er ein veikskap i Svallfors' studie at reliablitetsproblematikken berre så vidt er kommentert i ein fotnote.[112] Og alt i alt kan ein difor tvile på om denne variasjonen i klasseeffekten på konfliktindeksen eigentleg skildrar noko substansielt nokon stad, då reliablitetsmåla ikkje er innfridd i nokre av landa den nyttast i.

Funna i dette kapittelet kan òg tolkast til fordel for verdien av Svallfors' haldningsstudie på den måten at ein finn ein skilnad mellom ulike *typar* haldningar, der haldningar med ein meir uttalt normativ eller politisk profil er sterkare knytt til klasse enn spørsmål som er meir generelle, og ikkje direkte knytt til moralske idear om det *ideelle* samfunn, der ein må ta stilling til *sosial endring*. Svallfors gjer greie for at:

> " "Attitudes" are understood as normative beliefs and opinions about particualr social objects. They also differ from "values" in that they are tied to specific existing objects. They also differ from "positive" beliefs, which are beliefs about actual state of affairs." (Svallfors 2006:18).

Det kan slik sett tale for ein strengare tolking, og derav metodologisk operasjonalisering, ut frå ein definisjon av *sosiale haldningar*, som ville kunne ekskludert spørsmåla om sjanselikskap og konflikt reist i denne delen, og handsama dei annleis i eit anna studiedesign.

---

112 Sjå fotnote 6 (Svallfors 2006:196).

Vidare peikar han på det normative elementet ved haldningane: ”Attitudes are of interest here inasmuch as they concern opinions on the ideal nature of human interaction or social order in different respects” (Svallfors 2006:18). Svallfors foreslår at ein avgrensar perspektivet med å spørje kva haldningar ein kan vente at klasse har innflytelse over. I dette kapittelet spurde eg om ein i tillegg burde kunne vente at *sjanselikskap* kunne knytast til livsjansar i den livslange distribusjonen av gode som skjer gjennom arbeidet og gitt posisjon på marknaden, og at *konflikt* i samfunnet kan knytast til at ulike grupper har ulik makt og dominansposisjonar, i denne kampen om distribusjonen på den økonomiske marknaden. Spørsmåla er i så måte knytt til haldningsdomenet Svallfors (2006:20) presenterer, der aktiviteten er *distribusjon* og arenaen er *marknaden*. Spørsmålet vert likevel om relasjonen er for indirekte, og at dette kjem til syne i heuristiske avgrensingar på fleire plan i studiedesignet.

<u>Oppsummering</u>

I dette kapitlet finn ein at effekten Goldthrope-klassar har på opplevd sjanselikskap og konflikt ikkje er signifikant når ein kontrollerer for andre bakgrunnsvariablar, i hovudsak modellar basert på utdanningshypotesar, med negative effektar knytt til dummyvariablane ”grunnskule” og ”Vgs:Yrkesfag/fagbreg”. Samtidig er det vanskelig å vite kva aspekt knytt til det å ha låg utdanning som fører til ein variasjon i haldninga, noko som gjer resultata diffuse samanlikna med klasseeffektar. Er det sosialiseringsprosessar i utdanningssystemet som endrar samfunnspersepsjon, eller dreier det seg om at dei kan representere ein svakare posisjon på arbeidsmarknaden? Om sistnemnde skulle vere tilfelle er det derimot eit tankekors at EGP-skjemaet ikkje kan forklare dette. Snur ein innfallsvinkelen kan ein spør om det heller er aspekt ved det å ha *lengre* utdanning som er viktig. Svallfors (2006:75-76) finn at dei øvste klassane har sterkare ideologisk integrasjon enn ufaglærde i manuelle yrke, både i USA og Sverige, og foreslår fleire mogelege forklaringsmåtar. Både institusjonelle tilhøve som fagrørslemakt, statleg eigarskap og rolla til kommersielle medium kan forklare komparative variasjonar i haldningar til ulikskap, men også utdanningsnivå mellom klassane. Jamført dei stegvise hypotesetestane kan ein vidare spør om effektar relatert til utdanning har stor betyding for variasjonen i ulike klassar sin haldningsintegrasjon.

I det tredje og siste analysekapittelet vil eg analysere korleis og i kva grad alle indeksane konstruert i denne masteroppgåva er korrelert ulikt mellom klassane. Ved å studere likskap eller skilje mellom ufaglærde arbeidarar og høgare kontrollyrke, og samanlikne med samplinga elles, kan ein spør om klasse har nokon effekt på grad av haldningsintegrasjon.

Varierer desse to indeksane, nærare relatert til ”positive beliefs” systematisk med dei andre materialistiske haldningane i analysane prega av ”normative beliefs”? Med andre ord: Er også *opplevingane* av samfunnet knytt til *haldningane* til sosial ulikskap? Og inngår i det Svallfors kallar den same *mentale pakken*? Og kva kan desse mønstra og den ideologiske integrasjonen bety for dei ulike klassane sitt potensiale for demokratisk innflytelse i Noreg? Men først tek eg steget eit hakk vidare, og analysere kor rettferdig ulike klassar meiner det er at dei med høge inntekter kan kjøpe *betre* private velferdsordningar enn dei med lågare inntekter. Som i kapittel fire kjem ein då nærmare Svallfors' objektivistiske definisjon av ”social attitudes”. I tillegg held eg fram diskusjonen om korleis ein kan forstå og forklare egalitære ideal i Noreg, i lys av mønstra av og mellom klassar og sosiale haldningar.

# 6 Analyse III: Klasse, privat velferd og ulikskapen sin legitimitet

*"På mange måter er det helsepolitikken som har gitt sosialdemokratiet dets sentrale forestilling om det gode formål etter at klassekampen ble tatt av programmet." (Eriksen 2003:73).*

Verdien av eit universelt og offentleg finansiert velferdssystem har stått sentralt i det Furre (1992) karakteriserte som ein *sosialdemokratisk orden*. Ser ein på korleis dei egalitære verdiane i denne ordenen har utvikla seg over tid, skreiv Hernes (1975) om ulike typar eller grader av likskap i tilgangen til velferdsinstitusjonar.[113] I dette kapitlet vil omgrepa kunne gjere det lettare å skilje mellom kva *type* ulikskap som vert analysert. Samtidig illustrerer skilja filosofiske spørsmål som ligg utanfor rekkjevidda for dei meir grovmaska survey-data, og nokre paradoks knytt til samanhengen mellom ulikskap og haldningar som eg vil kome tilbake til avslutningsvis.

Grunnleggjande sett hevdar Hernes (1975) at *formallikskap* innebar at alle skulle få lik *rett* til utdanning og formell tilgang til å søke på høgare utdanning. Eit anna mål for sosialdemokratiet sin velferdspolitikk vart deretter *ressurslikskap*, der eit sentralt tiltak var å opprette Statens Lånekasse for Studerende Ungdom i 1947 (Hernes 1975, Mangset 1994). Hernes (1975:274) var opptatt av tilstanden *kompetanselikskap*, som i utdanningssystemet samsvarar med verdien om *innsats*likskap i arbeidsmarknaden; at ein vert lønna proporsjonalt med innsatsen. Denne praksisen fører derimot til at nettopp dei ressursrike får mest ut av velferdsgoda (Hernes 1975), og kan paradoksalt nok generere ulikskap og klasseskilnader på måtar som òg er funne i studiar av helsevesenet (Jensen 2006 [1999]).[114] I lys av dette paradokset skulle *resultatlikskap* innføre nye og offensive målsetjingar i det sosiale ingeniørarbeidet. Resultatlikskap inneber ein tilstand der ressursinnsatsen vert sett inn omvendt proporsjonalt med sosialt bestemte evner, for å forsøke å utlikne den negative effekten sosial bakgrunn har på resultatet av utdanning (Hernes 1975:281). Helse- og utdanningspolitikk er og har vore sentral arenaer for utviklinga av det norske sosialdemokratiet, og som Scott (1996) si forståing, også ein konstituerande del av det norske sosiale stratifikasjonssystemet. Men i kva grad er *haldningar* til likskap, som desse

[113] Sjå Rawls (1971).

[114] Sjå spesielt Jensen (2006 [1999]) for eit kort oversyn over studiar kring ulikskap og fordeling av helseressursar i vestlege velferdsstatar og Noreg, i lys av Hart si omvendte helsetenestelov.

universelle institusjonane er bygd på, dei same i 2009 som dei var i etterkrigs-Noreg? Med dette historisk-sosiologiske oversynet in mente vil eg i dette siste analysekapittelet handsame spørsmålet om ulikskapens legitimitet anno 2009.

I det første delkapittelet spør eg korleis klasse heng saman med haldningar til at dei med høge inntekter kan kjøpe betre velferdstenester enn dei med lågare inntekter. I den andre delen vil eg ta resultata frå analysane vidare, med å spørje om det er haldepunkt for eit klassedelt moralsk stratifikasjonssystem i Noreg anno 2009, om ein ser alle indeksane samla.

## 6.1 Klasse og haldningar til privat kjøp av velferd

Om ein går med på eit premiss om formallikskap - med universelle helsetenester og skulegang til alle - kan ein spørje om det i 2009 er utprega skilnader mellom dei ulike klassane når det kjem til spørsmålet om ressurslikskap. Sagt litt annleis: Kor mykje bør ein eigentleg få kjøpe for pengar i ein sosialdemokratisk velferdsstat?

Sejersted (2005:283) skildrar korleis helseminister og lege Karl Evang i si tid spelte ei sentral rolle i den sosialdemokratiske gjenreisinga av det norske folk si helse og arbeidskraft etter 1945, og hadde som mange andre sosialdemokratar i perioden: ”en nesten naiv tro på at nå var tiden kommet for å realisere det gode samfunn”.[115] Utover på 1970-tallet kom ”Systemet Evang” under press via ulike tiltak som til dømes avvikling av store institusjonar for psykisk utviklingshemma og psykisk sjuke, og med framveksten av eit nytt system med personlige legar, alternativ medisin og private sjukehus. Og ein kan som Furre (1992) spørje om den sosialdemokratiske orden på 80-talet gjekk frå å vere ein tilstand til å verte eit ideal. Hansen (1999:29) finn at familieinntekt framleis har sterk betyding for val av høgare utdanning, også kontrollert for foreldra sin sosiale klasse. Så heller ikkje Hernes sin utdanningsreform på 90-talet lukkast i å fjerne dei uformelle barrierane for sjanselikskap til fordel for reelt meritokrati. Med bakgrunn i desse motreaksjonane mot ”den sosialdemokratiske orden” ein har sett dei siste tretti åra: Kor sterk er dei ulike klassane si tilslutning til universell velferd, i motsetning til ein meir privat og differensiert velferdsmarknad?

[115] Evang er skildra som sjølve symbolet på det teknokratiske eittpartiregimet (Sejersted 2005:283), som deretter møtte press og reaksjonar som del av det: ”allminnelige oppgjør med instrumentalismen i den sosiale ingeniørkunst” (Sejersted 2005:285).

I tabell 6.1 under er det spurt om i kva grad det er rettferdig at folk med høgare inntekter kan kjøpe betre helsetenester enn folk med låge inntekter. Dette blir så samanlikna med resultata frå Svallfors (2006) sin studie med landa Sverige, Storbritannia, Tyskland og USA for 1999, ti år tidligare. Ein kan merke seg at aukande verdiar på skalaen i dette tilfellet utgjer ei meir kritisk haldning til ulikskap.

**Tabell 6.1 Klasseskilnader i haldningar til privat velferd**

| Det er rettferdig at folk med høgare inntekter kan… | | Noreg 2009 | Sverige 1999 | Storbritannia 1999 | Tyskland 1999 | USA 1999 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kjøpe betre helsetenestar enn folk med lågare inntekter? | % Rettferdig | 19 | 10 | 41 | 12 | 28 |
| | Gjennomsnittsverdi | 2,67 | 3,14 | 1,94 | 2,87 | 2,36 |
| | Klasseskilnad | 0,54 | 0,39 | -0,24ns | 0,40ns | 0,08ns |
| Kjøpe betre utdanning for sine born enn folk med lågare inntekter? | % Rettferdig | 16,6 | 11 | 44 | 12 | 32 |
| | Gjennomsnittsverdi | 2,75 | 3,11 | 1,88 | 2,86 | 2,3 |
| | Klasseskilnad | 0,62 | 0,49 | -0,14ns | 0,34ns | 0,04ns |

*Kjelde:* ISSP:2009 Social Inequality IV:Noreg. ISSP:1999 Social Inequality III for Sverige, Storbritannia, Tyskland og USA: henta fra Svallfors (2006:69).

ns= klasseskilnad ikkje signifikant på 0,05 nivå.

0. Svært rettferdig, 1. Nokså rettferdig, 2 Verken eller, 3. Nokså urettferdig og 4 Svært urettferdig.

Ser ein først på Noreg 2009 meiner 19 prosent det er rettferdig at rike kan kjøpe betre helsetenester, noko som nesten er det doble av Sverige, og Tyskland i 1999. I Storbritannia meiner 41 prosent dette er rettferdig, mot 28 prosent i USA. Gjennomsnittsverdiane viser vidare at både Sverige og Tyskland vurderer privat helsevelferd som meir urettferdig enn Noreg.[116] På spørsmålet om privat utdanning teiknar det seg eit liknande bilete der Noreg er litt mindre kritisk enn Sverige og Tyskland. Til samanlikning er Storbritannia og USA endå meir positive, der høvesvis 44 og 32 prosent ser det som rettferdig. Alt i alt ser ein tydelege skilnader mellom landa Noreg, Sverige og Tyskland som er meir sosialistisk orientert, og Storbritannia og USA som er klart meir liberalistiske i haldningar til privat kjøpt velferd. Ser ein vidare på kolonnen for klasseskilnader har Noreg anno 2009 størst signifikante klasseskilnader på begge spørsmåla, på over eit halvt responspoeng, som kan seiast å vere ein moderat klasseskilnad isolert sett. Eit interessant funn er at det berre er dei to skandinaviske landa som har signifikante klasseskilnader her.

[116] Mykje har skjedd i desse økonomiane i løpet av dette tiåret, og aksepten til privat velferd er sannsynleg endra i 2009-datasettet. Formålet er som sagt å samanlikne med Svallfors sin framgansmåte, ikkje å gjennomføre ein oppdatert komparativ analyse.

Til liks med tabell 4.1 og 4.6 om haldningar til legitime lønnsskilnader og fordelingspolitikk, skil både Noreg og Sverige seg ut med sterkare støtte til egalitære verdiar, statleg omfordeling og her, motstand mot privat velferd. Det er alt i alt få i Noreg anno 2009 som meiner individuell velferd i form av betalingsevne er rettferdig: omlag ein av fem for utdanning, og ein av seks for helsetenester. Samtidig utgjer dette mellom fem til ti prosentpoeng fleire samanlikna med Sverige og Tyskland i 1999. At berre 28 prosent i USA meiner det er rettferdig at rike kan kjøpe betre helse er også interessant, i den grad det berre er ni prosent meir enn i Noreg anno 2009. Resultatet for Noreg og Sverige indikerer sterkare egalitære verdiar samtidig som dei er klassepolariserte, i motsetning til Tyskland og dei to meir liberale landa der klasse ikkje har signifikante effektar på haldningane. Funna står slik i samsvar med Kuhnle og Ervik (2011:64) som oppsummerer at både norske og europeiske undersøkingar antydar ei sterk allmenn offentleg støtte til velferdsstaten. Men som vi finn i tabell 6.1 gjeld dette ikkje for Storbritannia, noko som kan knytast til betydinga av ressurslikskap i det Esping-Andersen (1990) kallar dei *sosialdemokratiske velferdsregima*, og rettigheit- og forsikringsbasert institusjonar nærare knytt til prinsippet om *formallikskap* i liberale velferdsregime. At spørsmåla er kopla til klasse i Noreg som i Sverige, dei skandinaviske velferdsstatane, kan støtte Svallfors' (2006) teori. Men korleis er dei ulike klassane kopla til dette spørsmålet internt i Noreg?

Statistiske alphatestar (sjå kap. 3) viser at det også i Noreg sitt tilfelle er grunnlag for å konstruere ein haldningsindeks. Aukande verdiar reflekterer også her kritiske haldningar til om inntekt bør kunne avgjere kvaliteten i velferdstenester. Svarverdiane vert addert, dividert på talet kategoriar og multiplisert med 100.

**Tabell 6.2 Indeks for haldningar til privat velferdskjøp. Regresjonsanalyse (ordinary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes.**

| | | |
|---|---|---|
| Konstant | 74,2 | (2,0) |
| Høgare kontrollyrke | -11,8*** | (2,5) |
| Lågare kontrollyrke | -9,0*** | (2,6) |
| Rutine, ikkje-manuelle yrke | -4,3 | (2,5) |
| Sjølvstendige næringsdrivande | -5,3 | (3,3) |
| Faglærde i manuelle yrke | 2,9 | (3,1) |
| *(Ufaglærde i manuelle yrke referansegruppe)* | | |
| $R^2$ (%) | 3,2 | |
| F | 8.7*** | |
| **N** | 1227 | |

*Kjelde: ISSP:2009 Social Inequality IV*
** p < 0,05   ** p < 0,01   *** p < 0,001*

I tabell 6.2 ser ein korleis Goldthorpe-klassar forklarar 3,2 prosent av variansen på den avhengige variabelen, indeks for haldningar til privat velferdskjøp. Jamført F-testen er modellen signifikant, men samanlikna med modellen for fordelingspolitikk (7,7%) er den samla forklaringsevna beskjeden. Som i fleire av dei tidlegare bivariate klasseanalysane ser ein at høgare- og lågare kontrollyrke skil seg ut med signifikant forskjellige betakoeffisientar, samanlikna med referanseklassen ufaglærde i manuelle yrke. Som vidare illustrert i figur 6.1 ligg desse to klassane nedst med medianverdiar på høvesvis 62 og 65 på indeksskalaen, mot ufaglærde som har ein medianverdi på 77 poeng.[117]

[117] Ein kan merke seg at det er ein skilnad frå konstantverdien (74,2) i regresjonsmodellen ovanfor.




***Figur 6.1*** *Klasse og haldningar til privat velferdskjøp.*

Ser ein figuren i samband med regresjonsanalysen, deler indeksen seg i to ytterpunkt i kvar ende av klassehierarkiet, medan dei mellomliggjande klassane ikkje er signifikant ulik dei ufaglærde si tilsutting. Dei ufaglærde i manuelle yrke (men òg sannsynleg faglærde) er mest kritisk til privat velferd, og gruppene i høgare- og lågare kontrollyrke signifikant meir tilbøyelege til å meine at det kan vere rettferdig. Til liks med dei fleste haldningsindeksane, ser rangeringa ut til å vere konsekvent.

Samanliknar ein med Svällfors (2006:70) sine resultat, tyder dei fleste resultata på noko større aksept for privat velferd i Noreg enn i Sverige. Ufaglærde arbeidarar, som i Noreg er mest kritisk til privat velferd, ligg nær Service I-klassen i Sverige som er mest positiv til privat velferd. Dei fleste norske klassane ser meir ut til å liggje nærare Tyskland 1999. Dei to kontrollyrkene (Service I & II) for Noreg skil seg ut med å liggje *under* den tyske Service I-klassen med omlag 64 skalapoeng, og knapt over USA si klynge av Service-klassar, rutinefunksjonærar og ufaglærde arbeidarar på kring 61-62 verdipoeng. Medan Storbritannia vert unntakslandet her, der *alle* klassar ligg betydeleg lågare (41-54), så ser det altså ut til at dei øvre klassane, og spesielt klassen av høgare i kontrollyrke, både i Noreg, Tyskland og

USA ligg nokså likt på skalaen, og er såleis meir opne for å akseptere ressursulikskap i velferdstenester.

Vi har sett at ein med Goldthorpe-klassar kan sjå ulikskapar i støtte til ressurslikskap når det kjem til tilgangen til sentrale universelle velferdstenester: Høgare og lågare kontrollyrke (Service I og II) er langt meir positive til at rike kan kjøpe betre helse- og utdanningstilbod enn dei med låge inntekter. Noreg skil seg altså ut saman med Sverige ved å ha signifikante klasseskilnader knytt til desse spørsmåla.[118]

Uavhengig om auken av private velferdsforbruk skuldast eit avgrensa sett bedrifter som søkjer å minimere tap av utgifter, eller berre utgjer eit frynsegode for eit ubetydelig mindretal av arbeidstakarar (Berge & Hyggen 2010, Kaspersen & Kalseth 2010), bryt det med den kollektive og universalistisk grunngjevne egalitarismen. Kuhnle & Ervik (2011) snakkar om ein diskrepans der fleirtalet av nordmenn etterspør både betre og fleire velferdsgode, mellom anna nye *postmoderne velferdsgode*, som til dømes barnehageplassar og psykisk og sosial tilrettelegging i både arbeidslivet og samfunnet elles. Cappelen (2011) ser dette som eit resultat av aukande privat kjøpekraft på eine sida, og eit sett strukturelle og demografiske problemstillingar på den andre sida, som til saman set den økonomiske bærekrafta til velferdsstaten under press.

Sidan utdanning og helsetenester både utgjer grunnpilarane så vel som bindeleddet i den *universelle* velferdsstaten, er det interessant at ein i dette kapittelet finn at haldningsmønstera til privat velferd framleis er kopla til klasse. Men spesielt interessant er det at denne klasseeffekten er tydeleg for dei to mest privilegerte klassane, i kontrollyrke, altså leiarar, funksjonærar og såkalla kvalifisert arbeidskraft. Historikarar hevdar at utviklinga av dei universelle velferdsinstitusjonane i Noreg har vakse fram som følgje av organiserte krav frå fagrørsla og Arbeidarpartiet, og gjennom forhandlingar og kompromiss med motkreftene i arbeidsgjevarorganisasjonen (Dølvik 1999, Olstad 2010, Hatland, Kuhnle & Romøren 2011).

[118] Dette mønsteret tyder på to tyngdepunkt på skalaen, på i underkant 15 verdipoeng om ein følgjer medianverdiane ufaglærde i manuelle yrke, og subtraherer med medianverdien til høgare kontrollyrke. Desse to yrkesklassane har størst avstand på indeksen mellom 0-100 skissert i figur 6.1.

Som ein ser i analysane over er motkreftene mot universell velferd og likskap framleis representert av det øvste sjiktet i Noreg. I dei resterande yrkesklassane ser derimot haldningane til privat velferd å vere prega av ein skeptisk konsensus.

Så langt har haldningane til ressurslikskap i tilgangen til utdannings- og helsetenester blitt analysert med utganspunkt i Goldthorpe-klassar. Her ser vi imidlertid ein forklart varians på berre 3,2 prosent. Det er difor grunn til å reise spørsmål om andre bakgrunnsvariablar spelar ei større rolle, slik ein såg i analysane av sjanselikskap og konflikt i førre kapittel.

### 6.2 Haldningar til privat velferd: bakgrunn, utdanning eller posisjon?

Blau & Duncan (1969:199-205) diskuterte systematisk opphoping av levekårsproblem med omgrepet ”*Vicious Circle*”, eit omgrep som samtidig er metodisk vanskeleg om ein legg til grunn ein kumulativ sirkulær effekt av negative omstende. Grunnleggjande sett er ein derimot interessert i kvifor enkelte stiller svakare på marknaden, og arvar eit større sett negative eigenskapar samanlikna med gjennomsnittet. På same måte som i Blau og Duncan sine studiar av mobilitet og levekår er det også i denne studien grunn til å etterprøve kva aspekt knytt til sosial bakgrunn som best forklarar variasjonen i *haldningar* til ressurslikskap i velferdstilbod. For å søkje å samanlikne ulike bakgrunnsvariablar vel eg som i førre kapittel å nytte OED-modellen.[119] Kva er det som gjer at enkelte er meir positive enn andre til at pengar kan differensiere både tilgang til og kvalitet på sentrale velferdsgode i ein konkurransebasert velferdsmarknad?

Både Blau & Duncan (1967) og Kohn (1969) foreslo at sosiale haldningar vert etablerte i tidlege sosialiseringsprosessar knytt til familien sin sosioøkonomiske klassesituasjon, noko som igjen kan påverke avkommet sin utdannings- og yrkeskarriere gjennom eit livsløp. Den første hypotesen i OED-modellen vert såleis reist for å kontrollere for om effekten familien har på respondenten sin posisjon gjennom livet også kan knytast til sosiale haldningar. Hypotesen føreset at det er sannsynleg at politiske haldningar er ein del av denne reproduksjonen. Som i studiane nemnt over, og i nyare mobilitetsstudiar (Erikson &

[119] Utan at ein med OED-modellen og blokkregresjon basert på lineær minstekvadrats metode (OLS), hevdar å kunne forklare *nøyaktig* kva og korleis mekanismene bak den forklarte variansen heng saman, og strukturer haldningane på indeksvariabelen. For det andre har ein ikkje datamateriale til å kunne seie noko om årsakstilhøve i eit livsløpsperspektiv her.

Goldthorpe (1992) er fars posisjon hevda å vere best eigna. Ein vel å nytte far sin yrke på same måte som forklart i førre kapittel, og kodar ISCO88 om til Goldthorpe-klassar.

*H1: Høg klasseposisjon hos far, fører til meir positive haldningar til privat velferd, vist med lågare verdiar på skalaen for privat velferdskjøp.*

Internasjonale (Esping-Andersen 1990) så vel som nasjonale valstudiar (Aardal 2007, 2011) finn at kvinner er meir venstreorienterte enn menn i politiske spørsmål, og meir negative til privat velferd og ulikskap. Det at ein større andel kvinner arbeider i omsorgsyrke og offentleg sektor vert ofte trekt fram som mogelege forklaringar på dette. Omgrepet omsorgsparadigme er òg nytta for å skildre desse samanhengane mellom kjønn, offentleg sektor og politiske haldningar (Berglund 2004). Spørsmålet om likskap og privat velferd representerer i stor grad eit venstre-høgre-spørsmål, sektor-spørsål, og kjønn. Denne studien er derimot opptatt av variablar som kan knytast meir konkret til, samt operasjonalisere eit skilje mellom klasse, status og makt. Sidan kjønnsskilnader er knytt til ulike klasse- og statustilhøve i det norske stratifikasjonssystemet, uavhengig av yrke, kan ein foreslå H2:

*H2: Menn støttar mindre opp om velferdsstaten og sosial likskap enn kvinner, og scorar lågare på skalaen for privat velferdskjøp.*

Stadig fleire tek høgare utdanning i Noreg, men utdanningssystemet er framleis ein sentral arena for sosial reproduksjon i Noreg (Hansen 1999, Korsnes & Hjellbrekke 2012, Dahlgren & Ljunggren 2010). Goldthorpe og Breen (1999 i Grusky 2008:621) utelukkar derimot ikkje at: ”(…)norms could conceivably be of some explanatory significance as inertial force in cases where the structure of constraints and opportunities or the distribution of resources is changing.” Hansen (1999:197-199) hevdar at ”lik rett til utdanning” kan seiast å vere eit av dei viktigaste og mest vidtfemnande slagorda i velferdsstaten, men at funna hennar står i sterk motsetning til dette sentrale målet. Med dette kan ein spørje om samanhengen mellom utdanning og haldningar er substansielt ulik klassehaldningar. Med andre ord kan ein spørje om utdanning har fått auka betyding for det norske stratifikasjonssystemet, vis a vi yrkesdomenet eller *marknaden*. Sidan utdanning som regel kjem før yrkesposisjon legg eg vidare til hypotese 3:

*H3: Lengre utdanning fører til meir positive haldningar til privat velferdskjøp, og fører til lågare verdiar på indeksen for privat velferdskjøp.*

Vidare legg ein så til Goldthorpe-klassane der hypotesen er den same som tidlegare. Formålet er å studere endringar i variabelen sin prestasjon mellom blokkene.

*H4: Høg klasseposisjon fører til meir positive haldningar til private velferdskjøp, vist lågare verdiar på indeksen for privat velferdskjøp.*

For å undersøke effekten av sosial posisjon, kan ein løfte fram kritikken mellom anna Offe (1985) retta mot yrkessaggregat-tilnærminga i klasseforsking, og meir generelt korleis ”arbeid” vert nytta som ein nøkkelkategori i sosiologisk forsking. Kanskje bør ein ta omsyn til det Glotz (1984) kalla 2/3-samfunnet; der grupper *utanfor* yrkeslivet er nærare det vi kan forstå som underklassen i moderne velferdsstatar. Ein underklasse som tar form i motsetning til det Forsman (1995:64) definerer som den lønnshevande (over)klassen. Sidan trygdestatus er sosialt arvelig (Hansen & De Vibe 2005, Lorentzen & Nielsen 2008, Gravseth 2009), kan det også tenkjast å vere reproduserande haldningar til velferd i gruppene, for det andre har fleire av desse gruppene ingen posisjon på marknaden, noko som kan føre til haldningstilpassing: ”(…) norms, in beeing essentially epiphenomenal, would rather quickly come into line with patterns of action that display a rational adaption to the new circumstances that have come into beeing” (Breen & Goldthorpe 1997 i Grusky, Ku & Szelényi 2008:621). På den andre sida vert det problematisk å generalisere denne effekten til alderspensjonistar; og til situasjonar der vedkomande har tredd ut av marknaden *frivillig*. Insentivet for haldningsadapsjon fell då vekk, fordi vedkomande kan identifisere seg med tidligare yrkesposisjon samt oppleve økonomisk tryggleik. Likevel forsøker vi følgjande hypotese:

*H5:Alders-og førtidspensjonistar, og trygda- og arbeidsuføre er meir kritiske til privat velferdskjøp samanlikna med yrkesaktive, og gir høgare verdiar på indeksen for privat velferdskjøp.*

På same måte kan ein tenkje seg at gruppa av studentar og elevar sine haldningar til privat kjøpt velferd ikkje varierer betydeleg frå verken foreldre sin posisjon eller EGP-klassane. Haldningane kan vere tilpassa deira framtidig antesiperte yrkessituasjon. Esping-Andersen

(1990) fann at ulike grupper i samfunnet støtta dei ordningane som med størst sannsyn kom deira gruppe til gode. Men gitt at indeksen inkluderer både utdanning og helsetenester, og følgjeleg omfamnar målgrupper i alle aldrar, er det grunn til å anta ein nullhypotese her:

*H0: Studentar og elevar har ingen signifikant variasjon i forhold til yrkesaktive, på indeksen for haldningar til privat velferd.*

Til slutt kan ein spørje om det er universelle endringar som kan tenkjast å auke betydinga av inntekt framfor betydinga yrke. For det første kan den øvste klassen[120] kanskje nyte godt av ulike opsjons- og bonusordningar, samt aksjeutbytte. Aksjesparing har derimot òg supplert tradisjonell banksparing for mange i befolkninga elles. Ein annan kritikk mot Goldthorpe-skjemaet er at det ikkje fangar inn kva dei ulike klassane faktisk tener.[121] Med ein relativ flat lønnsstruktur i Noreg kan det vere eksempel på at handtverkarar tener meir enn funksjonærar. Å fokusere på yrkesaggregat og standardiserte statusdefinisjonar konstruerte for komparative analysar står slik sett i fare for å tilsløre, i verste fall miste, essensielle tilhøve knytt til det Sorge (1995) kallar *institusjonane sin spesifisitet*. Inntekt kan slik tenkjast å kunne vere eit betre mål på marknadsituasjonen til ein norsk arbeidstakar enn EGP-klassar, og eg forslår følgjande hypotese:

*H6: Høg inntekt gir lågare verdiar på indeksen for privat velferdskjøp.*

Under følgjer tabell 6.3a og b, med seks blokker. Blokk I og II tek for seg bakgrunn (Origin) operasjonalisert med fars yrke og kjønn. Blokk III legg til utdanning (E). På følgjande side kjem 6.3b med blokk VI,V og VI som kontrollerer for posisjon. Den første blokka legg til Goldthorpe-klassar, og kontrollerer for ikkje-yrkesaktive og (eigen) inntekt.

---

[120] Eller meir presist: den øvste delen av Service I (høgare kontrollyrke). I tillegg til den økonomiske eliten elles, som fell utanfor enten ISCO88 eller Golthorpe-skjemaet fordi dei er for få, ikkje har registert inntekt eller skatt, ikkje kan klassifiserast som lønnsmottakarar eller yrkesaktive med dei same kriteria som dei andre gruppene. Desse er dei mest vanlige innvendingane mot at den økonomiske eliten ikkje kan generaliserast i kvantitative analysar, eller nyttast komparativt mellom land. I tillegg er størrelsen og posisjonen til økonomiske elitar ofte knytt til spesifikke historiske utviklingstrekk.

[121] Hansen, Flemmen & Andersen (2009) har konstruert eit Bourdieu-inspirert klasseskjema, ORDC-skjemaet, som søkjer å ta omsyn til reell inntekt og likningsformuar.

**Tabell 6.3a Indeks for haldning til privat velferdskjøp. Regresjonsanalyse (ordninary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes. Blokk 1-3. Uavhengige variablar: Bakgrunn og utdanning: Fars klasse, kjønn og utdanningsnivå.**

| **Modell** | **I** | | **II** | | **III** | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Konstant | 69,7 | (1,1) | 67,6 | (1,3) | 60,8 | (2,3) |
| Far i høgare kontrollyrke | -7,8*** | (2,2) | -8,2*** | (2,2) | -4,8* | (2,2) |
| Far i lågare kontrollyrke | -1,8 | (2,4) | -1,9 | (2,4) | 0,3 | (2,4) |
| Far i rutineprega kontrollyrke | 0,0 | (2,7) | -0,1 | (2,7) | 2,2 | (2,7) |
| Far i faglærde manuelle yrke | -0,5 | (2,3) | -0,7 | (2,3) | -0,5 | (2,3) |
| Far bonde | -2,9 | (3,0) | -2,6 | (3,0) | -2,9 | (3,0) |
| *(Far i ufaglærde manuelle yrke referansegruppe)* | | | | | | |
| Kjønn | | | 4,2** | (1,5) | 4,6** | (1,5) |
| *(Mann=0)* | | | | | | |
| Grunnskule | | | | | 14,4*** | (2,9) |
| Vgs: Yrkesfag/fagbrev | | | | | 9,9*** | (2,8) |
| Vgs: Allmennfag/studiekompetanse | | | | | 9,3*** | (2,5) |
| Universitet/høgskule inntil 2 år | | | | | 2,1 | (2,7) |
| Universitet/høgskule inntil 4 år | | | | | 0,0 | (2,5) |
| *(Universitet/høgskule 5 år eller meir referansegruppe)* | | | | | | |
| Justert $R^2$ (%) | 1,0 | | 1,2 | | 4,3 | |
| F | 2,6* | | 3,5** | | 6,2*** | |
| **N** | 1291 | | 1291 | | 1291 | |

*Kjelde: ISSP:2009 Social Inequality IV*

** p < 0,05  ** p < 0,01  *** p < 0,001*

*Merknad: Blokk I baserer seg på vanleg R2, ikkje justert.*

**Tabell 6.3b Indeks for haldning til privat velferdskjøp. Regresjonsanalyse (ordninary least squares). Ustandardiserte koeffisientar. Estimerte standardfeil i parentes. Blokk 4-6. Uavhengige variablar for posisjon: Utanfor yrkeslivet, Goldthorpe-klassar og inntekt.**

| **Modell** | **IV** | | **V** | | **VI** | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Konstant | 64,9 | (3,2) | 63,3 | (3,3) | 63,5 | (3,3) |
| Far i høgare kontrollyrke | -4,0 | (2,2) | -3,7 | (2,3) | -3,8 | (2,3) |
| Far i lågare kontrollyrke | 0,8 | (2,4) | 0,5 | (2,4) | 0,5 | (2,4) |
| Far i rutineprega kontrollyrke | 3,0 | (2,7) | 2,7 | (2,7) | 2,6 | (2,7) |
| Far i faglærde manuelle yrke | -0,1 | (2,3) | -0,4 | (2,3) | -0,5 | (2,3) |
| Far bonde | -2,3 | (3,0) | -2,6 | (3,0) | -2,6 | (3,0) |
| *(Far i ufaglærde manuelle yrke referansegruppe)* | | | | | | |
| Kjønn | 4,1** | (1,5) | 4,3** | (1,5) | 4,3** | (1,5) |
| *(Mann=0)* | | | | | | |
| Grunnskule | 12,7*** | (3,1) | 10,7*** | (3,2) | 10,7*** | (3,2) |
| Vgs: Yrkesfag/fagbrev | 7,5** | (2,9) | 6,6* | (2,9) | 6,6* | (2,9) |
| Vgs: Allmennfag/studiekompetanse | 6,8** | (2,6) | 6,5* | (2,6) | 6,5* | (2,6) |
| Universitet/høgskule inntil 2 år | 1,1 | (2,8) | 0,8 | (2,8) | 0,8 | (2,8) |
| Universitet/høgskule inntil 4 år | -0,0 | (2,5) | -1,1 | (2,5) | -1,1 | (2,5) |
| *(Universitet/høgskule 5 år eller meir referansegruppe)* | | | | | | |
| Høgare kontrollyrke | -5,8* | (2,8) | -4,6 | (2,9) | -4,5 | (2,9) |
| Lågare kontrollyrke | -4,5 | (2,9) | -3,4 | (3,0) | -3,5 | (3,0) |
| Rutine, ikkje-manuelle yrke | -2,3 | (2,7) | -1,3 | (2,8) | -1,3 | (2,8) |
| Sjølvstendige næringsdrivande | -3,9 | (3,4) | -2,5 | (3,4) | -2,4 | (3,4) |
| Faglærde i manuelle yrke | 3,7 | (3,3) | 4,8 | (3,4) | 4,8 | (3,4) |
| *(Ufaglærde i manuelle yrke referansegruppe)* | | | | | | |
| Studentar, skuleelevar | | | 1,1 | (3,1) | 1,0 | (3,1) |
| Trygda, arbeidsuføre | | | 6,2* | (3,1) | 6,2* | (3,1) |
| Alders- og førtidspensjonistar | | | 6,1** | (2,3) | 6,1** | (2,3) |
| *(Yrkesaktive referansegruppe)* | | | | | | |
| Inntekt | | | | | 0,0 | (0,0) |
| Justert $R^2$ (%) | 4,9 | | 5,4 | | 5,4 | |
| F | 5,1*** | | 4,8*** | | 4,6*** | |
| **N** | 1291 | | 1291 | | 1291 | |

*Kjelde: ISSP:2009 Social Inequality IV*

** p < 0,05 ** p < 0,01 *** p < 0,001*

Av blokk I og II i tabell 6.3 ser ein at klassebakgrunn og kjønn har liten effekt, der berre ”far i høgare kontrollyrke” har ein negativ, statistisk signifikant effekt. Verdien kvinne på kjønnsvariabelen gir betakoeffisientar i positiv (stigande) retning på indeksen, og er altså meir kritiske til privat velferd. Det er derimot først når ein legg til utdanningsvariablane at ein modell av betyding.[122] Ser ein vidare på blokk III-VI i 6.3b er det altså tydeleg at utdanningsvariabelen også her har størst betyding, då variansen vidare berre stig til 4,9 prosent kontrollert for klasse, og til 5,4 prosent kontrollert for grupper utanfor yrkeslivet. Eiga inntekt har ingen effekt. Det er likevel interessant korleis effekten av kjønn er liten, men stabil i alle dei seks blokkene, og stadfestar H2: Kvinner er meir kritisk til privat velferd.

Vidare ser ein at effekten ”far i høgare kontrollyrke” nesten vert halvert når ein kontrollerer for utdanning i blokk III, og er ikkje signifikant når ein kontrollerer for eigen klasse i blokk IV. Det å ha ein far i faglærde manuelle yrke og det å ha ein far som er bonde hadde ein (liten) signifikant effekt på indeksane for sjanselikskap og konflikt i kapittel fem, uavhengig av dei andre kontrollvariablane. I denne modellen ser ein derimot korleis fedre i høgare kontrollyrke sin tilhug til privat velferd gradvis forsvinn inn utdanningsvariabelen, høgare kontrollyrke i blokk III og IV. Sjølv om effekten er svak kan endringa indikere haldningssosialisering mellom generasjonane i det øvste sjiktet her: Ei kopling mellom bakgrunn, utdanning og posisjon som kan ha betydingar for sosiale haldningar vi ikkje kan gripe fullt ut her.

Klasseeffekten er signifikant negativ (-5,8**) som antyda av H4: Høgare klasseposisjon fører til stigande støtte til private velferdskjøp. Men jamt over har ein større standardavvik både i den bivariate og multivariate analysene av private velferdsskjøp, samanlikna med analysene av konflikt- og sjanselikskap i kapittel 5, og dei bivariate klasseanalysene i kapittel 4. Standardavviket gjer den substansielle klasseeffekten i blokk IV usikker. Og i blokk V og VI forsvinn vidare effekten av *eigen* klasse, idet variablane ”trygda, arbeidsuføre” og ”alders- og førtidspensjonistar” begge har signifikante koeffisientar, samtidig som effekten av fars klasseposisjon her forsvinn. Ein kan difor trygt stadfeste H3 og H5: Når ein tar omsyn til utdanning og kor vidt ein står utanfor arbeidsmarknaden, aukar den forklarte variansen frå 0,5- og opp til 5,4 prosent. Som venta har gruppa med studentar, skuleelevar ingen effekt, heller ikkje inntektsvariabelen, H6 vert difor forkasta.

[122] Merk at blokk I nyttar målet $R^2$, og blokk II-VI *justert* $R^2$, som nærmare forklart i kapittel 5.

Alt i alt er det blokka med utdanningsvariablane som er av størst betydning. I motsetning til analysane av konflikt- og sjanselikskap, har den allmennfaglege utdanningskategorien også signifikant positiv effekt på same nivå som den yrkesfaglege. Men dei med grunnskule som høgaste utdanning er om lag dobbelt så skeptiske til privat velferd, samanlikna med referansekategorien med høgare utdanning på fem år eller meir. Ein ser ei polarisering mellom høgare og lågare utdanningsnivå, der også utdanningsgruppene med inntil to og fire år høgare utdanning òg ser ut til å kunne liggje nær verdiane til referansekategorien.

Eit fellestrekk med dei multivariate blokkregresjonsanalysane av konflikt- og sjanselikskap er at effekten av kjønn held seg relativt stabil frå blokk II-VI. Noko som kan tyde på at ein del av haldningane kan knytast til kjønnsspesifikk sosialisering i ung alder, ein relativ effekt som ikkje vert viska ut av andre variablar knytt til utdanning, eller sosioøkonomisk posisjon i samfunnet. Szelényi & Olvera (1997) hevdar det store inntoget av kvinner på arbeidsmarknaden endrar effekten av Goldthorpe-klassar. Dei tek til orde for ei rekonseptualisering av klasse og kjønn som tek omsyn til pluralismen i samfunnet:

> ”The total effects of class are generated in two ways: directly by the class position of the actor, and indirectly through his or her affiliative ties to various significant others, including not merely the spouse but also parents, friends, co-workers, and children” (Szelényi & Olvera 1997:728).

Slik sett vil også sosiale haldningar kunne hevdast å kunne vere underlagt den same kompleksiteten, som fell utanfor eit minimalistisk klasseomgrep. Ein òg spør om haldningar til ulikskap også bør studerast i eit livsløpsperspektiv då tabell 6.3a-b som viser at låg utdanning, trygdemottakarar, pensjonistar og kvinner er gjennomgåande er meir kritiske til ressursulikskap.[123] Men som Blau & Duncan (1967) peikar på kan det vere problematisk å forklare ”vicious circles”, men kanskje er det her grunnlag for å forklare ein god sirkel: Effekten av å ha far i høgare kontrollyrke og ”kjønn” kan vere teikn på at det finst effektar som *indirekte* påverkar utviklinga av evner og tiltak, altså personlige ressursar. Kohn [1969] fann at desse er *både* er kjønns- og klassespesifikke, og kan styrke suksessen av utdannings- og yrkesbane. I tilfelle

[123] Gravseth (2009:16) hevdar at om ein nyttar eit *livsløpsperspektiv* kjem det fram effektar av samanhengar mellom individuelle eigenskapar, sosial ulikskap og arbeids- og helsesituasjon seinare i livet. Kristensen (2010:19) finn til dømes at oppvekstforhold (familie), og då særleg foreldre si utdanning, både har ein separat effekt på individkarakteristika (evner og tiltak), og at begge har ein overraskande stor effekt på utdanning.

kan ein spørje om haldningssosialisering er langt meir komplisert enn det som kan fangast inn med Goldthorpe-klassar. I dét ligg det ein kritikk mot rational choice-teorien som Goldthorpe-tradisjonen og Svallfors' institusjonalisme byggjer på: Sjølv om Breen & Goldthorpe (1997) sitt teori om haldningstilpassing moderer den metodologisk individualismen knytt til rasjonelle aktørar med å ta høgde for institusjonar og sosial endring, så beveger ein seg med diskusjonen ovanfor utover den konseptuelle råma.[124]

Vender ein seg tilbake til det som er problemstillinga her - korleis og i kva grad klasse forklarer haldningar til sosial ulikskap, og i dette kapittelet: kva klassar meiner ein bør få kjøpe for pengar i Noreg anno 2009 - finn ein at dei med *svakare* posisjon på eller *utanfor* arbeidsmarknaden er meir kritiske til privat kjøpt velferd.[125] Med å leggje til OED-modellen finn ein at effekten av Goldthorpe-klassar vert erstatta av utdanningsvariablane. Den samla variansen på 5,4 prosent (justert $R^2$) er ikkje spesielt høg gitt det auka talet av uavhengige variablar, men er likevel betre enn tabell 6.2 på 3,2 prosent. Begge modellane aktualiserer spørsmålet om meir sofistikerte forklaringsvariablar, og relevansen til det minimalistiske klasseomgrepet i haldningsanalysar.

Samtidig kva det betyding det får at gruppene med lengre utdanning, der mange av dei er tilsett i dei to øvste EGP-klassane, støttar mindre opp om universell velferdsfinansiering. Når desse gruppene sit i sentrale leiarposisjonar i samfunnet, og skal fremje målsetjingane om sosial utjamning, kan det som Hernes (1975) peika på føre til ideologisk spenningar.

Avslutningsvis kan ein spørje kvifor eit velferdssystem som produserer ulikskap, og som i høg grad er med på gjere status arveleg frå generasjon til generasjon, likevel står fram som egalitært, demokratisk og rettferdig for majoriteten av yrkesklassane? Hernes (1975:272)

[124] Det kan tenkjast at haldningsanalysar tener på å inkorporere psykologiske innsikter knytt til barndomsår og utviklinga av personlegdomsstruktur, eller det Bourdieu kallar habitus. Samtidig vil det krevje tydeleg forskingsmetodologi om ein skal unngå problemet med tautologi på dette området. Med eit livsløpsperspektiv kan ein nytte tidsserieanalysar til å etterprøve kor tid, kvifor og korleis konkrete haldningane vert etablert og vedlikehaldne over tid.

[125] Jamfør den sterkaste modellen vil til dømes ei kvinne som berre har fullført grunnskule, blitt trygda eller arbeidsufør, ha ein samla betaverdi på 85,5 - ikkje langt unna 100 som ville bety ei total avvising av private velferdskjøp. Ein mann med anten fullført yrkesfag eller studiekompetanse, som er blitt anten alders- eller førtidsspensjonist får 76, og ei kvinne med same bakgrunn 80,3 samanlikna med referansegruppene. Til samanlikning fekk dei ufaglærde arbeidarane ein betaverdi på 74 i tabell 6.2.

hevdar at ”Hovedsvaret er at det likhetsbegrep som dominerer i utdanningssektoren ikke bare legitimerer seg selv, men også skaper akseptasjon for ulikhet i arbeidslivet og belønningsforskjeller i samfunnet ellers.” Dette ser ut til å vere eit slags ulikskapens paradoks, som kanskje kan seie noko om betydinga utdanning spelar for haldningar i analysane. Hernes' slutning illustrerer nokre av desse samanhengane ein søkjer å undersøke i denne studien: Legitimeringsmekanismane for likskap og ulikskap er forankra i sentrale kollektive institusjonar, som får moralsk og praktisk betyding også i andre sfærar. Men vil ein med utgangspunkt i denne kvantitative analysen, og haldningsindeksar, finne meir konkrete haldepunkt for eksistensen av eit slikt haldningskompleks? Finst det eit samfunnsspesifikt moralsk stratifikasjonssystem, parallelt med det sosioøkonomiske stratifikasjonssystemet? Finst det ein klassedelt moraløkonomi?

### 6.3 Klasse og haldningsintegrasjon: mellom klassar og land

I denne siste analysedelen vert samanhengen mellom alle haldningsindeksane i kapittel fire, fem og seks analysert i korrelasjonsmatriser (Pearsons R). Med å samanlikne utfallet både til og mellom ulike EGP-klassar, er formålet å studere klasserelatert haldningsintegrasjon. I tillegg vil eg kunne samanlikne med Svallfors' korrelasjonsmatrise for Sverige og USA. Svallfors (2006) hevdar at haldningsintegrasjon er særleg viktig, fordi det aukar sannsynet for at meiningar vert artikulert til ein samanhengande ideologi, og vidare til ein handlingsplattform. Ein kan såleis hevde at den samla haldningsintegrasjonen er minst like viktig som standpunktet som er inntatt innanfor dei einskilde haldningsdimensjonane sett på i dei føregåande kapittela. I dette ligg det at haldningsintegrasjon vil vere å forstå som ein betydeleg fordel for at ein gitt klasse skal få tilslutning til sine sosiale haldningar. Svallfors (2006:76) argumenterer for at: ”A thought that remains fragmented and incoherent is hardly a solid platform for successful action”. Før neste og siste analysedel spør eg difor: Vil alle dei studerte haldningane til ulikskap og marknaden falle saman og inngå i såkalla ”mentale pakkar”, altså i meir samanhengande eller overlappande haldningsdimensjonar? Om så er, varierer desse samanhengane *i* og *mellom* ulike land og klassar?

Som utgangspunkt for denne haldningsstudien ligg hypotesen om at komplekset av risiko og ressursar, som utgjer klasse- og stratifikasjonssystemet, påverkar interessene til individa som er ulikt plasserte i dette komplekset, noko som påverkar deira haldningar til ulikskap og fordeling. Ein kan difor vente seg at: (1) det er meir vanleg for ein ufaglærd arbeidarar å vere kritisk til lønnsskilnader og ulikskapskriterium og dermed støtte fordelingspolitikk, og at (2)

låg sjanselikskap og høg konfliktoppleving samvarierer med venstreorienterte haldningar til både lønnsskilnader, ulikskapskriterium og fordelingspolitikk, og (3) vere kritisk til ein privat velferdskapitalisme. På same måte vil ein kunne vente seg at høgare kontrollyrke stiller seg motsett: dei er både betre stilt når det kjem til opplevd sjanselikskap og konflikt og har ein sterkare posisjon på marknaden, noko som kan føre til at privat velferd ikkje vert opplevd som urettvis.

Tabellen er konstruert på same måte som Svallfors (2006:73), der kvar verdi skildrar korrelasjonen mellom indeksane med Pearsons R mulitplisert med 100. Indeksane er rangert horisontalt øvst for heile modellen, og vertikalt til venstre. Øvre del viser Pearsons R multiplisert med 100 for heile samplinga, og nedre del viser høgare kontrollyrke til venstre, og ufaglærde i manuelle yrke i den høgre diagonal.[126]

**Tabell 6.4: Haldningar til sosial ulikskap i Noreg. Korrelasjonstabell av indeksar. Goldthorpe-klassar: Ufaglærde arbeidarar og høgare kontrollyrke. Pearsons R X 100.**

| *Heile samplinga* | Lønns-skilnad | Ulikskaps-kriterium | Fordelings-politikk | Konflikt | Sjanselikskap | Privat velferd |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Lønnsskilnad | | | | | | |
| Ulikskapskriterium | 04 | | | | | |
| Fordelingspolitikk | 03 | -15** | | | | |
| Konflikt | 01 | 03 | 36** | | | |
| Sjanselikskap | 02 | 07 | 00 | -01 | | |
| Privat velferd | -04 | 14 | 45** | 17** | -08** | |

| *Høgare Kontrollyrke* | | | | | *Ufaglærde i manuelle yrke* | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Lønnsskilnad | | -09 | -09 | 25 | -42** | -07 |
| Ulikskapskriterium | 15** | | 00 | -10 | 34** | -01 |
| Fordelingspolitikk | -07 | -21** | | 20 | 19 | 45** |
| Konflikt | -07 | -03 | 28** | | -24 | 23 |
| Sjanselikskap | 07 | 05 | 14* | 21** | | 04 |
| Privat velferd | -14** | -20** | 44** | 06 | -06 | |

*ISSP:2009. Social Inequality IV. Noreg.*

[126] Ein korrelasjon (Pearsons R) på 0,2-0,4 (X100=20-40) vert vanlegvis rekna som *moderat* i samfunnsvitskapane.

Ser ein først på heile samplinga i tabell 6.4 er korrelasjonen mellom indeks for privat velferd og fordelingspolitikk klart sterkast, og forklarar tjue prosent av det same fenomenet.[127] Korrelasjonen er om lag like sterk blant høgare kontrollyrke og ufaglærde i manuelle yrke. Dette tyder på at indeksane utgjer ei systematisk skiljelinje som i tillegg er like integrert på begge endane av klassehierarkiet, og står fram som kjernen i dette haldningskomplekset. Vidare er samanhengen mellom opplevd konflikt og haldning til fordelingspolitikk moderat i samplinga (36**), og av betyding for høgare kontrollyrke (28**), der også opplevd sjanselikskap og konflikt (21**) heng saman. Men i motsetning til hypotesen ovanfor har ikkje konflikteffekten signifikant betyding for ufaglærde arbeidarar. Og ein kan difor spørje om konflikteffekten i dette tilfellet er å forstå som uttrykk for politisk samfunnsbilete, eller ideologi, i staden for å vere direkte knytt til klasserelaterte levekår.

Ufaglærde arbeidarar skil seg derimot ut med ein sterkare samanheng mellom haldning til lønnsskilnader og opplevd sjanselikskap (-42**), og mellom haldningar til ulikskapskriterium om opplevd sjanselikskap (34**). Kriterium for rettferd og likskap ved lønnsfastsetjing synest altså kun å henge saman med opplevd sjanselikskap for denne klassen, og denne samanhengen er sterkt integrert. Ufaglærde arbeidarar skil seg slik frå resten av arbeidsstokken der lønnsspørsmåla er svakt integrert, og frå klassen med høgare kontrollyrke der desse lønns- og likskapsspørsmåla er integrert svakare og meir breitt saman med dei andre haldningstypane.

Samla sett fører dette til at høgare kontrollyrke har det sterkaste og breiaste integrerte haldningsrommet, med heile sju separate indekskorrelasjonar i tabell 6.4. Til samanlikning har ufaglærde arbeidarar berre tre signifikante kryssingspunkt. Samanliknar ein i tillegg med heile arbeidsstokken i samplinga, som har fire korrelasjonar av betyding, kan ein konkludere med at den privilegerte klassen i høgare kontrollyrke har sterkast haldningsintegrasjon, og dei ufaglærde arbeidarane lågast. Integrasjonen blant høgare kontrollyrke er kvalitativt sterkare i og med at indeksane relatert til opplevingar og røyndomsbilete, altså konflikt og sjanselikskap, også samvarierer med einannan og andre indeksar, og er slik kopla inn mot kjernen i haldningskomplekset; fordelingspolitikk og privat velferd.

[127] Omrekna til $R^2$: (0,45X0,45=0,20).

Funna for Noreg anno 2009 samsvarar slik sett med Svallfors (2006:73) sitt hovudfunn der han finn ein særlig sterk korrelasjon mellom haldningar til omfordeling og private velferdskjøp. Betydinga av privat velferd er derimot endå større for Noreg, og skil seg ut med å vere like sterkt korrelert i klassane og samplinga elles. Vidare finn ein at klassen med høgare kontrollyrke i Noreg har klart sterkast haldningsintegrasjon, noko Svallfors (2006:72) også finn for både Sverige og USA. Vidare fann Svallfors (2006:73) at klasseskilnadene i haldningsintegrasjon er større i USA enn i Sverige, men for Noreg 2009 ser klasseskilja ut til å vere endå noko større. Ved nærmare samanlikning er haldningsintegrasjonen for den norske service-klassen ikkje så ulik verken service-klassen i Sverige eller USA. Ulikskapane kjem derimot til syne for arbeidarklassane: Noreg og USA sine arbeidarklassar har andre og færre korrelasjonspunkt, medan desse skilnadene ikkje er like store i Sverige (Svallfors 2006:73).[128]

Oppsummering

Til samanlikning ser ein også at Svallfors sine indeksar for lønnsdistribusjon og konflikt har sterkare korrelasjon med dei andre variablane, spesielt med fordelingsindeksen. Som peika på i kapittel 5 synest den radikale konfliktindeksen til Svallfors å representere venstreorientert ideologi. Såleis er det interessant at den meir generelle konfliktindeksen basert på opplevd samfunnskonflikt for Noreg også samvarierer med fordelingspolitikk, om enn i mindre grad, og spesielt at effekten ikkje gjeld ufaglærde i manuelle yrke. Funnet kan tyde på at samfunnspersepsjon er knytt til ideologisk mobilisering, eller snarare dei ufaglærde arbeidarane sin *manglande* mobilisering i Noreg.

To av dei nye indeksane frå kapittel 4 og 5, ulikskapskriterium og opplevd sjanselikskap, ser derimot ut til å ha ein særeigen samanheng for ufaglærde arbeidarar. For denne gruppa er det med andre ord ein samanheng mellom kor stor vekt ein legg på lønnsdifferensiering og kriterie- eller insentivstyrt lønsfastsetjing, og korleis ein opplever moglegheitene for å kome seg fram i arbeidslivet. Desse haldningsmønstra kan knytast meir direkte til deira marknadssituasjon enn til ideologi, noko ein kan forstå i lys av det Waltzer (1983) kallar ”simple equality”, i motsetning til ”complex equality” der også prinsipiell kritikk mot økonomisk makttilhøve inngår i komplekset. Avsluttingsvis ser ein i dette kapittelet at både samansetningen og styrken i korrelasjonsmatrisa viser at tilsette i ufaglærde manuelle yrke har

[128] Med atterhald om at den norske haldningskomplekset i tabell 2.4 består av litt andre indeksar enn Svallfors’ (2006).

svakare haldningsintegrasjon. Heile samplinga utgjer ein mellomposisjon, og dei i høgare kontrollyrke har sterkast haldningsintegrasjon – korrelasjonar som indikerer complex equality. I tråd med hypotesen varierer også haldningar til private velferdskjøp klassehierarkisk, saman med indeksen for fordelingspolitikk utgjer det ein kjernedimensjon i klassehaldningar.

# 7 Avslutning: Klasseskilnader i haldningar til sosial ulikskap

Dei generelle problemstillingane reist innleiingsvis var (1) kva betyding klasse har for haldningar til sosial ulikskap i Noreg anno 2009, (2) kan desse haldningane kan forklarast med utganspunkt i klassespesifikke interesser og normer, og (3) kva samanhengen mellom klasse og haldningar til ulikskap kan seie om det norske samfunnet. Ved å nytte Svallfors (2006, kap. 4) sin analytiske framgansmåte og Goldthorpe-klassar på norske surveydata, har vi gjennom dei ulike kapitla sett korleis det reiser fleire teoretiske, metodiske, så vel som analytiske problemstillingar. I dette avslutningskapittelet vil eg først samanfatte dei viktigaste funna frå analysane. Deretter konkluderer eg med hypotesen til Svallfors som presentert i kapittel 2, der eg ser funna i delanalysane i samband med skilja i haldningsintegrasjon. Til slutt vil eg drøfte teoretiske implikasjonar av studien, der eg samanfattar fleire teoriske og metodiske problemstillingar, før eg avsluttar med forslag til vidare forsking.

## 7.1 Hovudfunn

***Klasse er sterkare knytt til normative haldningar, spesielt fordelingspolitikk***

Samla sett kan ein konkludere med at klasse har betyding for haldningar til ulikskap i Noreg, der støtte og motstand på haldningsindeksane i hovudsak følgjer EGP-skjemaet sitt klassehierarki. Samanliknar ein kapittel fire, fem og seks varierer derimot betydinga av klasse i stor grad mellom *ulike haldningstypar*. Dette funnet støttar validiteten til Svallfors' analytiske utganspunkt: hans definisjon av *social attitudes*, som er knytt til konkrete objekt og konkrete spørsmål om korleis samfunnet *bør* vere. Normative haldningar er sterkare korrelert med yrkesklassar, samanlikna med spørsmål om korleis ein opplever og/eller meiner samfunnet *er*.

***Betydinga av klasse varierer etter kva metodiske kriterium ein legg til grunn***

Legg ein vekt på forklart varians, kjem funnet ovanfor til uttrykk ved at haldningar til fordelingspolitikk og deretter ulikskapskriterium ved lønnsfastsetjing i størst grad er forklart av klasse, fylgd av haldningar til privat velferd. Klasseeffekten på legitime lønnsskilnader, og dei tilhøyrande indeksane for topplønn, høglønn, og låglønn er fråverande, og som drøfta i kapittel tre og fire er føresetnadene for lineær regresjon ikkje innfridd. Det kan vere så enkelt som at det er ubetydelege skilje i Noreg når det kjem til kva ein meiner det avgrensa utvalet av yrke bør få i lønn. Betydinga av denne nullhypotesen er derimot mindre sikker: For det første kan det skuldast endringar gjort i det nye datasettet, der det er færre yrke enn det

Svallfors nyttar. For det andre kan det skuldast at Svallfors nyttar medianverdiane til EGP-klassane i sine figurar, og ser bort frå grunnføresetnadene ein stiller til bivariat regresjon. Desse skilnadene i metodiske kriterium kan for det tredje vere grunngjeve i hans komparative studiedesign, der samanlikningane av klassemønster vert hevda å ha ein overordna verdi, og gje informasjon om institusjonelle effektar.

Som diskutert i kapittel tre kan framgansmåten vere problematisk, då fleire av analysane viste at figurane kan overdrive betydinga av klasse, sidan fordelinga på haldningsskalaene (mellom 0-100) oftast er klassehierarkiske for alle dei seks yrkesklassane, uavhengig av at EGP-skjemaet har låg forklaringskraft (1-4 prosent). At det berre finst tre signifikante klasseffektar, eller når den *substansielle* signifikansen er låg, det vil seie at standardfeila sin størrelse på dei uavhengige variablane (EGP-klassar) gjer differansen (klasseskilje) mellom koeffisientane på den avhengige variabelen (støtte til ei haldning) mindre sikker, og i nokre tilfelle ubetydelege. Den største metodiske innvendinga bør derimot rettast mot bruken av avhengige variablar. Der er lite informasjon om reliabilitetsmål (Chronbachs Alpha), og det kjem fram at konfliktindeksen har låg reliabilitet i samtlege land (Sjå fotnote 6 i Svallfors 2006:196), og i tillegg vert det antyda at insentiv-indeksen har verdiar ned mot 0,65 i enkelte land. Både verdien av figurane (s.66-67), og korrelasjonsmatrisa (s.72), kan samla sett difor vere svekka. Vidare reiser det spørsmål om validiteten til konklusjonane som vert trekt, der *conflict* ser ut til å vere sterkast korrelert med *redistribution*: Samtidig er haldningane oppfatta ulikt i Sverige og USA, noko som òg vil føre til at *betydinga* av klasseskilja i  haldningsintegrasjon, spesielt spørsmålet om *ideologisk* integrasjon, vert diffus.

***Klasseskilja har størst betyding i polane - mellom topp og botn i klassehierarkiet***

Klasseskilja i haldningar til sosial ulikskap kom i hovudsak fram i differansen mellom tilsette i ufaglærde i manuelle yrke nedst i klassehierarkiet, og tilsette i øvre- og nedre kontrollyrke øvst. At ein aldri oppnådde seks signifikante klasseskilje i modellane, kan tyde på at det er små klasseskilnader i haldningar. På den andre sida reiser seg det metodiske problemstillingar knytt til reliabiliteten til EGP-skjemaet, der dei mellomliggjande klassane (middelklassen) sjeldan hadde nokon betyding, noko som mellom anna kan vere relatert til at kategorien med sjølvstendige næringsdrivande var heterogen.[129] Yrkesklassen med ufaglærde i manuelle yrke

[129] Sjå vedlegg 1.

var i tillegg prega av få einingar.[130] Og ein kan spørje om delar av resultata ovanfor også speglar utfordringar knytt til validitet, då delar av modellen ikkje passar til den norske yrkesstrukturen anno 2009, sjølv etter revisjonen til Ganzeboom & Treiman (1996).

***Utdanningsskilje har større betyding kontrollert for EGP-klassar i multivariat regresjon***

Klasseeffekten på opplevd sjanselikskap og konflikt er svært låg, og ikkje signifikant når ein kontrollerer for andre bakgrunnsvariablar[131]: Spesielt utdanning, dvs. lågt utdanningsnivå, har ein negativ effekt på opplevd sjanselikskap, og er også assosiert med aukande oppleving av konflikt i samfunnet. Aukande verdiar på konfliktindeksen er i tillegg knytt til det å stå *utanfor* yrkeslivet for trygda og arbeidsuføre, og minskande konflikt for alders- og førtidspensjonistar. Om lag dei same effektane gjeld haldningar til privat velferdskjøp, der gruppene med lågare utdanning er meir skeptiske til privat velferd.[132] Sjølv CASMIN-prosjektet forsøkte å ta omsyn til utdanning i operasjonaliseringa av EGP-skjemaet, kan effekten av utdanning her byggje opp under kritikken mot Goldthorpe-klassar, gitt at utdanning betre forklarer skilja på arbeidsmarknaden.

På den andre sida kan ein hevde at sosial ulikskap har fleire dimensjonar, og at skilja som vert danna i utdanningssystemet har ein eigen betyding, i form av attestar, og rettsleg stadfesta, legitim kunnskap (Grusky & Ku 2008:5). I ein kultur som gir utdanningskvalifikasjonar legitimitet, er utdanning ein ressurs (kapital) *i seg sjølv* (Grusky & Ku 2008: 27, sjå òg Bourdieu 1995, Bourdieu & Wacquant 1995). Teoriar om *human kapital* vurderer på si side utdanning som eit investeringsobjekt (Becker i Grusky & Ku 2008:27).

***Ufaglærde arbeidarar har svakare haldningsintegrasjon og høgare kontrollyrke sterkast***

I korrelasjonsanalysen av haldningsindeksane såg ein likevel at det var betydelege klasseskilje i haldningsintegrasjon i Noreg. Til liks med Svallfors (2006:73) sine funn for både USA og Sverige har ufaglærde arbeidarar ein svak haldningsintegrasjon samanlikna med befolkninga elles, medan klassen øvst i hierarkiet (høgare kontrollyrke, serviceklassen) har ein sterkare haldningsintegrasjon. Når høgare kontrollyrke sine haldningar til marknadsulikskap korrelerer

[130] Få respondentar kan føre til statistisk skeivfordelingar og usikre estimat.

[131] Bortsett frå ein liten effekt av "ufaglærde i manuelle yrke" i tabell 5.6v, modell V på 4.0*, der den forklarte variansen auka frå 7,6 til 8 prosent mellom blokk IV-V.

[132] Først og framst "Grunnskule" som høgste utdanning, deretter "VGS:Yrkesfag "og "VGS:Allmennfag/studieforberedende".

med det vi kan kalle samfunnspersepsjonar (konflikt og sjanselikskap) indikerer det ei prinsipiell tilnærming, det Waltzer (1983) kallar "complex equality" som gjer det rimeleg å snakke om *ideologisk integrasjon*. Ser ein dei ufaglærde arbeidarane sin svake ideologiske integrasjon i lys av dei stegvise hypotesetestingane basert på OED-modellen i kapittel fem og seks, med *multivariat* blokkregresjon, kan det vere rimeleg å framheve utdanningsskilje som mogeleg forklaring. Det analytiske perspektivet gir derimot ikkje noko godt grunnlag for å forklare indirekte effektar. Som både Evans (1999), Svallfors (2006) og Goldthorpe (2012) hevdar; kjem konsekvensane av klasseskilja til syne på eit bivariat nivå, og viser seg til liks med Sverige (i 1999) å vere spesielt forankra i haldningar til fordelingspolitikk og privat velferd. Klasse er slik sett forankra i kjerneelement i den norske velferdsstaten, då dei omfattar prinsipp for omfordeling og finansiering av institusjonar.

### 7.2 Klasseskilje i haldningar til sosial ulikskap – ein klassedelt moraløkonomi

Kva betyding har eigentleg klasse og haldningar til ulikskap, og kva seier tilhøve om den moralske forankringa til institusjonane i Noreg? Hernes (1975:286) hevda at ulike institusjonar og aktørar i systemet har ulike ideologiar, og tolkar målsetjinga om sosial likskap ulikt. Dette kan skuldast uklåre likskapsomgrep, som må gjerast eksplisitte for å fremje sine fordelingsverknader. Haldningane til ulikskap på både aktør- og samfunnsnivå kan slik sett påverke kva tiltak ein vel å setje inn for å imøtegå, arbeide mot, eller oppnå eit mål. Som Svällfors (2006) hevda er ein tanke som forblir fragmentert eit dårlig utgangspunkt for handling. I lys av klasseskilja i haldningsintegrasjon kan ein hevde haldningar til ulikskap peikar på juridiske spørsmål om demokrati og rettar til innflytelse og livsutfolding, og til moralske spørsmål om kva som er rett og godt i menneska sine kvardagsliv. Dette er samtidig knytt til skilje mellom universalisme eller individualisme som grunnleggjande organiseringsprinsipp for velferdsinstitusjonane, og tyngdepunktet og balansen mellom desse ulike dimensjonane.

Ser ein på klasse*mønstra* presentert i figurane er skilnaden langs klassehierarkiet desidert størst på indeksen for fordelingspolitikk. I Svallfors (2006:62) sin komparative figur, er òg differansen størst i Sverige og Tyskland, og minst i USA og Storbritannia (i 1999). Som konkludert med i kapittel 4.3 og 6.3 ser samanhengen mellom institusjonar og

klassemobiliserte haldningar i grove trekk ut til å gjelde for Noreg også.[133] Ein meir sikker konklusjon vil derimot trenge eit større datagrunnlag. Det treng ein også for å svare på spørsmålet om rekommodifisering - at meir marknad paradoksalt nok fører til at samanhengen mellom klasse og haldningar til marknadsfordeling vert svekka, og spørsmålet om sosial ulikskap vert avpolitisert og naturalisert.

### 7.3 Teoretiske og samfunnsmessige implikasjonar

***Klasseperspektiv, klasseomgrep og haldningar til ulikskap – veikskapar i studien***

Ein kan spørje om analysane av haldningstypane i kapittel fem kan trenge, og legg opp til, eit meir *gemeinschaftlich*-orientert klasseperspektiv (Thompson 1963), i og med at indeksane kan implisere ein premiss om både klassedelte skjebnar og klassedelte samfunnspersepsjonar. Ei kopling er slik sett avhengig av klassemedvit, som kort sagt vert eit spørsmål om *sosial* klasse like mykje som *økonomisk* klasse. Med utganspunkt i Scott sin klassedefinisjon, som Svallfors (2006:12) hevdar siktar på ein slags mellomposisjon mellom minimalistiske klasseomgrep (yrkesrelasjonar) og det kollektivistiske og kulturrelaterte klasseomgrepet, viser kapittel fem at det minimalistiske yrkesaggregat-perspektivet ikkje kan strekkjast så langt som ein weberiansk klassedefinisjon i teorien kan opne for. Sjølv om ein held seg til ein weberiansk konseptualisering, så kan spørsmål om klassar sine *opplevingar* av samfunnet, sjølv om dei er indirekte relatert til det Svallfors meiner må vere *objektive* interesser, skilje seg frå både det rational choice-perspektivet som ligg til grunn for analyser med Goldthorpe-skjemaet, og frå Svallfors sine premiss for eit klasse-haldning-nexus.[134] Med andre ord kan ein med Scotts' klassedefinisjon ha overskride fundamentet for ein klasse-haldning-studie, utover dei heuristiske avgrensingane til Goldthorpe-klassar, og det dei kan (og til dels er konstruert til å) forklare, nemleg sosial mobilitet. Som Marshall (1988:202-7) hevda: "yesterday's communitarian, homogeneous, solidaristic classes seem to be more a product of fanciful conceptions than of any real social relations".[135] Ifølgje Svallfors er det omlag umogeleg å finne spor etter såkalla sterke "class communes", noko som for enkelte har blitt

